

Stad kommune

Årsrapport 2025

Vedteke i kommunestyret 7. mai 2026 – sak 26/038


Revisjonsmelding og rekneskap frå side 67

Slik les du rapporten

Gjennom tal, bilde og tekst vil vi presentere årsrapporten 2025 for Stad kommune digitalt. Denne rettleiinga hjelp deg å finne fram i dei ulike delane av dokumentet.

1: Meny

Menyknappen viser innhaldslista med oversikt over innhaldet i årsrapporten. Ved å trykkje på lenkene kjem ein direkte til vald kapittel. Menyen inneheld fyrst ei oversikt over kapitla som er felles for Stad kommune, deretter kjem det ein lenkje til årsmeldinga frå kvart kommunalområde.



2: Søkefelt

Du kan bruke søkefeltet til å søke etter aktuelle ord eller tema.




3: Tilbake til framsida

Klikk for å kome tilbake til framsida.



4: Grafikk og nøkkeltal

Her finn du grafisk framstilling av driftsrekneskapen og du kan sjå fordeling av utgifter og inntekter på kommunalområda.



5: Lenkjer

Her finn du lenkjer til nettsider med ytterlegare informasjon om Stad kommune.

Lenkjer	
Stad kommunes si heimeside	↗
Hjartestad	↗
Kommunefakta SSB	↗
Telemarksforskning regional analyse - Stad kommune	↗

6: Sentrale kapittel

Her er kapittel som er felles for Stad kommune.

Sentrale kapittel

Slik les du rapporten	→
Innleiing	→
Føreord	→
Organisering og styring	→
Menneskelege ressursar	→
Oppfølging av planar	→

Utvid for fleire sentrale kapitler ⌵

7: Oversikt over kommunalområda

Her er årsmelding frå kvart kommunalområde.

Oversikt over kommunalområda

Sentraladministrasjon	→
Oppvekst og opplæring	→
Helse og omsorg	→
Kultur og samfunn	→

8: Underkapittel/innhald på denne sida

Kapitla er oppdelt i underkapittel. Til dømes er kapittelet Menneskelege ressursar delt opp i Medarbeidarar, heiltid og deltid, osv. For å gå direkte til Heiltid og deltid kan du klikke på bokmerket frå innhaldsfortegnelsen til venstre på sida.



← Tilbake til framside

Sentrale kapittel:
Menneskelege ressursar

Innhald på denne sida:

Medarbeidar

Årsverk

Likestilling og mangfald

Innleiing

Stad kommune sitt økonomireglement stiller følgjande krav til rapportering i kap. 6.1:
«I løpet av året skal kommunestyret handsame følgjande rekneskapsrapportar:

- Rapport pr. 30. april
- Rapport pr. 31. august
- Årsrekneskapen skal handsamast innan 1. juli

I rekneskapsrapportane skal det framgå om drifta er innanfor dei vedtekne budsjetttrammer. Dersom det ikkje er tilfelle, må det setjast i verk tiltak for å oppretthalde budsjettbalansen, jf. økonomireglementet kap. 2.3».

Rapporteringsverktøy

Stad kommune nyttar Framsikt som rapporteringsverktøy. Framsikt er eit programvaresystem som gir effektiv støtte for styring gjennom heile årshjulet for alle einingane i den kommunale drifta. Framsikt er eit oversiktleg verkty for analyse, planlegging, budsjettering, rapportering og verksemdstyring.

I rapporteringsmodulen inngår månadsrapportering for einingane innafor sine rammeområde og tertialrapportering og årsrapport frå kommunedirektør til kommunestyret. Tertial- og årsrapporten er tilgjengeleg i ei elektronisk/digital nettutgåve. Rapport over investeringsprosjekta inngår i tertial- og årsrapport.

Føreord

Stad kommune har lagt bak seg eit svært krevjande økonomisk og driftsmessig år som Robek-kommune, der omstilling, driftsmessige endringar og nedbemanning har hatt eit svært stort fokus både for kommunen som organisasjon og som samfunn. Det er difor svært gledeleg at rekneskapen for Stad kommune for 2025 viser eit positivt netto driftsresultat på kr 16,1 mill. Dette er 1,2 % av brutto driftsinntekter. Landsgjennomsnittet for kommunane har eit netto driftsresultat på kring 2,2 % for 2025. Kommunen har god likviditet ved at ein har disposisjonsfond og investeringsfond på til saman kr 264,5 mill. Dette, saman med anna likviditet, har gjeve ei samla finansinntekt på kr 25,3 mill som har gått direkte til dekning av kommunen si tenesteyting. Utan denne inntekta ville netto driftsresultat vore på minus kr 9,2 mill.

Program for berekraftig økonomi, nedbemanning og innsparing

Stad kommune sin økonomiplan for 2025 – 2028 vart vedteken i ubalanse, og Stad kommune vart som følgje av dette meldt inn i Robek-registeret i februar 2025. Driftsbudsjettet for 2025 vart vedteke med eit netto driftsresultat på minus 7,1 %, og balansert i null med bruk av disposisjonsfond på kr 85,1 mill.

I same budsjettvedtak vedtok Stad kommunestyre å starte opp Program for berekraftig økonomi 2025 - 2028, med målsetting om å arbeide fram ein ny økonomiplan i balanse og med mål om å arbeide kontinuerleg gjennom heile 2025 med å avdekke innsparingstiltak som kunne avgrense bruken av disposisjonsfond i 2025.

Etter økonomi- og tenesterapport per 30. april 2025 låg driftsresultatet samla sett om lag som budsjett, med forventa bruk av løyvde midlar for å saldere drifta. Vi såg også at den stigande trenden med auken i tal årsverk heldt fram inn i 2025. Stad kommune sin økonomisk situasjon var i denne perioden svært alvorleg, og både politisk og administrativt nivå såg raskt at det måtte setjast i verk fleire nye grep, som

kunne vere kraftfulle nok til å stogge den negative økonomiske utviklinga for kommunen. Kort tid etter vart det varsla store innstrammingar i tilsettingar, vikarbruk, overtidbruk, tenestereiser og kurs og kjøp av varer og tenester.

Stad kommune hadde ikkje tidlegare erfaringar å byggje på i høve til forventa effekt av dei nemnde innstrammingane, men i heile siste halvår 2025 såg vi ein tydeleg nedgang i tal årsverk. I opphavleg vedteke budsjett for 2025 låg det inne 868,5 årsverk. I desember 2025 vedtok kommunestyret ein reduksjon i kommunalområda sine lønsbudsjett på kr 44,0 mill. Ved årsslutt har kommunen i tillegg eit mindreforbruk på løn på kr 5,7 mill i høve revidert budsjett. Den samla innsparinga på kr 49,7 mill løn i høve opphavleg budsjett kjem hovudsakleg på grunn av lågare tal faktiske årsverk. I tillegg er det i ein del stillingar tilsett personell med lågare utdanning enn budsjetttert kvalifikasjon. Også dette bidreg til mindreforbruket.

Også innkjøpsstopp og strenge restriksjonar for gjennomføring av kurs og andre tenestereiser har hatt økonomisk effekt innanfor alle kommunalområda. Dette hadde vi heller ikkje noko erfaring med frå tidlegare år, og det har heile tida vore vanskeleg å ta inn budsjettendringar på mindreforbruk som ein ikkje var sikker på ville kome før alle fakturaer for 2025 var mottekne. Dette har også ført til at ein del av budsjettavvika i 2025 er blitt større enn dei tilsvarande ville vore ved eit «normalår». I årsrapporten for 2025 er det eit eige kapittel «Avviksanalyse» som omtalar dei største postane knytt til dette. Dette finn ein under kapittelet Økonomisk status og utvikling.

Av meirinntekter som har bidrege til eit positivt driftsresultat for kommunen, kan Stad kommune også vise til svært mange (øyremerka) tilskot. Særleg innan helse og omsorg. At tilskota er øyremerka, betyr at dei ikkje kan nyttast som ei inntekt i driftsrekneskapen før ein kan dokumentere tilsvarande utgift. Slik sett veit ein ikkje kva denne inntekta blir før ved slutten av rekneskapsåret. Difor er mange av disse inntektene ikkje med i kommunen sitt budsjett, men kjem som ei ekstra inntekt som kan bidra til eit betre resultat enn budsjetttert. Stad kommune har pr. 31.12.2025 kr 33,4 mill avsett til bundne driftsfond, fordelt på 110 forskjellige prosjekt, som igjen er fordelt innafor alle kommunalområda. Tala fortel oss at Stad kommune har klart å prioritere og fullføre viktige utviklingsprosjekt knytt til tenesteyting også i ei tid med lågare bemanning og i omstilling. Dette krev både godt leiarskap og fagleg dyktige tilsette, og det står stor respekt av denne innsatsen til dei tilsette.

Kommunestyret gjorde i sak 25/137 i september 2025 vedtak om innsparingar i kommunalområda sine budsjetttrammer for alle åra i planperioden 2026-2029. Trass store innsparingar, er det budsjetttert med bruk av disposisjonsfond fram mot økonomisk balanse i åra 2028 og 2029. Det betyr at arbeidet med å ta ned kommunen sine driftsutgiftene må halde fram med full styrke. Tiltaka rundt innstramming i bemanning, reiser, kjøp av tenester med vidare vil bli vidareført, og ein må følgje den økonomiske utviklinga tett.

Ros-analyse og omstillingsavtale

Stad kommune sine endrings- og omstillingsprosessar er styrt av både lov, avtaleverk og omstillingsdokument. Stad kommune oppdaterte i 2025 omstillingsdokumentet, og den ansvars- og rolledelinga som er beskrive der er viktig for å sikre føreseielege endrings- og omstillingsprosessar. Dei fastlagde møtepunkta som har vore gjennom heile 2025 mellom øvste administrative leiing, dei hovudtillitsvalde og hovudverneombod har vore viktige arena for drøfting, forankring og informasjonsutveksling i ei urolig tid, der ein måtte ta i bruk nye verkemiddel for å stogge ei alvorleg, negativ økonomisk utvikling.

Eit felles og viktig verkemiddel for dialog og samhandling mellom kommunestyret, kommunedirektør, hovudtillitsvalde og hovudverneombod gjennom 2025 var den overordna ros-analysen for

omstillingsarbeidet. ROS-analysen som fellesdokument er nytta både i HTV/HVO-møte og i ADMU, har elles bli tematisert i politiske møte for å diskutere kritiske faktorar og tiltak undervegs i omstillingsprosessen.

Tiltaksplan og ny samfunnsdel


Då Stad kommune vart meldt inn i Robek-registeret oppstod det samstundes etter kommunelova ei plikt til å fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien blir brakt i balanse. Stad kommunestyre fekk i løpet av 2025 utarbeidd ein tiltaksplan som viser korleis kommunen skal arbeide i åra framover for å sikre ein berekraftig økonomi og gjennom denne ei berekraftig tenesteyting til innbyggjarane. Parallelt med arbeidet med tiltaksplanen, har kommunestyret arbeidd med ein revidert og oppdatert samfunnsdel.

Samfunnsdelen er kommunen sitt strategiske verktøy for heilskapleg planlegging, og den peikar ut dei langsiktige utfordringane, måla og strategiane for kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen og tiltaksplanen vert to av dei viktigaste styringsdokumenta framover, som i fellesskap skal bidra til balanse i kommuneøkonomien og hindre at Stad kommune på ny blir meldt inn i Robek-registeret. Stad kommune må også som følgje av demografiske endringar, auka etterspurnad av tenester frå den yngre brukargruppa og ein stadig vanskelegare rekrutteringssituasjon halde fram med å omstille seg til ei ny tid.

Organisering og styring

Politisk organisering

Kommunestyret er det øvste politiske styringsorganet i kommunen, og består av 31 medlemmar. Det er kommunestyret som fattar vedtak på vegne av kommunen om ikkje anna følgjer av lov eller delegering. Kommunestyret har det øvste tilsynet av den kommunale forvaltninga, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd.



Figur: Politisk organisering i Stad kommune

Stad kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen, som betyr at formannskapet vert valt av kommunestyret etter partia sin representasjon i kommunestyret.

Formannskapet består av 9 medlemmar. Kommunestyret har i tillegg oppretta tre utval som har fått delegert ansvar etter visse særlover. Utvala har avgjerdsmynde innanfor sine ansvarsområde. Ansvarsområda for formannskapet og utvala går fram av delegeringsreglementet til Stad kommune.


Både formannskap og utval har innanfor sine ansvarsområde innstillingsrett til kommunestyret. Utvala kan også uttale seg i andre saker, der vil innstillinga gå til formannskapet.

Råda i Stad kommune er partipolitiske uavhengige rådgjevande organ som skal fremje respektive synspunkt ovanfor lokalpolitikarane og arbeide for at Stad kommune skal bli ei god kommune å bu i for dei respektive gruppene. Stad kommunestyre har valt tre råd som alle har ein formell plass i den politiske strukturen; Ungdomsrådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet. Stad kommune har også eit nært og formalisert samarbeid med idretten gjennom etableringa av Stad Idrettsråd.

Stad kommune har også eit kontrollutval, som er kommunestyret sitt eige kontroll- og tilsynsorgan og skal sjå til at kommunen leverer sine tenester på ein effektiv og målretta måte i tråd med lov, forskrifter, statlege føringar og i tråd med kommunestyret sine vedtak.

Administrativ organisering

Stad kommune er administrativt organisert etter tonivåmodellen, med to formelle avgjerdsnivå; kommunedirektør og einingsleiarane. [Organisasjonskart](#) per 31.12.2025:



Kommunedirektøren er kommunen sin øvste leiar og har dermed personalansvar og ansvar for saksutgreiingar for folkevalte organ og iverksetjing av politiske vedtak. Nærare skildring av kva som er delegert til kommunedirektøren er å finne i delegeringsreglementet til Stad kommune.

Kommunedirektøren si toppleiargruppe er sett saman av kommunalsjefane og stabsleiarane. Kommunalsjefane har det overordna ansvaret for sine kommunalområde, medan einingsleiarane er ansvarlege for sine verksemdar innanfor rammene av dei fullmaktene som er delegerte frå kommunedirektøren. Dette inneber at einingsleiarane har mynde til å sikre einingane si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske forhold.

Den hierarkiske organiseringa av kommunen gjev høve til å spesialisere arbeidsoppgåver, og gjev grunnlag for å bli gode på det vi gjer slik at vi klarar å levere tenester effektivt. For å kunne levere heilskaplege tenester har vi i tillegg behov for å løyse oppgåver på tvers, dette inneber at vi tar ansvar for dei store utfordringane på tvers av hierarkiske inndelingar av organisasjonen. Dersom vi skal realisere strategiane våre, så må vi tenke nytt om korleis vi skal lukkast med samordning og samarbeid internt i organisasjonen og ikkje minst i møte med innbyggjarane og næringslivet.

Organisasjonsstrukturen for Stad kommune er oppretta med det føremål å bidra til tverrfagleg samarbeid, og særleg stabsavdelingane har roller som intern koordinator for ulike former for organisatoriske samarbeid, levere felles rapporterings- og styringssystem og yte den støtte som kommunalområda treng for å oppfylle både overordna og eigne målsettingar innanfor gitte område. Fellesressursane for Stad kommune er av den grunn samla i stab- og støttetjenestene, og ein finn i svært liten grad administrative ressursar ute i einingane. Forplikande samarbeidsavtalar, prosjektarbeid, faste forum, arbeidsgrupper og team er arbeidsmåtar som bidreg til å løyse sektorovergripande oppgåver og utnytte kompetanse på tvers.

Menneskelege ressursar

Medarbeidarar

Kompetansen til medarbeidarane i Stad kommune er den viktigaste ressursen kommunen har på alle nivå og innanfor alle tenester. Kvar dag - året rundt er medarbeidarar i Stad kommune på jobb for at vi alle skal ha ein god og trygg stad å bu. Det er dei tilsette som gjer at kommunen kan yte tenester av høg kvalitet kvar dag. Samstundes vert kommunen utsett for stadig større konkurranse om tilgjengeleg arbeidskraft. Skal vi legge til rette for vekst i folketalet og sikre at kommunane og næringslivet elles har nødvendig arbeidskraft, må vi satse på dei som bur her, samstundes som vi må tiltrekke oss nye. For å skaffe oss kvalifisert personell må kommunen vere ein attraktiv arbeidsplass og legge til rette for vidareutvikling og kompetanseheving, god leiing, inkluderande arbeidsliv, godt arbeidsmiljø, heiltid og likestilling.

Årsverk

	Årsverk opprinneleg budsjett 2025	Faktiske årsverk 2025
Org.eining	Total	Total
Sentraladministrasjon	51,21	50,18
Oppvekst og opplæring	315,10	320,88
Helse og omsorg	434,39	418,80
Kultur og samfunn	99,84	93,56
Total	900,54	883,42

“Faktiske årsverk” i tabellen syner gjennomsnittet for året. I 2024 var tal årsverk stigande utover i året, noko som også fortsette dei fyrste månadane i 2025. Våren/sommaren 2025 blei det innført tilsetjingsstopp. Dette førte til at tal årsverk fekk ein nedgang gjennom siste halvår 2025. Gjennomsnitt årsverk i 2024 var 806,8. For 2025 blei gjennomsnittet 814,2. Ved års-slutt hadde kommunen 804,0 årsverk. I opphavleg vedteke budsjett for 2025 låg det inne 868,5 årsverk. På grunn av tilsetjingsstopp og problem med å få tak i kvalifisert arbeidskraft innafor enkelt fagområde, blei verkeleg tal årsverk 54,3 lågare enn opphavleg budsjett for 2025. I desember 2025 vedtok kommunestyret ein reduksjon i kommunalområda sine lønsbudsjett på kr 44,0 mill. Ved års-slutt har kommunen i tillegg eit mindreforbruk på løn på kr 5,7 mill i høve revidert budsjett. Den samla innsparinga på løn i høve

opphavleg budsjett kjem hovudsakleg på grunn av lågare tal faktiske årsverk. I tillegg er det i ein del stillingar tilsett personell med lågare utdanning enn budsjettert kvalifikasjon. Også dette bidreg til mindreforbruket.

Tal årsverk inneheld både faste og mellombelse stillingar. Vikarar er ikkje teke med i tala. Desse inngår ikkje i budsjetterte årsverk fordi dei ikkje har budsjetteffekt. Desse vert dekkja av refusjonar knytte til den tilsette dei er vikar for (langtidssjukemelde og fødselspermisjonar). I tillegg er det slik at enkelte mellombelse stillingar vert finansiert av eksterne midlar der inntekta ikkje er med i budsjettet (refusjonar frå andre, tilskotsmidlar osv). Dette gir igjen meirinntekt til kommunen i høve budsjett.

Gjennomsnittleg stillingsprosent

Gjennomsnittsprosenten i 2025 var 92,71 % for kvinner og 73,77 % for menn.

Oversyn over gjennomsnittleg stillingsprosent - kommunalområda 2025:

	Tal tilsette	Årsverk totalt	Gjennomsnittleg stillingsprosent kvinner	Gjennomsnittleg stillingsprosent menn
Sentraladministrasjonen	60*	50,18	82,77 %	89,21
Oppvekst og opplæring	390	320,88	94,53 %	98,22 %
Helse og omsorg	630	418,8	92,26 %	63,15 %
Kultur og samfunn	162	93,56	74,62 %	61,36 %
Total	1221	883,42	92,71 %	73,77 %

*Sentraladministrasjonen: Området omfattar også politisk styring med ordførar (1,0 årsverk) og varaordførar (0,4 årsverk).

Blant årsverka i stabseiningane er også inkludert Stad Eigedomsutvikling KF (1 årsverk i økonomi), frikjøp tillitsvalde og hovudverneombod (3,2 årsverk i personal og kommunikasjon), 2 årsverk IKT Nordfjord og eitt årsverk knytt til Fjordane interkommunale råd (3 årsverk strategi og samordning).

Måлтаlet om at tilsette arbeider gjennomsnittleg 85 % stilling er oppnådd for kvinnene i Stad kommune, men ikkje for mennene. I Kultur og samfunn har tilsette lågast gjennomsnittleg stillingsprosent, medan det tilsette i Oppvekst og opplæring har høgast gjennomsnittlege stillingsprosent.

Gjennomsnittleg stillingsprosent - utvalde stillingskodar:

	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn	Gjennomsnittleg stillingsprosent kvinner	Gjennomsnittleg stillingsprosent menn
Reinholdarar	25	23	2	80,46 %	100 %
Ped.leiar	39	38	1	84,38 %	-
Barnehagelærar	27	26	1	87,37	-

	Tal tilsette	Tal tilsette kvinner	Tal tilsette menn	Gjennomsnittleg stillingsprosent kvinner	Gjennomsnittleg stillingsprosent menn
Adjunkt med tilleggsutdanning	85	68	17	94,71 %	94,71 %
Sjukepleiar	69	67	2	85,64 %	100 %
Spesialsjuke-pleiar	14	13	1	91,71	-
Helsesjukepleiar	8	8	-	97,28 %	-
Vernepleiar	22	16	6	86,04 %	100 %
Miljøterapeut	73	55	18	100,0 %	97,26 %
Helsefagarbeidar	140	131	9	87,38 %	90,99 %
Fagarbeidar utan særaldersgrense	116	87	29	89,71%	97,73 %
Assistent	177	139	38	74,13 %	62,47 %

Gjennomsnittleg stillingsprosent er rekna ut frå arbeidde timar og ikkje kva som går fram av arbeidsavtalen (inkluderer meirtid og overtid). Lågast gjennomsnittleg stillingsprosent har assistentane medan dei med høgast gjennomsnittlege stillingsprosent er miljøterapeutane. Målkravet er nådd for alle stillingsgruppene med unntak av reinhaldarane og assistentane.

Likestilling og mangfald

Fast stilling med trygge arbeidsvilkår

Stad kommune har som målsetjing om at minst 75% av dei tilsette arbeider heiltid og at minst 90 % av dei tilsette har fast tilsetjingsforhold. I tillegg har vi mål om at gjennomsnittsprosenten for våre tilsette skal vere 85 % og at 25 % av våre tilsette er menn.

Tal tilsette i 2025 var 1221, der 1068 av desse var fast tilsette (781,80 årsverk). Vi hadde 179 vikarar (69,22 årsverk) og 81 mellombels tilsette (32,40 årsverk). 87,46 % av dei tilsette har fast tilsetjingsforhold. I talet for mellombels tilsette ligg også lærlingar og utdanningsstillingar som er i utdanningspraksis. Vi hadde 38 lærlingar i 2025 og 12 utdanningsstillingar, samla 50 stillingar. Om vi tek ut denne gruppa, så har 91,20 % fast tilsetjingsforhold i kommunen.

Oversyn over faste og mellombels stillingar 2025:

	Totalt	Faste stillingar	Mellombels engasjement	Vikariat
Sentraladministrasjonen	60	50	8	2
Oppvekst og opplæring	390	334	9	96

	Totalt	Faste stillingar	Mellombels engasjement	Vikariat
Helse og omsorg	629	552	51	68
Kultur og samfunn	162	144	13	13
Stad kommune	1221	1068	81	179

Vi hadde totalt 260 mellombelse arbeidsavtaler. Av desse var 201 kvinner og 57 menn (to tilsette har både mellombels engasjement og vikariat).

Kjønnsfordeling

I 2025 arbeidde det 955 kvinner i Stad kommune og 266 menn. 511 av 1221 faste og mellombelse tilsette arbeidde deltid, der 405 var kvinner og 106 menn. Deltida utgjør 41,85 %, heiltid 58,15 %. Vi har ikkje nådd måltalet om at 75 % av våre tilsette skal arbeide heiltid. Inkludert i deltid menn er for eksempel deltidskorpset innan Brann, redning og førebygging. Nærare gjennomgang av kjønnsfordeling og deltid vert informert nærare om i Likestillingsutgreiinga for 2025 som vert lagt fram som eiga politisk sak.

Oversyn over kjønnsdeling mellombelse stillingar og deltid:

Kjønnsfordeling		Mellombels tilsette		Faktisk deltid	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
955	266	201	57	405	106

Oversyn over deltid per kommunalområde 2025:

	Totalt	Totalt deltid	Deltid kvinner	Deltid menn
Stad kommune	1221	511	405	106
Sentraladministrasjonen	60	19	16	3
Oppvekst og opplæring	390	135	122	13
Helse og omsorg	630	307	253	54
Kultur og samfunn	162	79	35	44

31,66 % arbeider deltid i administrasjonen, 63,61 % i oppvekst og opplæring, 48,73 % i helse og omsorg og 48,76 % i kultur og samfunn. Statistikken viser at 33,16 % av kvinnene arbeider deltid og 8,68 % mennene. 21,8 % av våre tilsette er menn. Vi har ikkje nådd målet om at 25 % av våre tilsette er menn. Per 31.12.25 er 20 menn og 51 kvinner fast tilsett som leiarar. Dette utgjør ein kvinneandel på 71,8 %. Kjønnsfordelinga blant einingsleiarane i Stad kommune er 67,9% kvinner og 32,1 % menn.

Oversyn over kjønnsfordeling i leiargruppene per 31.12.2025:

Leiarar	Totalt	K	K%	M	M%
9440 kommunedirektør	4	3	75%	1	25%
9440 kommunalsjef					
9451 leiar/einingsleiar	28	19	67,9%	9	32,1%
9454 ass. einingsleiar	20	18	90%	2	10%
9954 ass. rektor					
7451/7458/7951 fagleiar/avd.leiar/rektor	36	30	83,3%	6	16,7%
7453/ 7459 fagleiar m/sær.grense					
7954 undervisn.insp	3	1	33,3%	2	66,6%
Totalt	91	71	78%	20	22%

I desse stillingskodane er det ikkje mannlege tilsette i 2025: anna stilling med krav om 3-årig utdanning, bibliotekar, ergoterapeut, fagarbeidar med fagskule, fagleiar med særaldersgrense, helsesekretær, helsesjukepleiar, leiar med særaldersgrense, logoped, miljøarbeidar, rektor/leder, sosialkurator, spesialbarnevernspedagog, spesialfysioterapeut, spesialhjelpepleiar, spesialpedagog

I desse stillingskodane er det ikkje kvinnelege tilsette i 2025: arbeidsleiar med særaldersgrense, tekniskar og vaktmeister.

Vi har også stillingskodar med låg del av menn, dette er for eksempel helsefagarbeidarar der 9 er menn og 131 er kvinner, pedagogiske leiarar der ein er mann og 38 kvinner, sjukepleiarar der 2 er menn og 67 kvinner og spesialsjukepleiarar der ein er mann og 13 kvinner.

Stad kommune deltek i prosjektet Menn i helse. Dette er eit nasjonalt samarbeidsprosjekt mellom NAV, KS og Helsedirektoratet, der målet er å støtte menn til å ta utdanning som helsefagarbeidar. I nokre stillingsutlysingar i kvinnedominerte yrke, oppmodar vi særleg menn til å søkje. Dette bør vi halde fram med. Vi bør også oppfordre kvinner til å søkje på stillingar i dei tenestene der det i dag er ei overvekt av menn. Stad kommune er ikkje unik i Noreg. Det same biletet i kjønnsfordelinga ser vi også i dei aller fleste kommunane i landet. Kommunal sektor er kvinnedominert. Vi vil halde fram med å oppmode menn om søkje stillingar der det er overvekt av kvinner, og omvendt.

Kjønn og lønn

Stad kommune utarbeider lønsstatistikk i samband med dei lokale forhandlingane knytte til hovudtariffavtalen sine lønsskapittel 3 og 5. Dette er grunnlag inn i dei årlege lønsforhandlingane. I 2025 vart det gjennomført lokale forhandlingar etter Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3.4.1 toppleiarar, kap. 3.4.2 einingsleiarar, kap. 3.4.3 assisterande einingsleiarar og kap. 5 rådgjevarar, legar og ingeniørar. Desse har lokalt fastsett løn med årlege lokale forhandlingar.

I kap. 4 følgjer Stad kommune det nøytrale lønssystemet som er basert på den tilsette sin formal- og realkompetanse, med årleg sentral lønsjustering og med lokal forhandling dersom det vert sett av midlar til dette sentralt. I 2025 vart det ikkje sett av lokale midlar til lønsforhandling etter kap. 4.

Kommunen har eit tett samarbeid med tillitsvalde i samband med stillingsutlysingar, tilsetjingar og forhandlingar.

Gjennomsnittsløna for kap. 3.4.1 toppleiarane i kommunen per 31.12.2025 var kr. 1.176.422. Kommunalsjefane hadde lik løn på kr. 1.159.750.

Gjennomsnittsløna i kap. 3.4.2 einingsleiarar var kr. 872.191 per 31.12.2025. Gjennomsnittsløna for kvinner var kr. 875.889 og gjennomsnittsløna for menn i dette kapitelet var kr. 865.932. Om vi ser vekk frå ein mannleg einingsleiar si løn, er snittløn for menn kr. 845.614.

I kap. 3.4.3 assisterande einingsleiarar var gjennomsnittsløna kr. per 31.12.2025 kr. 768.625.

Heiltid og deltid

Årsaker til deltid

Det er ulike årsaker til at tilsette arbeider redusert. Deltida er både frivillig og ufrivillig. Hovudregelen er at vi skal tilsetje i heile stillingar. Det er likevel slik at arbeidsgjevar vil ha behov for deltidsstillingar.

Årsaker til deltid er samansett, men drivast primært av helseutfordringar og omsorgsansvar (særleg for kvinner) og behov for fleksibilitet. Mange arbeider deltid frivillig grunna livsfase, studie eller aldersomsyn, medan andre arbeider ufrivillig deltid grunna turnusordningar eller mangel på fulltidsstillingar.

Vi har også tilsette som har anna arbeid i tillegg til å arbeide hjå oss.

Tilbakemeldingar frå tilsette syner at mange tilsette i helse og omsorg arbeider i redusert stilling fordi dei opplever turnusarbeid som belastande.

Vi har også behov for deltidsstillingar for å få helgeturnusen til å gå opp. I mange av desse helgestillingane har vi tilsett assistentar. Vi har også tilsette som ikkje får auka stilling fordi dei ikkje har nødvendig fagkompetanse eller språkkompetanse.

Tiltak for å redusere deltid

Hovudregelen er at arbeidstakaren skal tilsetjast i full stilling. Unntak drøftast med tillitsvalde med mindre det er klart unødvendig. Før arbeidsgjevar fattar avgjerd om tilsetjing i deltidsstilling, skal arbeidsgjevar skriftleg dokumentere behovet for deltidstilsetjing. Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg for tillitsvalde, og spørsmålet om deltidstilsetjing skal drøftast med dei tillitsvalde.

Vi har system for at medarbeidarane kan melde ønskje om auka stilling i samband med årleg tilsetjing i årsarbeidsplan innan helse og omsorg. Tilsette sine ønskjer vert drøfta med dei tillitsvalde slik at rettar etter lov vert tekne i vare. Vi lyser stadig ut stillingar med krav som helsefagleg utdanning, og deltidstilsette medarbeidarar kan då krevje fortrinnsrett til stilling dersom dei er kvalifiserte.

Innan oppvekst og opplæring har vi system for at tilsette melder inn ønskje om auka stilling i samband med tilsetjingsprosessen i februar, før utlysing av ledige stillingar frå hausten av.

Elles så har vi prosedyre for årleg medarbeidersamtale mellom leiar og medarbeidar, der tilsette kan melde frå om ønske om auka stilling. Vi har ikkje ei digital løysing der vi kan føre statistikk over frivillig og ufrivillig deltid.

Eit viktig arbeid er å lage turnusar for våre tilsette slik at dei klarer å stå i full stilling. Vi arbeider kontinuerleg med å forbetre arbeidet kring den årlege turnusplanlegginga.

Det er ei utfordring for organisasjonen at vi har assistentar som i tillegg til å mangle utdanning, også arbeider i låg stillingsstorleik. Dette kan gå ut over kvaliteten på tenestene våre. Det er likevel ein medviten strategi frå arbeidsgjevar si side å ikkje auke opp stillingsprosenten til assistentar utan at dei tek nødvendig fagutdanning.

Stad kommune legg til rette for at vaksne assistentar kan få ta fagbrev på jobb eller fagbrev som praksiskandidatar. Vi samarbeider med Nordfjordkompaniet knytt til oppfølging og støtte til assistentar som ønskjer å ta fagbrev. I dette ligg oppfølging på arbeidsplassen med tanke på læreplan og støtte til å førebu teorieksamen og fagprøver.

Vi har fleire stillingsgrupper som vi ønskjer skal arbeide i fulle stillingar, men som vel å arbeide redusert. Kommunen har til dømes behov for fleire sjukepleiarar til å løyse oppgåvene våre med nødvendig kvalitet. Det er eit viktig satsingsområde å motivere og leggje til rette for at fleire sjukepleiarar vil arbeide i 100 % stilling. Om vi skal nå målet om heiltid, må det arbeidast med å forankre kulturen om at heiltid betrar kvaliteten i tenestene våre.

I overordna HMS-handlingsplan for Stad kommune har vi laga målsetnad for likestilling- og diskrimineringsarbeidet, og fastsett tiltak for dette arbeidet med bakgrunn i kartlegging og risikovurdering i samband med likestillingsutgreiinga.

Bruk av vikarbyrå

Vi har brukt til saman kr 8 518 459,80 til vikarbyrå i helse og omsorg i 2025 (kr 6 027 763 i 2024). I 2023 brukte vi kr 3 018 829, i 2022 kr 4 226 254 og i 2021 kr 7 984 251.

Ansvar	Tenesteområde	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik
301 Helse	24100 Legetenesta	3 000 000	3 157 532	157 532,19
315 Bu- og miljøtenesta	25723 Bufellesskap - Elvebøen	400 000	316 870,99	-83 191,01
315 Bu- og miljøtenesta	25724 Bufellesskap - Myroldhaug tenesta for funksjonshemma	990 000	989 937,98	-62,02
321 Seljetunet omsorg og rehabilitering	25300 Helse/omsorg institusjon	3 990 000	3 979 118,92	-10 881,08
330 Interkommunale helsetenester	29010 Nordfjord legevakt	0	75 000	75 000
330 Interkommunale helsetenester	29011 Legevaktformidling	100 000	0	-100 000
Alle		8 381 000	8 518 459,89	137 459,89

Oppdragstakarar

Stad kommune hadde 95 oppdragstakarar pr. desember 2025. Dette var 35 var innan oppvekst og opplæring (barnevern) og 60 innan helse og omsorg. Dette inkluderer fosterheimar, besøksheimar, tilsynsførarar, omsorgsløn og fritidskontaktar.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Rekrutteringsutfordringar

For å tiltrekke oss nye, kompetente medarbeidarar må vi arbeide med omdømet vårt. Det er dei tilsette som er våre viktigaste historieforteljarar og som formidlar at Stad kommune er ein god og trygg arbeidsplass. Gode planar og system, leiarar med god relasjonskompetanse som arbeider systematisk med kompetanseutvikling og HMS, kan medverke til at medarbeidarane våre fortel historier som gjer at andre har lyst til å arbeide i Stad kommune.

I 2025 lyste Stad kommune ut 95 stillingsannonser. Talet inkluderer stillingar som ferievikarar i helse og omsorg og i tekniske einingar. Til saman vart det levert inn 798 søknader. 136 personar vart tilsette, svært mange av desse var kortvarige ferievikarar og tilkallingsvikarar.

Turnover i kommunen var relativt høg i 2025. Det vil seie at i løpet av eit vanleg driftsår er det mange som sluttar, anten på grunn av pensjon, uføre eller annan jobb. Mange er også borte på grunn av til dømes sjukefråvær - korttid eller langtid.

Frå sommaren 2025 vart det innført ein instruks om direkte stopp i utlysingar av stillingar som ikkje allereie var sett i prosess. Hausten 2025 vart mange av einingane drifta med lågare bemanning som ein del av innsparingskrava. I kommunalområda vart det innført retningslinjer som avgrensa bruk av vikar, overtid, tenestereiser, kurs og fagdagar.

Kommunen har lenge hatt særlege utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar og vernepleiarar. Dei siste åra har dette vore merkbart ved institusjonane Seljetunet og Hogatunet, som har hatt fleire utlysingar utan kvalifiserte søkjarar. Mange av einingane i helse og omsorg har eit konstant behov for vikarar. Dei siste åra har vi også hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell til ingeniørstillingar og fagarbeidarstillingar i tekniske tenester. På dette fagområdet konkurrerer vi i særleg høg grad med næringslivet. Det siste året ser vi at rekrutteringsutfordringane spreier seg til nye grupper, som til dømes barnehagelærarar og lærarar. I nokre barnehagar er mangel på vikarar og søkjarar med formell fagkompetanse no på eit kritisk nivå.

Denne utviklinga utfordrar også lønspolitikken i kommunen og fører til ein kamp om søkjarane mellom kommunane.

Som ledd i innsparingskrav i 2025 har Stad kommune meldt seg ut av Superjobb - ein del av Nordfjordkompaniet - som siste åra har arbeidd for å promotere Stad kommune og Nordfjord som eit arbeids- og buområde. At kommunen har vore innmeldt i Robek siste året gjer også arbeidet med å promotere kommunen som ein trygg og sikker arbeidsplass noko utfordrande. I perioden med tilsetjingsstopp har arbeidet med informasjons- og marknadsføringsarbeid og rekrutteringskampanjar på sosiale media vore mindre i fokus.

Læringar

Eit lyspunkt i rekrutteringsarbeidet er at Stad kommune aldri har hatt så mange læringar som i 2025, sjølv om vi også skulle ønske at fleire av dei ferdige kandidatane vert verande i kommunen etter at læretida er over.

Stad kommune har per 31.12.2025 til saman 37 aktive lærlingar, der 7 av desse er YSK-lærlingar (delvis på skule/delvis lærling). 2 av lærlingane er menn. Vi har 5 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, 1 lærling som ernæringskokk, 1 lærling i byggdriftarfaget, 1 lærling i reinhaldsoperatørfaget, 1 lærling i maskinførarfaget og 28 som helse- og omsorgsarbeidar. 13 lærlingar har gjennomført fagbrev innan helsefag i 2025, medan det er 7 som har gått opp til fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Blant desse 37 lærlingane har vi 7 tilsette som inngår i fagbrev på jobb-ordninga. Dette er ei alternativ opplæringsordning for vaksne arbeidstakarar med allsidig erfaring i eit lærefag, og som ønskjer å ta fagbrev i dette faget. Vi har 4 innan helsefag, og 2 innan barne- og ungdomsarbeidarfaget og 1 innan byggdriftarfaget. Det er fylkeskommunen som administrerer fagbrev på jobb-ordninga. Kommunen skulle gjerne sett at det vert sett meir trykk på denne ordninga og at fleire hadde fått høve til å ta fagbrev på jobb. Det er stor saksmengd og lang saksbehandlingstid i fylkeskommunen, noko som gjer at prosessen tek lang tid.

Nordfjordkompaniet skal på vegner av Stad kommune arbeide for å styrke arbeidet med lærlingar i kommunen og medverke til å byggje opp eit system som tek i vare lærlingane på best mogleg måte. Vi arbeider for at lærlingane skal få tett oppfølging, god rettleiing og høg trivsel både på jobb og på fritida. I regi av Nordfjordkompaniet vert det arrangert ulike kurs og arrangement for å støtte opp under den faglege utviklinga som lærling. Kvart år arrangerer vi felles velkomstsamling for alle dei nye lærlingane våre. Her får dei høve til å bli betre kjende med organisasjonen, byggje nettverk, og få den informasjon dei treng for å få ein kjekk og trygg start på læretida.

Kompetanseutvikling

Stad kommune har hatt ein kompetanse- og rekrutteringsplan for perioden 2021-2024. I 2025 er det gjort eit omfattande arbeid i kommunalområda med revisjon av kompetanse- og rekrutteringsplanen. Denne planen vart politisk handsama og vedteken i mars 2026.

Kompetanse- og rekrutteringsplanen skal bidra til at vi arbeider meir målretta og strategisk for å utvikle kompetansen til våre medarbeidarar, skaffe nødvendig kvalifisert personell og nytte kompetansen vi har på ein best mogeleg tenleg måte. For å skaffe nødvendig kvalifisert personell må Stad kommune stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Målet med kompetanse- og rekrutteringsplanen er at den skal opplevast som eit nyttig styringsverktøy for å skaffe, utvikle, mobilisere og avvike kompetanse. Kompetanse- og rekrutteringsplanen er meint å gje retning for kva kompetanseområde som er prioritert, på kort og på lang sikt. I tillegg til overordna kompetanse- og rekrutteringsplan har einingane utarbeidd eigne planar i dette arbeidet.

Innan oppvekst var det 10 tilsette som gjennomførte vidareutdanning våren 2025 og 17 var under utdanning hausten 2025, med eksamen våren 2026. Vi har to tilsette som er under utdanning til barnehagelærar. I tillegg er det tre leiarar som gjennomførte leiarutdanning/rektorkulen i 2025. Vi får tilskot gjennom statleg ordning til desse utdanningane. Innan helse og omsorg var det 13 tilsette som gjennomførte utdanning med vedtak om stipend gjennom Statsforvaltaren Vestland. I tillegg starta seks tilsette med SEPREP-utdanning i januar 2025 som skal vare i to år.

Stad kommune nyttar e-læringsportalen KS Læring, som no er i ferd med å bli erstatta av den nye og moderne plattformen KS Kunnskap. Den nye løysinga legg til rette for eit felles kunnskapsløft i sektoren med betre oversyn over eiga læring, ein felles kurskatalog og gode rapporteringsverktøy for leiarar. Helse og omsorg, barnevern og stabseinigane nyttar også e-læringsportalen GLUP, med ulike e-læringskurs innanfor helse og omsorg, personal og økonomi.

Leiarutvikling

Kommunen er i kontinuerleg endring og omstilling. Kommunen treng trygge og tydlege leiarar som står samla for å løyse oppgåvene. Samarbeid på tvers i organisasjonen og samskaping med ulike aktørar i kommunen, berekraftig miljø og livskraftige tettstadar og samfunn, er avgjerande for å lukkast med visjonen, strategien og måla våre. Våre leiarar skal vise veg for sine tilsette, motivere til innsats og leggje til rette for livslang læring og meistring. Vi er òg avhengige av at leiarane tek ansvar for økonomi, personale og drifta i eiga eining.

Vi har over tid arbeidd med leiarutvikling i eigen organisasjon med felles leiarsamlingar. Leiarsamlingane er månadlege møte der leiarar på einingsnivå, kommunalsjefar og kommunedirektøren samlast for å drøfte viktige tema for kommunen. Målet er å sikre felles forståing, samordning og god informasjonsflyt, slik at einingsleiarane kan ta med seg relevant informasjon vidare til sine einingar og medarbeidarar i Stad kommune.

Tema som blir tekne opp på leiarsamlingane har ofte direkte betydning for kvardagen i kommunen. Det kan gjelde alt frå politiske vedtak, prioriteringar og rammer i kommuneøkonomien, krav og forventningar til kommunen, samt korleis vi jobbar med leiing, arbeidsmiljø og omstillingar i organisasjonen. Møta blir gjennomførte i kommunestyresalen på Stad rådhus, eller digitalt på Teams.

I 2025 hadde kommunedirektør 8 felles leiarsamlingar med alle einingsleiarane i kommunen. Til fleire av desse møta var også hovudtillitsvalde og hovudverneombod inviterte. I kommunalområda hadde kommunalsjefane jamt utvida leiarmøte i 2025. I helse og omsorg deltok også assisterande leiarar og avdelingsleiarar på desse.

Internkontroll og HMS

Systematisk HMS-arbeid

Det følgjer av arbeidsmiljølova § 3-1, jf. Internkontrollforskrifta, at arbeidsgjevar skal kartleggje fare, vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforhold. I tillegg skal arbeidsgjevar fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik og ha oversikt over verksemda sin organisasjon, mellom anna korleis ansvar, oppgåver og mynde er fordelt. Kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og planlagt for å sikre kontroll og ein høg etisk standard.

Kommunesektoren har ansvar for mange oppgåver som er viktige for innbyggjarane, og det er nødvendig med god styring for å ivareta innbyggjarane sine behov og rettar. God eigenkontroll bidreg til å byggje opp tilliten til kommunen, og gir samstundes grunnlag for læring og forbetring.

Arbeidsgjevar skal sørge for at dei tilsette medverkar i utøvinga av internkontrollen, jf. internkontrollforskrifta § 4. Det systematiske HMS-arbeidet er organisert gjennom arbeidsmiljøutvalet (AMU), tverrfagleg HMS-gruppe, medarbeidersamtalar, dialogmøte, trepartsmøte og årlege kartleggingar og risikovurderingar slik at arbeidstakar får moglegheit til å påverke. Stad kommune har ein overordna HMS-handlingsplan. Kunnskap om status og utvikling dannar grunnlaget for kvar vi må setje inn systematiske tiltak for å ivareta helse, miljø og tryggleik i organisasjonen. Stad kommune har avtale med Avonova om bedriftshelseteneste, vi har jamleg kontakt og lagar ein årleg samarbeidsplan.


Avvik

I 2025 vart det meldt inn 1967 avvik i Stad kommune, dette er ei auke samanlikna med i 2024 då det vart meldt inn 1758 avvik. 73,5 % av avvika i 2025 var meldt med låg alvorsgrad, 21,6 % med middels alvorsgrad og 4,9 % med høg alvorsgrad.

Avvik fordelt på kommunalområde:

Rapportert til: Summert underliggjande nivå

1. jan 2025 - 31. des 2025




*Uplasserte brukarar er nye brukarar som har logga seg på avvikssystemet, men som ikkje er plasserte på rett eining. Dei aller fleste skriv nytt avvik når dei vert plassert på rett eining.

Kjelde: Compilo

Avvik fordelt på kategori:

Kategori

1. jan 2025 - 31. des 2025



Kjelde: Compilo

45,5 prosent av avvika er knytt til kategorien teneste/tenestemottakar. 31prosent av avvika er knytt til kategorien Helse, Miljø og Tryggleik.

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla tal avvik i 2025, dette er fordi det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Varsling

Stad kommune har utarbeidd prosedyre og skjema for varsling. Rutinen er ein del av HMS-systemet, og skal byggje opp om eit helsefremjande og trygt arbeidsmiljø. Med kritikkverdige forhold meiner ein mellom anna handling, unnlating eller praksis som er i strid med rettsreglar eller skriftlege etiske reglar i kommunen, eller andre etiske normer som det er brei tilslutning til i samfunnet..

Rus- og speleproblem

Vi har utarbeidd rusmiddel og speleavhengepolitikk for tilsette i Stad kommune, der målet vårt er å ha trygge og gode arbeidsplassar, og at våre brukarar og innbyggjarar opplever tryggleik og kvalitet i samhandling med oss. Stad kommune har ein prosedyre for å følgje opp arbeidstakarar som er eller er i ferd med å bli rusmiddel- og eller speleavhengige. Målet med prosedyren er å sikre god oppfølging av tilsette som har utvikla eller er i ferd med å utvikle eit rusmiddel- eller speleproblem. Arbeidsgjevar vil leggje til rette for eit oppfølgingsløp som gjer at tilsette klarer å behalde jobben. Prosedyren skal òg sikre at det vert sett i verk nødvendige tiltak i arbeidsmiljøet for å ta i vare helse, miljø, tryggleik og omdøme.

Etikk


Stad kommune sine etiske reglar vart vedtekne av kommunestyret 06.02.2020, jf. KS-20/015. Hovudmålet med dei etiske reglane er å hindre økonomisk misleghald og korrupsjon i Stad kommune. Vi ønskjer at Stad kommune skal vere kjenneteikna av tillit og byggje på ein høg etisk standard.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,21 %	7,35 %	9,56 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,50 %	5,27 %	7,77 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,88 %	6,41 %	8,29 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,80 %	5,91 %	8,71 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,80 %	5,65 %	8,45 %

- Totalt sjukefråvær i Stad kommune for 2025 var 8,45 %. Dette er ein liten nedgang samanlikna med i 2024 då sjukefråværet var 8,68 %.
- 8,45 prosent er over måltalet for sjukefråvær i Stad kommune som er fastsett til 6,9 %.
- Vi ser ei signifikant auke i sjukefråværet i sentraladministrasjonen, ei lita auke på kommunalområdet Oppvekst og opplæring, medan i Helse og omsorg og Kultur og Samfunn er det ein signifikant nedgang.
- Kultur og samfunn er kommunalområdet med det lågaste sjukefråværet i 2025 med 5,8 %.

Utvikling per kommunalområde 2023-2025



Kjelde: Framsikt

Det er viktig å sjå sjukefråværstala i ein kontekst. Ein veit at det er mindre slitasje på typiske «kontorarbeidsplassar», enn på tilsette som arbeidar i meir fysiske og/eller emosjonelt belastande stillingar. Derfor kjem alltid trendane og tala til å variere frå kommunalområde til kommunalområde (og frå eining til eining). I tillegg er det viktig å vite at små einingar og avdelingar er veldig sårbare for slik type statistikk. To sjukmelde i ei eining med få tilsette vil gi eit høgt samla sjukefråvær.

Vi har over tid arbeidd systematisk med førebyggjande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i Stad kommune. Vi rapporterer jamleg på sjukefråvær og avvik. Vi brukar månadlege HMS-plakatar som hjelpemiddel for leiarane, der leiarane får råd om korleis dei kan ta opp ulike HMS-tema i einingane/avdelingane som læringspunkt. HMS-gruppa gir også tilbod om kurs og opplæring for å styrke leiarane i dette arbeidet. I tillegg har vi medverka på leiarsamlingar, og stilt oss til disposisjon for å svare på spørsmål og for å løyse dagsaktuelle utfordringar.

Sjukefråvær per tenestoområde


Tenestoområde	Fråvær 2025		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Sentraladministrasjon	1,97 %	6,68 %	8,65 %
Oppvekst og opplæring	2,46 %	5,26 %	7,71 %
Helse og omsorg	3,29 %	6,31 %	9,60 %
Kultur og samfunn	2,26 %	3,49 %	5,75 %
Sum tenestoområder	2,80 %	5,65 %	8,45 %

Oppfølging av planar

Kva er kommunal planlegging?

Kommunal planlegging handlar om å sette mål for kommunen og beskrive kva endringar som må gjennomførast for å nå desse måla. Kommunal planlegging skal legge til rette for å utvikle samfunnet og avklare korleis arealbruken i ein kommune skal vere. Kommunal planlegging er viktig for å sikre ei balansert og berekraftig samfunnsutvikling basert på lokale behov og nasjonale mål.

Plansystemet i Stad er kommunen sitt styringsverktøy i praksis. Systemet består av ulike type planar som beskriver korleis kommunestyret som kommunal planmynde skal ta i vare kommunale oppgåver og nasjonale forventningar. Nokre planar er overordna, andre er meir detaljerte. Ein del av planane er utarbeidd i tråd med reglane i plan- og bygningslova, andre ikkje. Innhaldet i planane dannar kommunen si plattform for samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Innbyggjarar og andre aktørar blir invitert til å medverke i planarbeidet og sette mål for utviklinga.



Kjelde: Veileder kommunal planstrategi, Kommunal- og distriktsdepartementet

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc0ce62e95c44e6bbd965687e00981a6/no/pdfs/kommunal-planstrategi-2024.pdf>

I tillegg til planane nemnde nedanfor, er følgjande detaljreguleringsplanar under arbeid. Desse er ikkje ein del av «Utviklingsplan 2024–2028 – planstrategi», då planarbeidet vart starta opp før planstrategiperioden eller er sett i gang gjennom eigne politiske vedtak.

Detaljregulering for Indre Nore bustadfelt II

Reguleringsplan for nytt kommunalt bustadfelt på Bryggja har fått plannamnet «Detaljregulering for Indre Nor bustadfelt II». Stad kommunestyre hadde saka til handsaming i møte 16. oktober 2025, sak KS-25/128, som der gjorde følgjande vedtak:

1. Detaljregulering for Indre Nore bustadfelt II vert i vidare planprosess avgrensa til å omfatte område 2 og delar av område 3, jf. kartutsnitt i saka.

2. Planarbeidet skal leggje til rette for eit avgrensa bustadfelt som kan møte bustadbehovet på Bryggja dei næraste åra. Moglegheitene for ei seinare bustadutvikling i tråd med tidlegare planinitiativ vert vurdert i samband med ny arealdel for kommuneplanen.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å gå i vidare dialog med grunneigar for det arealet som vert vidareført i reguleringsplanen, med sikte på å få avklart premissane for regulering og utbygging av dette området. Sak om dette skal leggjast fram for Stad kommunestyre snarast råd.

Planproduksjonen pågår og det er målsetnad om politisk handsaming med påfølgjande høyring og offentleg ettersyn i mai/juni 2026.

Detaljregulering for Prestevika aust

Detaljregulering for Prestevika aust har som føremål å sikre areal til reinseanlegg og/eller nytt pumpehus på Nordfjordeid med Eidsdalen. Plansaka er slutthandsama ved Stad kommunestyre sitt vedtak av detaljreguleringsplanen i møte 12. mars 2026, sak KS-26/007.

Detaljregulering for Mogrenda bustadfelt

Reguleringsplan for Haldormarkja bustadfelt har fått endra plannamn til detaljregulering for Mogrenda bustadfelt II. Det er ein målsetnad å legge sak om tredje høyring og offentleg ettersyn fram for Stad formannskap i møterunden i april 2026, med påfølgjande høyring og offentleg ettersyn.

Framdrift i planarbeidet

Oversikta tek utgangspunkt i «Utviklingsplan 2024–2028 – planstrategi» og viser korleis denne er følgt opp.

Avfallsplan for hamner

Stad

Oppdatert oversikt over alle hamner i kommunen vart sendt til Statsforvaltaren i Vestland 24.10.2024. Vi har ikkje motteke tilbakemelding, og legg difor til grunn at oversikta er i orden.

Framdrift: Ferdig

Beredskapsplan for helse- og omsorgsteneste

Stad

Arbeidet med utarbeiding av Helseberedskapsplan er i gang. Forventa vedtak sommar 2026.

Framdrift: Ferdig

Detaljregulering for reinseanlegg i Selje

Stad

Detaljregulering for Selje reinseanlegg vart vedteken av Stad kommunestyre i sak 25/154. Plansaka vart påklaga og klagen vart handsama av Stad kommunestyre i sak 25/210 den 12.12.2025. Klagen er sendt over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Framdrift: Ferdig

Detaljregulering for skule- og idrettsområdet Nordfjordeid

Stad

Sett på vent, jf. sak 25/050 for Stad formannskap om prioritering av arealplanar.

Framdrift: Ikke startet

Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt – Haugen krins

Stad

Sett på vent, jf. sak 25/050 for Stad formannskap om prioritering av arealplanar.

Framdrift: Ikke startet

Digitaliseringsstrategi

Stad

Arbeidet skal koplast mot det overordna digitaliseringsarbeidet til IKT Nordfjord. IKT Nordfjord skal revidere den felles digitaliseringsstrategien til Nordfjord-kommunane, og kommunen sitt eige planarbeid kan ikkje starte før den overordna planen er på plass. Arbeidet står difor på vent. Utviklingsarbeid knytt til digitalisering går likevel som normalt.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Hamnesstrategi

Stad

Kunnskapsgrunnlag for hamnestrategi vart tatt til vitande av formannskapet i sak 24/089. Etter dette har arbeidet med hamnestrategi/temaplan for hamner vore sett på vent på grunn av at vi har prioritert arbeidet med:

- Merket for berekraftig reisemål og lukking av kriteria for cruisetillegget.
- Slutføring av godkjende detaljreguleringsplanar for Stad skipstunnel, med tilhøyrande infrastruktur på hamn både på Lesto, i Kjøde og for Stad molo. Endeleg klarsignal for Stad skipstunnel er venta i 2026 og vil ha ein stor betydning for vidare innretting av ny plan for hamn.
- Vidare har Stad kommunestyre gitt kommunedirektøren i oppdrag å gå i dialog med Seawalk Nordfjord med sikte på å gjennomgå og klargjere avtalane med selskapet, her under få etablert eit fond for infrastrukturtiltak i samsvar med i samsvar med gjeldande avtale. Dette arbeidet er i slutfasen og til juridisk vurdering.

Framdrift: Ikke startet

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Stad

Revidering av den heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysen er planlagt i 2027, men Stad kommune skal lage ein tiltaksplan for oppfølging av den heilskapele ROS allereie i 2026. Arbeidet skal sjåast i samanheng med arbeidet med ny helseberedskapsplan.

Framdrift: Ikke startet

Kommunal eigendomsstrategi

Stad

Det førebuaende planarbeidet er starta opp. Arbeidet med å kartlegge og innhente kunnskap om kommunen si bygningsmasse vart gjennomført i 2025, og det ligg føre fleire kommunestyrevedtak som blir følgt opp med sikte på å både effektivisere kommunal eigendomsdrift og redusere kommunen sin eigendomsportefølje. Arbeidet med sjølve eigendomsstrategien er venta å starte opp i løpet av 2026.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Kommuneplan sin arealdel

Stad

Planprogram er under utarbeiding, og hausten 25 var vi i regionalt planforum med skisse til planprogrammet. Adm. leiding ønsker at planprogrammet blir lagt fram for politisk handsaming i juni 26, med mogleg vedtak i september. Medverknadsprosess vert gjennomført utover hausten i samsvar med rammene i vedteke planprogram.

Framdrift: I arbeid - Forsinket

Langelandsåsen – reguleringsendring

Stad

Det er varsla oppstart for detaljregulering for Langelandsåsen i sak 25/079 den 12.06.2025. Det vert arbeidd med å få på plass kunnskapsgrunnlaget og planproduksjon vert sett i gang i løpet av våren 2026.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Næringslivsstrategi

Stad

Arbeidet med temaplan for næring og reiseliv er sett i gang (sjå [arkivsak 2025/3174](#)). Administrasjonen utarbeider no prosjektplan, samstundes som no-situasjonen vert kartlagd. Det er planlagt å gjennomføre to spørjeundersøkingar – éi retta mot næringslivet og éi mot politikarar og administrasjon – for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag i det vidare planarbeidet.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Områderegulering Nordfjordeid sentrum

Stad

Sett på vent, jf. sak 25/050 for Stad formannskap om prioritering av arealplanar.

Framdrift: Ikke startet

Plan for mangfald og inkludering

Stad

Planarbeidet er ikkje starta opp.

Framdrift: Ikke startet

Planvask – evaluering og oppheving av reguleringsplanar

Stad

Det er varsla oppstart om planvask for tidlegare Selje og del av Vågsøy kommunar. Det er venta å få fram sak om høyring og offentleg ettersyn i formannskapet i april 2026. I formannskapet i 05.mars 2026 vart det vedteke oppstart av planvask for tidlegare Eid kommune.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Reiselivstrategi

Stad

Arbeidet med temaplan for næring og reiseliv er sett i gang (sjå [arkivsak 2025/3174](#)). Administrasjonen utarbeider no prosjektplan, samstundes som no-situasjonen vert kartlagd. Det er planlagt å gjennomføre to spørjeundersøkingar – éi retta mot næringslivet og éi mot politikarar og administrasjon – for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag i det vidare planarbeidet.

Framdrift: I arbeid - lht plan

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Stad

Ny revidering i 2027/28.

Framdrift: Ferdig

Smittevernplan

Stad

Smittevernplanen vart sist revidert i juli 2024. I 2025 vart planen gjennomgått på nytt, og det vart vurdert at det ikkje var naudsynt med vesentlege endringar.

Framdrift: Ferdig

Avgrensa revisjon av samfunnsdelen, Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2038

Stad

Den reviderte samfunnsdelen ligg ute på høyring i perioden mars-april 26 og er forventa vedteken i løpet av sommaren.

Framdrift: I arbeid - lht plan

KDP naturmangfald, Kommunedelplan for naturmangfald

Stad

Planprogrammet vart vedteken haust 2025. Planen er under arbeid med forventa vedtak haust 2026.


Framdrift: I arbeid - Iht plan

Samfunns- og befolkningsutvikling

Folketalsutvikling 4. Kvartal 2025

	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	9 527	9 543	9 610	9 655
Fødde	85	84	96	97
Døde	108	83	85	99
Fødselsoverskot	-23	1	11	-2
Innvandring	108	70	54	37
Utvandring	50	42	62	42
Innflytting, innanlands	321	329	287	281
Utflytting, innanlands	340	285	241	310
Netto innvandring og flytting	39	72	38	-34
Folkevekst	16	67	45	-39
Folketalet ved utgangen av kvartalet	9 543	9 610	9 655	9 616

År




Inntektssystemet er bygd opp rundt blant anna folketalet. Det er derfor både viktig og interessant å følge med på korleis utviklinga av folketalet i vår kommune er samanlikna med landsgjennomsnittet.

Folketalet per 30. juni dannar grunnlag for korleis inntektene gjennom rammetilskotet vil bli komande år.

Folketalsutvikling

Det har vart ein positiv trend i folketalet siden 2015. Høgaste folketal var det ved siste årsskifte. Det har blitt litt færre innbyggjarar i 2025. Ved inngangen til 1. kvartal 2026 var det 9 616 innbyggjarar i kommunen ([Telemarksforskning: Regional analyse, 2026](#))




Folketalsutvikling i Stad kommune 2000-2026. Kjelde: Telemarksforskning: Regional analyse 2026

Samfunns- og næringsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling

Stad kommune arbeider kontinuerleg og strategisk med samfunns- og næringsutvikling. Det er tverrfagleg kompetanse som jobbar med dette feltet og ansvaret er fordelt på ulike einingar.

Stad har samla sett vore ein bustadattraktiv kommune i siste ti-års periode. Nettoflytting, summen av flytting til og frå kommunen, har vore betre enn forventa ut frå strukturelle forhold som kor sentralt ein er plassert geografisk, nasjonal nettoinnvandring, arbeidsplassvekst i område det vert pendla til og demografisk vekst i sysselsetting. Strukturelle forhold kan vi i svært liten grad påverke. Når vi oppnår betre nettoflytting enn forventa, betyr det at samfunnet vårt har påverka eigen attraktivitet i positiv retning.



Figur 3.2.2: Drivkrefter for folketalsutviklinga i Stad kommune, og samanlikningsstadar. Kjelde: [Regional analyse](#)

Stad kommune fekk ein befolkningsvekst som var 4,5 prosentpoeng høgare enn forventa. Bustadsattraktiviteten til Stad har vert positiv. Det har vert fleire innflyttara, eller færre som flytta ut enn forventa. Stad har hatt den høgaste bustadsattraktiviteten av disse kommunane i tabellen i den siste tiårsperioden.

Statusrapport for nokre nærings- og samfunnutviklingsprosjekt

Det vil i dette kapittelet bli presentert nokre av prosjekta som Stad kommune arbeider med innanfor samfunns- og næringsutvikling. Det er ikkje mogleg å gje ei fullstendig oversikt, og oversikta under er såleis ikkje uttømmende. Det er også slik at administrasjonen rapporterer på politiske vedtak gjennom verktøyet "Status for oppfølging av politiske vedtak". Føremålet med dette kapittelet er å gi eit innblikk i dei mangfaldige arbeidsoppgåvene som ligg til kommunen, og korleis vi nyttar ressursane vi har tilgjengeleg.

Invest In Fjordane

Stad kommune deltek i prosjektet Invest in Fjordane. Prosjektet er støtta av Vestland fylkeskommune i samarbeid med Innovasjon Norge, som begge har tett kopling mot den overordna satsinga Invest in Norway. Invest in Fjordane-prosjektet tek utgangspunkt i at kommunane i Region Fjordane går saman om eit kartleggings- og analysearbeid for å avdekke og utfordre moglegheiter og barrierar, for å framstå som ein samla og attraktiv aktør for nye større og grønne industrietableringar. Arbeidet skal gjere kommunane i stand til å drive aktiv marknadsføring ovanfor industriaktørar i inn- og utland. Stad kommune er tett på prosjektet, særleg med fokus på Stad skipstunnel med tilhøyrande næringsareal (Moldestad, Lesto, Kjøde, Leikanger) og utviklinga av Kalneset på Bryggja. Invest In Fjordane har de siste året hatt eit sterk fokus på arbeidet med tilgang til fornybar energi og utfordringane rundt tilgang på kraft og nett. Meir informasjon finn ein på www.investinfjordane.no

Utvikling av Nordfjordeid sentrum

Stad formannskap handsama forslag plan for “Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045” i møte 28.11.2024, sak F-24/173, og gjorde der følgjande vedtak:

1. *Forslag til «Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045» vert lagt ut på høyring som den ligg føre.*
2. *Stad formannskap tek kunnskapsgrunnlaget «Nordfjordeid – plangrep, fortettingsanalyse og handelsanalyse» og «Handels- og næringsanalyse for Nordfjordeid» til vitande.*
3. *Det må leggjast til rette for å kunne forflytte seg i Nordfjordeid sentrum med betre merka gangfelt og kantar, lyssetting, skilting og vegdekke tilrettelagt for rullestol/rullator. Dette er særleg viktig i senterkjernen.*

Forslaget var lagt ut på høyring i 2025.

Nordfjord smak

Prosjektet handlar om å vidareutvikle konseptet “Nordfjord Smak”, og er eit regionalt samarbeid med kommunane Stryn, Gloppen, Stad, Bremanger for å skape samarbeid, samhandling og synergjar i lokalmatnæringa i Nordfjord. Samarbeidet skal vere med å hjelpe produsentane på tvers av produksjonsmetode og produkt, og kunne hjelpe produsentane å nå ut til ein større marknad, og med merkevarebygging, kompetanseutvikling og oppgåvesamarbeid. Prosjektet er finansiert gjennom Vestland fylkeskommune, Sparebanken 1 Sogn og Fjordane og ved bruk av administrative ressursar i den einskilde kommune. Stad kommune er i resursgruppa for prosjektet.

Nordfjord Smak vart hausten 2025 registrert og etablert som eit eige SA.

Hovudprosjektet inneheld fleire delprosjekt:

- Rekruttering og kompetanseheving
- Etablering av ressurscenter “Nordfjord smak”
- Felles logistikk
- Shop in shop-konsept med mellom anna pop-up butikk

Masterplan for reiseliv

[Merket for bærekraftig reisemål](#) er ei nasjonal merkeordning for reiselivsdestinasjonar og er den einaste av sitt slag i Norden. Ordninga fungerer som eit kvalitetsstempel for destinasjonar som har forplikta seg til bærekraftig utvikling. Dette inneber blant anna å arbeide for reduserte klimagassutslepp, å verne om naturmangfald og kulturarv, auke dei positive ringverknadane frå reiselivet, samt å sikre at reiselivet utviklast påinnbyggjarane sine [premissar](#).

Kommunane Stad, Bremanger, Gloppen og Stryn, saman med Nordfjordrådet og destinasjonsselskapet Visit Nordfjord har oppnådd «Merket for bærekraftig reisemål». Det er gjort felles vedtak i dei fire kommunane i sak 24/103 om å ta Masterplan for Nordfjord mot 2030 til vitande slik at den skal leggjast til grunn for anna utviklingsarbeid i kommunen. Masterplanen er den overordna strategiske planen for Nordfjord som reisemål.

Startlån

Startlån skal bidra til at personar med langvarig bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den. Startlån skal vere eit tilbod om finansiering til bustadformål som det vanlegvis ikkje gjevast lån til i ordinære kredittinstitusjonar. Stad kommune sine retningslinjer for startlån byggjer på forskrifta om startlån frå Husbanken. Stad kommunestyre godkjente retningslinjer for startlån og bustadtilskot den 14.09.2023 - KS-23/123. Bustadarbeidet i Stad kommune er organisert med fokus på heilskapleg og tverrfagleg innsats for å styrke kommune sin rolle som premissgjevar, tilretteleggjar og samfunnsutviklar.

Stad kommune hadde 19 saker med totalt utbetalt kr. 37 296 309,- startlån i 2025.

Statens hus

Stad kommune vart i juni 2020 vald ut av Regjeringa som éin av fire pilotkommunar for Pilot Statens hus. Regjeringa ville då, som del av fornyinga av norsk distriktspolitikk, prøve ut ein ny modell for "Statens Hus i distrikts-Noreg. Det vart avsett 4 mill. på statsbudsjettet si ramme til kvar pilot. Piloten varer inntil 4 år, og går ut 2024. Kommunedirektøren er prosjektleiar for piloten, og Stad kommune koordinerer også aktivitetane mellom byggherre og etatane i samband med bygging og innflytting. Etatane betalar kommunen for denne bistanden. Stad kommune nyttar elles eininga personal og kommunikasjon som ressurs inn i den såkalla "Husgruppa" og i samband med informasjon og kommunikasjon rundt piloten.

Følgjande samfunns mål vart sett for piloten:

- Eit styrka og samla fagleg, offentleg kompetansemiljøet i regionane
- Enklare å behalde og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane på mindre stadar
- Fleire statsetatar enn i dag kan rekruttere og tilsette folk desentralisert
- Eit styrka samarbeid i kompetanseklyster
- Ny kunnskap som gjev grunnlag for vidare utvikling av lokaliseringspolitikk for mindre stadar

Opning av Statens hus vart gjennomført april 2025.

Hamnestrategien

I utviklingsplanen(planstrategien) for 2024 – 2028, KS 24/120 vart det vedteke at arbeidet med hamnestrategi skulle starte opp i 2024. Ein hamnestrategi skal sette retning for korleis Stad kommune

skal forvalte og utvikle sine hamner for framtida og korleis ein kan bruke hamner for å legge til rette for næringsliv og samfunnet elles. Kunnskapsgrunnlag for hamnestrategi vart tatt til vitande av formannskapet i sak 24/089. Med omsyn til kapasitet har arbeidet lagt på vent for delar av planarbeidet, då arbeidet med Merket for berekraftig reisemål og lukking av kriteria for cruisetillegget har blitt prioritert.

ISPS Selje

Stad kommune har kunngjort ein konkurranse på tenestekonsesjon for drift og utvikling av ISPS-tenderkai i Selje med formål om tildeling av tenestekonsesjon våren 2026. Konkurransen vert sett i samanheng med utvikling av Selje og Stadlandet som destinasjon for økoturisme med lokal forankring og eit berekraftig reiseliv.

Temaplan for næring og reiseliv

For å kunne ta strategiske vegval, møte utfordringane og utnytte potensialet som næringslivet har, oppdaterer nå Stad kommune reiselivs- og næringslivsstrategien til ein ny temaplan. Temaplan er ein strategisk plan om eit spesifikt tema. Ein temaplan er langsiktige, men blir revidert kvart fjerde år eller før ved behov. Planen vil bli supplert med ein handlingsplan, som synleggjer oppdrag og tiltak som blir prioritert gjennom eit år. Målsettinga er å få definert prioriterte innsatsområde, setje mål og strategiar for innsatsområda.

Undersøking til næringslivet

Til våren blir det gjennomføring av ei spørjeundersøking og djupneintervju hos næringslivet i Stad, der vi evaluerer bl.a. Stad kommune si rolle som tilretteleggjar og samarbeidspart for næringslivet. Undersøkinga vil gi moglegheit til å komme med innspel til satsings- og samarbeidsområde. Tilbakemeldingane frå spørjeundersøkinga og intervjuar blir ein del av kunnskapsgrunnlag til arbeidet med temaplanen for næring og reiseliv.

Lokal og regionalt reiselivsråd

Mandatet og samansetjing for reiselivsrådet i Nordfjord (tidligere destinasjonsleiing) vart vedtatt i Stad kommunestyre sak 25/205 den 12.12.2025. Reiselivsrådet skal fungere som eit rådgjevande og samlande forum. Rådet skal bidra til å peike på moglege løysingar på felles utfordringar og fremje samarbeid om tiltak som kjem heile Nordfjord og kommunen til gode.

Samansetjinga av lokalt reiselivsrådet skal spegle samspelet mellom kommunen, reiselivsnæringa og frivillige aktørar. Framlegg til mandat, oppgåver, samansetjing og mynde til det lokale reiselivsrådet kjem som sak til vedtak til Stad kommunestyre våren 2026.

Besøksforvaltning Selje og Stadlandet

Stad kommune er med i besøksforvaltningsprosjektet til Vestland fylkeskommune og deltek i arbeidsgrupper med tema:

- Reisemålsleiinga - organisering av besøksforvaltningsarbeidet
- Styling av trafikkstraumar/menneskemengder

Besøksforvaltning handlar om å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa, slik at denne gir eit positivt bidrag til lokalsamfunnet. Korleis kan vi jobbe saman for å gjere Stad til ein god stad å bu, besøke og drive næring.

Idrettshall Stadlandet

Stadlandet idrettslag ønskjer å byggje ny idrettshall der gymsalen til Stadlandet skule står i dag. Stad kommunestyre har i vedtak av 25. januar 2024, sak KS-24/013 bedt administrasjonen greie ut saka vidare. Det er Stadlandet IL som er tiltakshavar og blir eigar av hallen. Stadlandet IL følgjer vanlege prosedyrar som ekstern tiltakshavar. Stad kommune har utarbeidd eit mandat som skildrar korleis kommunen skal arbeide vidare med saka, og har avsett ressursar for vidare arbeid. Saka vart og vedtatt i KS 12. september 2024. Stadlandet idrettslag har fått innvilga spelemiddelfinansiering til prosjektet.

Midt i gata - mellombels møteplass i Nordfjordeid sentrum

Stad vekst U40 tok kontakt med Stad kommune med ønske om å involvere seg i utviklinga av Nordfjordeid sentrum. Det vart starta eit forprosjekt der U40, LARK landskap og Stad kommune fasiliterte ein planworkshop. I workshopen vart U40 utfordra til å kome med innspel til og skissere korleis ein torgplass i Nordfjordeid sentrum kan sjå ut. Det er mål om å utvikle ein mellombels møte/torgplass i sentrum. Stad kommune søkte Vestland fylkeskommune om midlar til å gjennomføre prosjektet, og har fått tildelt midlar for vidare arbeid. Planlagt opning sommaren 2026.

Sentrumsgartnarar

Sentrumsgartnarar er eit samskapingsprosjekt mellom frivillige i Selje og Stad kommune. Eldsjeler i Selje tok kontakt med kommunen for å sjå på korleis frivillige krefter kan bidra til grønt vedlikehald i Selje sentrum. Basert på ein skjøtelsplan som vart utarbeidd av ein landskapsarkitekt på oppdrag frå Stad kommune, vart det gjennomført ein ryddedugnadar. Kommunen ser på behovet for å kjøpe inn plantar og gjennomføre av andre mindre tiltak. Det vert også arbeidd med å få etablert ei gruppe sentrumsgartnarar på Nordfjordeid.

Fjordhestsenter

Stad kommune er vertskommune for og medeigar i det nasjonale kompetansesenteret for fjordhest, Norsk fjordhestsenter AS, på Nordfjordeid. Fjordhestsenter sine tre eigarar er Stad kommune, Vestland fylkeskommune og Noregs fjordhestlag.

I vedtaket KS23-186 frå 15.12.20023 ba Stad kommunestyre om at kommundirektøren går i dialog med Norsk fjordhestsenter med sikte på å få avklart på kva måte Stad kommune kan bidra inn i fjordhestsenteret sitt vidare utviklingsarbeid. Sentrale samarbeidspartar i denne dialogen er også Vestland fylkeskommune og Noregs fjordhestlag. Dette arbeidet er starta opp, og ein kjem tilbake med ei rapportering til politisk nivå.

Bane NOR Eigedom AS

Bane NOR Eigedom AS ønskjer ei knutepunktsutvikling på si tomt «Rutebilstasjonen» i Nordfjordeid sentrum, og har i den samanheng retta eit ønske om samarbeid med Stad kommune for å få til ein heilskapleg plan og utvikling av området/kvartalet «Rutebilstasjonen» og «Rådhusomtata». Saka omhandlar ei innleiande samarbeidsavtale mellom Bane NOR Eigedom Nordfjordeid AS, Stad kommune og AS Eid Industrihus samt oppstart av moglegheitsstudie for knutepunktsutvikling i Nordfjordeid sentrum. Moglegheitsstudien blir ferdig våren 2026.

Besøksbidrag

Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet sendt den 19. november 2024 ut forslag til lov om besøksbidrag. Høyringsfristen var den 3. januar 2025. I høyringsnotatet blir det lagt fram ein lovheimel som gir kommunane mynde og høve til å krevje inn besøksbidrag i form av ei overnattingsavgift. Kommunestyret har ved ulike høve etterspurt status i den nasjonale saka om innføring av besøksbidrag, og kommunedirektøren løftar difor opp høyringsaka som ei politisk sak. Det er avgjort at det politiske rådet Region Fjordane sin uttale var dekkande også for Stad kommune. Kommunedirektøren vil kome tilbake med ei prinsippsak om å greie innføring av besøksbidrag i Stad så snart rammene for ordninga er tilstrekkeleg kjende.

Nærings- og fiskeridepartementet sende ut 23. januar 2026 forslag til forskrift om overnattingsavgift til kommunane på høyring. Forskrifta utfyller lov om besøksbidrag. Høyringsfristen er 7. april 2026. Kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om innspel til høyringsforslaget.

Statleg sikra friluftsområde på Vestkapp

I kommunestyremøtet 12.09.2024 (KS-24/126) vedtok Stad kommunestyre å slutføre prosessen med å sikre gbnr. 35/33 på Vestkapp som statleg sikra friluftslivsområde. Vidare skal arbeidet med ein forvaltningsplan for friluftsområdet på Vestkapp starta opp i 2026. det skal også leggest fram ein plan for trygging av ferdseilen på den kommunale vegen opp til Vestkapp.

Stad kommune skal ta kontakt med grunneigarlaget når vi startar arbeidet med forvaltningsplanen og på arbeidet for trygging av ferdseilen opp til Vestkapp.

Framtidig bruk av Bryggja omsorgssenter

Stad kommunestyre vedtok i møtet 02.mai 2024 (KS 24/060) at kommunedirektøren skal utarbeide ei sak som synleggjer korleis eit eventuelt sal eller avhending til Stiftinga Bryggja Livsgledesenter (sus) kan gjennomførast. Saka må synleggjere stiftinga sin finansierings- og driftsmodell for bygget. Stad kommunestyre vil først då avgjere om eit direktosal til marknadspris er aktuelt, eller om bygget må lysast ut på den opne marknaden.

Stad kommunestyre sitt vedtak av 15. desember 2023, sak KS-23/168, står fast slik at framtidig bruk av bygget blir sett i samanheng med arbeidet om heilskapleg dimensjonering av helse- og omsorgsbygg i Stad kommune før eit evt sal /avhending av bygget.

Omsorgssenteret vart lagt ut for sal på finn.no november 2025 med bodfrist februar 2026.

Tilskotsordningar

Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling - Midt i gata

Stad kommune har mottatt tilskot til prosjektet «Midt gata» frå Vestland fylkeskommune som handlar om å etablere mellombels torgplass i Nordfjordeid sentrum. Knytt til prosjektet U40.

Gjensidigestiftelsen - Sommarhjelp i Stad

Eid og Selje frivilligsentralar fekk innvilga kr. 300.000,- til sommarhjelp jobbar for å drifte sommarmøteplassar og BUA for barn og ungdom

Tilskot til inkludering av born og unge 2025

Stad kommune har fått tildelt tilskot for Bufdir for 2025 til 2027 til arbeidet med inkludering av born og unge i prosjektet "Verdas beste vesle stad"

Fritidskasse

Lag og organisasjonar kan søke dekning for uteståande medlemskontingentar, reiseutgifter, treningsavgifter og deltakravgift for 2026. I 2024 utbetalte Stad kommune kr. 90.000,- frå ordninga, i 2025 var det ikkje midlar til utbetaling. Tildelinga blir gjort administrativt ut i frå budsjett og mottatt midlar får Bufdir.

Okla fondet

Stad kommune tek årleg i mot kompensasjonsmidlar for Okla vindkraftverk på Stadlandet frå Falck Renewables Vind AS. Grunnlaget for utbetaling av kompensasjonsmidlar er heimla i ein samarbeidsavtale vedteken av Selje kommunestyre i 2016. Avtalepart var då Vestavind Kraft AS, no Falck Renewables Vind AS. Stad kommune skal etter samarbeidsavtalen bruke kompensasjonsmidlane til tiltak som avbøter at vindkraftverket bandlegg eit betydeleg areal som er eller kan vere av verdi både for noverande eller framtidige interesser knytt til næringsliv, fritidsinteresser eller sosiale formål.

Stad kommunestyre har vedteke at midlane skal setjast av på eit eige fond, og det er oppretta ei søknads- og tildelingsordning i tråd med samarbeidsavtalen. Desse retningslinene skal vere til hjelp i handsaminga av søknads- og tildelingsordninga, i lag med vedtektene. Årleg søknadsfrist kvar haust med ei årleg sum for tildeling på om lag kr. 1 350 000,-

Stad skipstunnel

Stad skipstunnel

Stad kommunestyre har sett som overordna mål å legge til rette for størst mogleg lokal og regionalverdiskaping og synergjar av prosjektet, både i anleggsfasen og etter at tunnelen er opna, jf. sak KS20/201. Stad kommunestyre har gjort fleire ulike vedtak gjennom åra som i sum skal gje den ffekten som ein ønskjer å oppnå. Vedtaka har fram til no femna om tiltak som femner om alt i frå planarbeid, forstudia for nærings- og samfunnsutvikling, kartleggingar, drøftingar, intensjonsavtalar og investeringar innan eit breitt spekter av fagområde. Arbeidet involverer fleire einingar i administrasjonen, som plan- og forvaltning, eigedom, kommunalteknikk, brann- og beredskap, stab , kommunedirektør-nivået og Stad Eigedomsutvikling KF. I tillegg til politisk nivå.

Rapporteringa her gjeld i hovudsak prosjektet som knyt seg til dei aktivitetar som har blitt gjennomført ved bruk av disposisjonsfond, men dei politisk vedtekne planane blir også nemnde då desse dannar grunnlag for samarbeids- og utbyggingsavtalar mellom Kystverket og Stad kommune. For å halde tråden i prosjektet, er årsrapporten for arbeidet med Stad skipstunnel lagt opp kronologisk etter årstal. Oversikta under er ikkje uttømande.

Løyvde midlar for 2021 - 2022 og tiltak

Stad kommunestyre vedtok i møte 4. februar 2021, sak KS-21/015, å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må

starte i 2021, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.

Midlane vart i hovudsak nytta til ferdigstilling av kommunedelplan for sjøareal, inkl. nødvendige kartleggingar og undersøkingar, og til gjennomføring av tekniske forstudiar knytt til næringsareal. Det vart rapportert om bruken av desse midlane i kommunestyresak «Økonomi- og tenesterapport pr. 30.04.2022», som var oppe i kommunestyremøte 16. juni 2022 sak KS-22/077.

I budsjettendringssaka i same kommunestyremøte 16. juni 2022, vart det gjort vedtak om å gi ei ny ramme for arbeidet med ringverknadar frå Stad skipstunnel i 2022 med kr 700.000,- finansiert frå kommunen sitt disposisjonsfond. Midlane vart planlagt nytta, og er nytta, til følgjande tiltak i 2022:

- Deltaking regionalt ringverknadsprosjekt for Stad skipstunnel (kr. 250 000)
- Utarbeide informasjonspakke til bruk i m.a. Kystverkets konkurransegrunnlag
- Gjennomføring av forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet
- Utarbeide konseptskisse for utforming og drift av området ved tunnelportalen i Moldefjorden
- Gjennomføring av synfaringar, folkemøte, konferansar og andre mindre aktivitetar som naturleg blir belasta prosjektet sine løyvde midlar

Løyvde midlar for 2023 og tiltak

Stad kommunestyre gjorde i møte 27. oktober 2022, sak KS-22/137, følgjande vedtak:

1. Stad kommunestyre vedtek å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2023, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.

2. Administrasjonen får mynde til å fordele den økonomiske ramma ut på dei utvalde prosjekta/tiltaka, som m.a. femner:

- *Starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, inkl. tilråding om konseptutvikling av nye og eksisterande hamner*
- *Vidareføre arbeidet med moglegheitsstudien for Moldefjorden/Kjøde og starte arbeidet med stadutviklingstiltak og løfte fram kulturarven*
- *Gjennomføre forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden*
- *Vidareføre arbeidet med ein informasjonspakke og presentasjon av Stad som vertskommune.*
- *Nødvendig bistand til juridisk rådgjeving og anna rådgjeving for å kunne ta i vare Stad kommune sine interesser*

Hamnestrategi: Når det gjeld oppdraget med å starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, så er dette arbeidet starta opp. Stad kommunestyre fekk våren 2024 lagt fram kunnskapsgrunnlaget "Hamner og sjørett næringsareal i Stad kommune, potensial for samfunns- og næringsutvikling". Planarbeidet skal starte i 2025.

Kommersiell utvikling portalområda Moldefjorden: Forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden er gjennomført av PWC, og ein enkel rapport som syner aktuell selskaps- og driftsform ligg føre. Det er ønskeleg å vente med eit hovudprosjekt vedkomande aktuell driftsform for tunnelportalområdet på Moldefjord-sida inntil endeleg budsjettløyving for skipstunnelen ligg føre.

Berstadvatnet: Stad kommune har gjennomført forstudie for etablering av ny vassforsyning frå Berstadvatnet, på bakgrunn av ei løyving på kr 1. mill. frå kommunen sitt investeringsfond. Som grunnlag til budsjett vart det då tatt høgde for arkeologiske registreringar. Med grunnlag i rapportane frå fylkeskommunen gjorde Riksantikvaren vedtak om snarleg utgraving for å unngå tap av kulturminne. Tiltakshavar (Stad kommune) har med grunnlag i dette dekkja 100% av kostnadane jf. budsjettoppsett frå UIB kr 1.250.000,- + kommunens eigne kostnader. I vedteke budsjett var det ikkje avsett midlar til dette. Denne ekstra kostnaden og dette arbeidet vart finansiert med ved eit hastvedtak av ordførar sommaren 2023.

Stad kommune sendte den 27.05.2024 NVE om løyve til uttak av vatn frå Berstadvatnet, til bruk i Berstadvatnet vassverk. Søknaden var i 2024 ute på høyring, med høyringsfrist oktober 2024. Stad kommune venta på endeleg konsesjonshandsaming av NVE.

Informasjonspakke og presentasjon av Stad kommune : Stad kommune har utarbeidd ein informasjonspakke om Stad kommune til informasjon og bruk av potensielle leverandørar til bygginga av Stad skipstunnel. Stad kommune har også delteke på Kystverket sine leverandørkonferansar.

I tillegg har Stad kommune utarbeidd eit eige prospekt som syner næringsareala som kjem på plass som følge av Stad skipstunnel. Stad kommune hadde eit eige arrangement under Arendalsuka 2024, der erfaringane frå massehandteringane vart delt. Og der ein fekk synleggjort planlagde næringsareal som blir klargjort for sal. Arrangementet vart godt motteke. Profilerings og utvikling av næringsareala, inkl. Stad Molo, er også ein del av prosjektet Invest in Fjordane.

Arbeidet med reguleringsplanane for Stad skipstunnel, Kjøde og Lesto

Heile første halvår av 2024 handla om å handtere motsegner knytt til dei tre ovannemnde detaljreguleringsplanane. Dette gjaldt motsegner frå både Vestland fylkeskommune og Statsforvaltar. Alle planane vart vedteke utan motsegn av Stad kommunestyre 21. oktober 2024 og Kystverket sluttførte den 29. november 2024 konkurransegrunnlaget for Stad skipstunnel. Arbeidet vart deretter lagt ut på anbod.

Varsla risikofaktorar

Etableringa av Stad skipstunnel er tett integrert med Stad kommune si samfunns- og områdeutvikling av området ved og i nærleiken av skipstunnelen. Stad kommune har som nemnt innleiingsvis eit mål om å leggje til rette for verdiskaping og vekst både lokalt og regionalt i samband med at skipstunnelen blir etablert. Samtidig treng Kystverket at Stad kommune er ein føreseieleg og nær samarbeidspart, for at Kystverket skal få gjennomført sitt prosjekt som planlagt.

Tema ein peika på i 2024, som ein arbeide vidare med, for å handtere og redusere risiko er:

Beredskap:

- Branntryggleik
- Slokkevatn
- Evakuering frå tunnel
- Evakueringsareal
- Utstyr til brannslukking mv, og kostnader til dette

Eigedomsforhold og eigarskap

- Kven eig kva type areal?
- Kva er konsekvensane av ulike eigarskap?

Vatn

- Kva type vasskjelder er det behov for og når?
- Avtaleforhandlingar
- Finansiering
- Byggherreansvar
- Drikkevatn
- Førebuande tiltak reservevassforsyning til Vanylven kommune.

Kraft

- Førebuande tiltak for framtidig nettkapasitet til næringsområda
- Kartlegging av krafttilgang med grunnlag utfordringar med tilgang til nok kraft for framtidig utvikling av næringsområda

Drift og vedlikehald

- Klar ansvarsfordeling drift og vedlikehald av m.a. vegar og grøntareal

Illustrasjon og gjennomføring

- Illustrasjon kontra faktisk gjennomføring

Avtaleforhandlingar og avtaleinngåingar

- Type avtalar og når?
- Aktuelle avtalarr: grunnnerversavtalar, gjennomføringsavtalar, utbyggingsavtalar mm
- Har aktuelle aktørar finansiering klar i tide?
- Hastesaker

Internt ressursbehov

- Behov for kommunal koordinator, finansiering
- Samla kapasitet og kompetanse intern i kommunen

Status 2025

Stad kommunestyre godkjende i møte 24. oktober 2024 reguleringsplanane som ligg til grunn for utbygging av skipstunnelen med tilhøyrande deponi- og næringsområde :

- Detaljreguleringsplan for Stad skipstunnel
- Detaljreguleringsplan for Kjøde kai og næringsområde
- Detaljreguleringsplan for Lesto næringsområde
- Detaljreguleringsplan for utdjuping og mudring Saltasundet
- Områdeplan Stad skipstunnel – sjødeponi Moldefjorden

Anbudet for etablering av Stad skipstunnel vart lyst ut som ei totalentreprise, med ein plan om kontraktsgjennomføring hausten 2025 og byggjearbeid tidleg i 2026. Dette under føresetnad av at ein oppnådde tilbod innanfor kostnadsramma for prosjektet. Byggjetida har Kystverket estimert til fem år. Kystverket starta opp ein del førebudande arbeid for skipstunnelen i 2025, i samsvar med vedtekne detaljreguleringsplanar og i tråd med samarbeids- og intensjonsavtalane mellom Stad kommune og Kystverket. Vidare arbeid er avhengig av at det blir inngått ei rekkje utbyggingsavtalar mellom Kystverket og Stad kommune. Utbyggingsavtalane er av ulik karakter og omfang. Gjennom heile 2025 har Stad kommune og Kystverket arbeidd med følgjande saker, og som pågår enno:

- Utbyggingsavtale. Vassforsyning Åheim- Kjøde, sjølinje
- Utbyggingsavtale. Vassforsyning Pelagia – Berstad, sjølinje
- Utbyggingsavtale. Berstad VB vassbehandlingsanlegg
- Utbyggingsavtale. Infrastruktur Stad skipstunne
- Utbyggingsavtale. Utvikling av Lesto og Kjøde næringsområde
- Intensjonsavtale. Mottak av massar til nytt næringsområde - Moldestad
- Gjennomføringsavtale. Beredskap anleggsperiode og driftsfase

Kommunen skal, i samarbeid med Kystverket, arbeide for å etablere beredskapsavtalar som regulerer vilkår og kostnadsdeling ved eventuell oppretting av ekstra beredskap. Målet er å sikre ei rettferdig og økonomisk berekraftig løysing, som tek omsyn til prosjektet si nasjonale betydning og dei økonomiske konsekvensane for kommunen. Stad kommunestyre handsama i møte 23. oktober 2025, sak KS-25/160, ein intensjonsavtale om beredskap mellom partane. Vedtaket lyd slik:

"Stad kommune godkjenner vedlagt intensjonsavtale om «Dimensjonering av Stad kommune sin beredskap knyttet til prosjektet Stad skipstunnel».

I forslaget til statsbudsjett for 2026 varsla regjeringa at arbeidet med Stad skipstunnel skulle stansast. Stortinget gjorde deretter, i trontaledebatten 14. oktober 2025, følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringa sikre at Kystverket held fram og fullfører dei pågåande forhandlingane med dei utvalde entreprenørane i arbeidet med Stad skipstunnel for å få fram ein endeleg pris, samt jobbe fram kostnadsreducerande tiltak.»

Som følge av dette bad Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) Kystverket om å ta oppatt og gjennomføre anbudsprosessen for Stad skipstunnel. Målet er at saka kan leggjast fram for Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett 2026. Men dette er ikkje avgjort enno. Stad kommune har delteke i det omfattande arbeidet med å arbeide fram kostnadsreducerande tiltak ved gjennomgang av alle detaljreguleringsplanar og gjennom dialog med mottakarar av overskotsmassar frå skipstunnelen. Arbeidet med Stad skipstunnel har for Stad kommune sin del gått med full styrke, og lik bemanning som tidlegare.

Klima og miljø

Status

Innleiing

Endringar i klima og tap av natur er nokon vår tids største utfordringar. Stad kommune arbeidar kontinuerleg med klima, natur og miljø innan dei ulike sektorane og einingane. I dette kapittelet kan du sjå oppdaterte klimastatistikkar og lese om kommunen sitt klimabudsjett og arbeid med Miljøfyrtårn.

Klimautslepp

Klimastatistikken under omfattar dei direkte utsleppa som skjer innafor kommunen si geografiske grense. Utsleppsreduksjon er oppgjeve i [CO2-ekvivalentar](#). For meir informasjon om klimastatistikken kan ein gå til [Miljødirektoratet](#) sine sider. Stad kommune har ikkje klart å redusere klimagassutsleppa dei siste åra. I 2023 hadde kommunen eit utslepp på 70 791,2 tonn CO2 -ekvivalentar. Sjøfart er den største utsleppsektoren i kommunen, og utgjorde 53 % av dei totale utsleppa i 2023.

Klimabudsjett

Det årlege klimabudsjettet er med å sikre ei heilskapleg oppfølging av Stad kommune sitt klimaarbeid. I [Klimabudsjett for 2025](#) er det presentert tiltak som har potensiale til å redusere kommunen sine klimagassutslepp innan utgangen av 2025. Klimabudsjettet inneheld tiltak både for kommunen si eiga verksemd og tiltak retta mot kommunen sine innbyggjarar og næringsliv. Klimabudsjettet fungerer som handlingsprogrammet til [Temaplan for klima](#), der handlingsprogrammet skal reviderast og vedtakast årleg.

Det er rapportert på deler av klimabudsjettet i den siste tertialrapporteringa i 2025, men ikkje i denne årsrapporteringa.

Miljøfyrtårnsertifisering

Arbeidet med å miljøfyrtårnsertifisere kommunen er komet langt, og innan utgangen av 2025 var 23 kommunale verksemder sertifisert etter Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell. No er alle sertifiserbare verksemder innan sektorane «Kultur og samfunn» og «Oppvekst og opplæring» sertifisert. I tillegg er tre pilotar innan helse og omsorg sertifisert. Følgjande verksemder blei sertifisert i 2025:

- Valhall
- Selje Prestegard
- Eid brannstasjon og kommunalteknikk
- Eid helsestasjon og fysio-/ergoterapi
- Eid legekontor
- Selje helsesenter

Sertifiseringa skal bidra til å redusere dei direkte utsleppa frå kommunal verksemd, redusere det totale klimafotavtrykket frå eigen verksemd, bidra til eit godt arbeidsmiljø og sikre tydeleg miljøleing som er integrert i heile organisasjonen.

Arbeidet med Miljøfyrtårn starta opp hausten 2023. Kostnadane til prosjektet er summert opp under:


- 2023: 66 670,-
- 2024: 155 675,-
- 2025: 102 750,-

Stad kommune har ikkje nytta konsulent på Miljøfyrtårnarbeidet, men berre nytta egne ressursar. Arbeidstid til dei som jobbar med Miljøfyrtårn i hovudkontorgruppa og på dei ulike einingane kjem i tillegg til dei kostnadene som er talfesta her.

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp i tonn



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	3 399,1	2 738,7	1 822,7	1 705,6	1 606,8	1 278,4	811,8	795,8	1 040,2	916,7
Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	15 358,6	16 146,2	16 113,0	15 809,8	15 531,4	14 733,2	15 572,0	15 649,0	15 240,7	14 606,1
Sjøfart	30 288,4	30 056,7	30 058,7	34 299,4	29 744,6	32 190,2	24 155,9	27 481,3	36 841,3	36 997,0

Stad kommune - Årsrapport 2025

Veitrafikk	15 207,6	15 422,9	14 657,8	13 608,5	14 222,1	13 593,5	13 041,7	13 456,9	13 507,7	12 984,7
Avfall og avløp	1 723,4	1 760,7	1 674,4	1 781,3	1 781,0	1 734,3	1 598,4	1 500,7	1 849,7	1 863,1
Annen mobil forbrenning	3 931,3	3 482,7	6 726,3	6 870,3	4 749,1	4 422,4	2 903,3	2 698,1	2 653,9	2 224,9
Bruk av produkter med fluorgasser	1 848,3	1 754,3	1 735,6	1 739,8	1 661,0	1 631,7	1 610,5	1 567,5	1 465,5	1 478,1
Sum	71 756,8	71 362,2	72 788,6	75 814,7	69 295,9	69 583,7	59 693,7	63 149,3	72 599,0	71 070,7

Økonomisk status og utvikling

Økonomisk oversikt drift

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2025	Rev. budsjett 2025	Opph. budsjett 2025	Rekneskap 2024
Driftsinntekter:				
1 Rammetilskot	-453 464 909	-454 727 000	-453 756 000	-429 451 196
2 Skatt på inntekt og formue	-354 541 381	-346 382 000	-336 382 000	-312 728 721
3 Eigedomsskatt	-27 762 614	-27 700 000	-26 000 000	-24 376 454
4 Andre skatteinntekter	-1 826 854	-1 775 000	-1 075 000	-1 174 031
5 Andre overføringar og tilskot frå staten	-47 564 422	-47 077 000	-50 487 000	-60 184 899
6 Overføringar og tilskot frå andre	-295 719 444	-218 170 013	-187 008 891	-268 151 205
7 Brukarbetalingar	-32 248 711	-26 386 288	-28 013 288	-33 058 913
8 Sals- og leigeinntekter	-121 032 042	-111 288 160	-89 027 160	-110 548 264
9 Sum driftsinntekter	-1 334 160 377	-1 233 505 461	-1 171 749 339	-1 239 673 682
Driftsutgifter:				

Stad kommune - Årsrapport 2025

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2025	Rev. budsjett 2025	Opph. budsjett 2025	Rekneskap 2024
10 Utgifter til løn	665 981 138	630 376 942	664 684 508	645 746 539
11 Sosiale utgifter	159 460 634	156 763 878	155 670 063	143 659 595
12 Kjøp av varer og tenester	317 643 439	320 226 779	291 994 906	304 343 766
13 Overføringer og tilskot til andre	96 103 168	86 621 996	53 225 996	94 425 590
14 Avskrivningar	60 068 446	60 000 000	60 000 000	58 813 509
15 Sum driftsutgifter	1 299 256 824	1 253 989 595	1 225 575 473	1 246 988 998
16 Brutto driftsresultat	34 9903 552	-20 484 134	-53 826 134	-7 315 316
Finansinntekter:				
17 Renteinntekter	16 858 165	10 000 000	8 000 000	14 419 932
18 Utbytte	9 595 264	9 722 000	11 422 000	8 425 807
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	8 488 909	6 100 000	6 100 000	16 189 352
20 Renteutgifter	60 863 230	61 112 434	61 112 434	63 175 360
21 Avdrag på lån	52 968 776	55 589 000	55 589 000	53 560 663
22 Netto finansutgifter	-78 889 668	-90 879 434	-91 179 434	-77 700 932
23 Motpost avskrivningar	60 068 446	60 000 000	60 000 000	58 813 509
24 Netto driftsresultat	16 082 330	-51 363 568	-85 005 568	-26 202 740
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0	0	0	0
26 Avsettingar til bundne driftsfond	11 192 758	2 575 000	1 575 000	10 017 242
27 Bruk av bundne driftsfond	-4 745 690	-1 899 568	-1 091 568	-4 625 458
28 Avsettingar til disposisjonsfond	9 635 262	0	0	1 020 022
29 Bruk av disposisjonsfond	0	-52 039 000	-85 489 000	-32 614 546

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2025	Rev. budsjett 2025	Opph. budsjett 2025	Rekneskap 2024
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	16 082 330	-51 363 568	-85 005 568	-26 202 740
32 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Stad kommune sin rekneskap fekk eit netto driftsresultat på kr 16,1 mill (overskot), tilsvarande 1,2 % av brutto driftsinntekt. Landsgjennomsnittet for kommunane har eit netto driftsresultat på 2,2 % for 2025. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort utrekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid for at formuebevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar. Ein kan lese meir om TBU og rapportane deira på denne nettsida: [Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi \(TBU\)](#)

Brutto driftsresultat (post 16 i tabell) er på kr 34,9 mill. Fråtrekt bokførte avskrivningar, som ikkje har resultateffekt i kommunal rekneskap, gir dette eit justert brutto driftsresultat på kr 95,0 mill. Dette er nok til å dekke kommunen sine netto finansutgifter (post 22 i tabell), og gir deretter eit netto driftsresultat i pluss.

Kommunen har god likviditet ved at ein har disposisjonsfond og investeringsfond på til saman kr 264,5 mill. Dette har gjeve ei samla finansinntekt på kr 25,3 mill som har gått direkte til dekning av kommunen si tenesteyting. Utan denne inntekta ville netto driftsresultat vore på minus kr 9,2 mill.

Netto driftsresultat skal justerast for bruk og avsetning til bundne driftsfond (øyremerka tilskot). Deretter skal resultatet ved driftsoverskot setjast av til disposisjonsfond. Det er gjennomført avsetning til disposisjonsfond på kr 9,6 mill. Kr 5,0 mill av dette er sett av til kommunen sitt rente- og avkastningsfond, og kr 4,6 mill er sett av til kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Disse to fonda har saldo etter avsetning på kr 60,1 mill og kr 114,3 mill.

Avviksanalyse

I dette kapittelet vil vi gje kommentar til dei postane i tabellen *Økonomisk oversikt* ovanfor som har vesentlege avvik i høve revidert budsjett, jf. kommunelova § 14-7 pkt. b).

1 Rammetilskot

Denne posten inneheld både rammetilskotet og inntektsutjamninga. Samla blei disse postane kr 1,2 mill under budsjett. Rammetilskotet blei kr 1,6 mill over budsjett, hovudsakleg på grunn av ei sluttfordeling av skjønsmidlar frå Statsforvaltaren ved årsslutt. Inntektsutjamninga blei kr 2,9 mill lågare enn budsjettert. Dette er kompensert med høgare skatteinntekt.

2 Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntekta blei kr 8,0 mill over budsjett. Heile kommunesektoren fekk høgare skatteinntekt i 2025 enn det som låg i revidert nasjonalbudsjett. Dette kjem av større effektar enn venta på landsbasis frå lønsoppgjeret i 2025.

6 Overføringar og tilskot frå andre

Avviket på denne posten er på kr 77,5 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 45,9 mill er refusjon for sjukeløn og foreldrepengar. Kommunen budsjetterer ikkje med sjukeløn/fråværsløn som vert refundert frå NAV. Denne refusjonen går for det meste til å dekke utgifter til vikar i stillinga der refusjonen kjem inn. I 2025 vart det innført strenge restriksjonar for bruk av vikar ved permisjonar og sjukefråvær hos tilsette, og fleire stillingar vart ståande vakant.
- kr 9,9 mill av dette er øyremerkta prosjektmidlar.
- kr 15,1 mill er refusjonar frå andre (stat, fylke, kommunar) for teneste som kommunen har ytt til brukarar.
- kr 6,4 mill er meir momsrefusjon enn budsjettert. Her er momsutgifta lenger nede i tabellen tilsvarande høgare (post 13), slik at denne har ikkje resultateffekt.

Mykje av inntektene i kulepunkt 2 og 3 ovanfor kjem heilt på slutten av året etter at ein har dokumenterte utgifter. Det er difor vanskeleg å fange opp dette i budsjettendringssaker gjennom året.

7 Brukarbetalingar

Denne posten er kr 5,8 mill over budsjett. Storparten av dette kjem innafor Helse og omsorg, der opphald på institusjon utgjør kr 4,0 mill av meirinntekta.

8 Sals- og leigeinntekter

Avviket på denne posten er på kr 9,7 mill og kjem av følgjande hovudpostar:

- kr 2,4 mill er frå kommunale avgifter, der storparten er sett av til bunde fond ut frå regelverk
- kr 2,4 mill er frå husleigeinntekt ved utleige og framleige av bustader
- kr 3,2 mill er frå billettinntekter ved Operahuset. Her er det tilsvarande høgare utbetaling til artistar
- resten er fordelt på meirinntekter som er fakturert gjennom mange små postar frå einingane.

10 Løn og 11 sosiale utgifter

Meirforbruket på kr 35,6 mill er utgifter til vikarar og ekstrahjelp, og må sjåast opp mot refusjonar for sjukeløn som er kommentert ovanfor under post 6.

13 Overføringar og tilskot til andre

Utgifta her er kr 9,5 mill over budsjett og kjem av følgjande hovudpostar:

- Kr 6,4 er meir momsutgift enn budsjettert. Her er momsrefusjonen i post 6 tilsvarande høgare, slik at denne har ikkje resultateffekt
- Kr 1,9 mill er høgare utbetalingar til artistar gjennom Operahuset. Her er billettinntekter også tilsvarande høgare, jf. kommentar under post 8
- Kr 0,6 mill er utbetalingar frå Oklafondet (dekt frå bunde fond)

- Kr 1,0 mill er utbetaling til veterinærvakt, dekt frå øymerka tilskot frå staten

19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar

Kommunen har fått noko høgare avkastning på eksternt plasserte midlar enn det som ligg til grunn i regulert budsjett. Viser til note 14 i kommunen sin rekneskap og eigen årsrapport om kommunen si finansforvaltning handsama i kommunestyret 12. mars 2026.

26 Avsetning til bundne driftsfond

Denne posten inneheld avsetning av statlege øymerka tilskot/prosjektmidlar til bruk i seinare år, i samsvar med retningslinjer knytt til midlane. Dette har samanheng med inntektene kommentert under post 6. Ein ser ikkje resultatet av denne posten før rekneskapen/prosjekta vert årsavslutta i januar og utgiftene/inntektene er dokumentert.

27 Bruk av bundne driftsfond

Denne posten inneheld bruk av øymerka tilskot og prosjektmidlar som har blitt avsett tidlegare år, til bruk i prosjekta når utgiftene er påløpt. Ein ser ikkje resultatet av denne posten før rekneskapen/prosjekta vert årsavslutta i januar og utgiftene/inntektene er dokumentert.

28 Avsetningar til disposisjonsfond

Netto driftsresultat skal justerast for bruk og avsetning til bundne driftsfond (øymerka tilskot). Deretter skal resultatet ved driftsoverskot setjast av til disposisjonsfond. Det er gjennomført avsetning til disposisjonsfond på kr 9,6 mill. Kr 5,0 mill av dette er sett v til kommunen sitt rente- og avkastningsfond, og kr 4,6 mill er sett av til kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Disse to fonda har saldo etter avsetning på kr 60,1 mill og kr 114,3 mill.

29 Bruk av disposisjonsfond

- Det var budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 2,5 mill til diverse driftsprosjekt ut frå kommunestyrevedtak. På grunn av driftsoverskot i 2025 er denne bruken ikkje bokført. Dette er i samsvar med rekneskapsforskrifta § 4-3.
- Det var også budsjettert med kr 49,5 mill i bruk av disposisjonsfond i 2025 for å balansere kommunen sitt driftsbudsjett. På grunn av driftsoverskot i 2025 er denne bruken ikkje bokført. Dette er i samsvar med rekneskapsforskrifta § 4-3.

Avsnittet «Økonomiske vurderingar kring drifta» lenger nede i dette kapitlet inneheld også informasjon og forklaringar knytt til det rekneskapsmessige resultatet.

Resultatutvikling dei siste åra

Stad kommune har som ein av fleire økonomiske handlingsreglar at «Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028». Ein var nær å nå dette resultatet for 2025. Teknisk Beregningsutval (TBU) si anbefaling er eit netto driftsresultat på 1,75 %. Stad kommune var innafor denne anbefalinga i åra 2020-2022.

Stad kommune - Årsrapport 2025


(Tal i tusen)	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Brutto driftsinntekt	932 700	989 251	1 063 105	1 154 476	1 239 674	1 334 160
Driftsutgifter inkl. avskrivningar	894 120	955 532	1 021 069	1 130 361	1 246 989	1 299 257
Brutto driftsres.	38 580	33 719	42 036	24 115	-7 315	34 903
Brt. res i % av brt. driftsinntekt	4,14 %	3,41 %	3,95 %	2,09 %	-0,59 %	2,62 %
Renteinntekter, kursvinst, utbyte	12 119	13 657	-581	24 790	39 035	34 942
Sum finansinntekter	12 119	13 657	-581	24 790	39 035	34 942
Renteutgifter, kurstap	17 722	13 886	22 816	48 670	63 175	60 863
Avdrag på lån	39 178	42 630	49 736	55 751	53 561	52 968
Sum finansutgifter	56 900	56 516	72 552	104 421	116 736	113 831
Brutto driftsres.	38 580	33 719	42 036	24 115	-7 315	34 903
Finansinntekter	12 119	13 657	-581	24 790	39 035	34 942
Finansutgifter	56 900	56 516	72 552	104 421	116 736	113 831
Motpost avskrivningar	46 770	51 549	53 813	56 429	58 813	60 068
Netto Driftsres.	40 569	42 409	22 716	913	-26 203	16 082
Nto. res i % av brt. driftsinntekt	4,35 %	4,29 %	2,14 %	0,08 %	-2,11 %	1,21 %
Bruk av fond	39 644	10 736	23 809	14 390	12 688	4 746
Avsetning til fond	41 089	5 611	10 051	12 127	11 037	11 193
Resultat drift (minus er lik underskot)	39 124	47 534	36 474	3 176	-24 552	9 635

Merknad:

Resultat drift i 2024 (underskot) er dekket inn ved bruk av disposisjonsfond i samsvar med KS-vedtak.

Resultat drift i åra med overskot, er sett av til disposisjonsfond i samsvar med KS-vedtak.

Diagrammet nedanfor syner utvikling i netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt, inkl. sist vedteken økonomiplan 2026-2029:



Netto driftsresultat fekk ei markant endring i 2025. Utfordringa blir no å unngå at 2026 endar med eit netto driftsresultat på minus 3,1 %, slik budsjettet er vedteke. Vidare er det viktig å ha mål om å nå kommunen sin handlingsregel på 1,25 % i 2028. Budsjettet er vedteke med eit netto driftsresultat på null i 2028.

Nøkkeltal frå rekneskapen

Dette kapittelet vil gje opplysning om utviklinga dei siste åra, både knytt til driftsresultat og økonomiske nøkkeltal, i samsvar med kommunelova § 14-7 pkt a).

BALANSEN

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil vi finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal vurderast. Den inneheld opplysningar om bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlane er m.a. det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Vidare må det reknast med det som er plassert til aktiv forvaltning og kortsiktige krav. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalt til kommunen.

KORTSIKTIG GJELD

Den kortsiktige gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12 (drifts- og investeringsutgifter).

LANGSIKTIG GJELD

Dette er alle lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen si lånegjeld.

EIGENKAPITALEN

I eigenkapitalen finn vi postane som er avsett til fond. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå som ein motkonto vedkomande bruk av lån, aktivering vedkomande bygg og anlegg m.m.

Kommunen si gjeld

Lånegjeld som inngår i rekneskapen til Stad Energi og Eigedomsutvikling KF (kr 92,5 mill) inngår ikkje i oppstillingane og kommentarane i denne årsrapporten.

(Tal i tusen) År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kortsiktig gjeld	148 620	138 769	149 499	164 109	169 581	164 123
Langsiktig gjeld eks. pensjon	1 052 982	1 173 254	1 214 809	1 309 657	1 360 707	1 419 086

Tala i denne tabellen er utan Stad Energi og Eigedomsutvikling KF.

Den kortsiktige gjelda består hovudsakleg av forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og leverandørgjeld.

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er samla lånegjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og lån til vidareutlån. Det vil seie all lånegjeld som er knytt til investeringar som er gjennomført og aktivert i balansen.

(Tal i tusen) År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Brutto lånegjeld	1 052 982	1 173 254	1 214 809	1 309 657	1 360 707	1 419 086
-Vidareutlån	-12 528	-14 236	-34 483	-50 414	-84 174	-119 737
-Unyttta lånemidlar	15 208	-66 452	-56 252	-116 018	-95 398	-134 014
= Netto lånegjeld	1 055 662	1 092 566	1 124 074	1 143 225	1 181 135	1 165 335
Netto lånegjeld i % av						
brutto driftsinntekt	113,2	110,4	105,7	99,0	95,3	87,5
Brutto lånegjeld i % av						
brutto driftsinntekt	112,9	118,6	114,3	113,4	109,8	106,4

Tala i denne tabellen er utan Stad Energi og Eigedomsutvikling KF.

Stad kommune har ei netto lånegjeld på 87,5 % av brutto driftsinntekt. Dette er om lag som det kommunale landsgjennomsnittet. Denne har hatt nedgang i alle år sett opp mot brutto driftsinntekt. Ein skal likevel være merksam på at kronebeløpet i lånegjelda har auka i same periode, men dermed ikkje like mykje som brutto driftsinntekt.

Ein del av netto lånegjeld er til område/tiltak som er direkte sjølvfinansierende. Dette er m.a.:

- Kr 221,5 mill er lån til tiltak innan sjølvkostområda (vatn, avløp, renovasjon, slam). Renter og avdrag til desse låna vert dekt inn gjennom dei kommunale gebyra.
- Kr 195,0 mill er lån til kommunale utleigebustader, der rente og avdrag vert dekt inn gjennom husleieinntekt

Netto lånegjeld og frie inntekter i kr pr. innbyggjar

År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Frie inntekter, kr pr innbyggjar	58 715	63 908	71 648	67 938	76 875	84 032
Nto lånegjeld, kr pr innb.	110 924	114 802	117 791	118 962	122 334	121 375
Nto lånegjeld i % av frie inntekter (pr innbyggjar)	188,9	179,6	164,4	175,1	159,1	144,4

Tala i denne tabellen er utan Stad Energi og Eigedomsutvikling KF.

Forholdet mellom frie inntekter og netto lånegjeld er også ein indikator på korleis lånegjelda i kommunen har endra seg dei siste åra. Auke i %-delen gjer at større prosentvis del av kommunen sine frie inntekter vil gå med til å betale rente og avdrag på kommunen sine lån, og motsett ved reduksjon i %-delen. Vi ser at denne fekk ei nokså sterk auke frå 2022 til 2023. Nedgangen i %-delen i 2021 og 2022 kjem hovudsakleg av den høge skatteinngangen disse to åra. Frå 2023 til 2025 ser vi ein klar nedgang. Dette kjem m.a. av kommunen sin handlingsregel med redusert låneopptak til tiltak som ikkje er sjølvfinansierende.

Langsiktig gjeld og frie inntekter samanlikna med andre

Pr. 31.12.2025	Stad	Stryn	Volda	Sunnfjord	Gj. snitt gruppe 2	Gj.snitt landet
Frie inntekter kr pr innbyggjar	84 032	83 425	80 383	80 823	83 659	78 932
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,3	0,5	-1,8	0,4	0,8	2,2
Netto lånegjeld kr pr innbyggjar	130 836	95 663	177 276	106 584	128 372	105 098
Netto lånegjeld i % av brt driftsinntekt	92,1	82,3	131,6	88,8	89,8	88,1

Pr. 31.12.2025	Stad	Stryn	Volda	Sunnfjord	Gj. snitt gruppe 2	Gj.snitt landet
Renteekspontert gjeld i % av brt driftsinntekt	57,1	48,3	100,3	72,2	57,3	48,2
Sum lånegjeld i % av brt driftsinntekt	110,7	89,7	141,2	108,9	110,8	113,8
Pensjonsforpliktelse i % av brt driftsinntekt	104,1	119,0	103,2	121,2	117,6	109,3
Disposisjonsfond i % av brt driftsinntekt	13,3	5,5	5,2	0,7	9,7	11,8

Tala i denne tabellen er inklusiv kommunalt føretak, dvs konserntal

Stad kommune si lånegjeld i % av brutto driftsinntekt har gått ned dei siste åra, og er no kring landsgjennomsnittet, alt etter korleis dette blir målt. Kommunen har likevel høg lånegjeld sett opp mot tal innbyggjarar. I disse tala inngår også kommunale føretak.

Stad kommune har lågare pensjonsforplikting enn landsgjennomsnittet, noko som også gir lågare pensjonsutgift. Kommunen har høgare %-del disposisjonsfond enn landsgjennomsnittet, noko som er positivt med tanke på soliditet, likviditet og kommunestyret sitt handlingsrom.

Driftslikviditet

(Tal i tusen) År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Omløpsmidlar	375 254	496 321	518 989	588 401	545 973	595 115
Kortsikt. gjeld	-148 620	-138 769	-149 499	-164 109	-169 581	-164 123
Arbeidskapital	226 634	357 552	369 490	424 292	376 392	430 992
Nto blanseført premieavvik	-51 874	-80 540	-86 334	-120 243	-108 373	-92 459
Unytta lån	15 208	-66 452	-56 252	-116 018	-95 398	-134 014
Bundne fond og inv.fond	-120 438	-122 235	-118 931	-111 192	-115 508	-121 856
Driftslikviditet	69 530	88 325	107 973	76 839	57 113	82 663

Tala i denne tabellen er utan Stad Energi og Eigedomsutvikling KF.

Driftslikviditeten er auka med kr 25,5 mill siste året. Dette kjem hovudsakleg av:

- Redusert kortsiktig gjeld på kr 5,5 mill
- Verdiauke (avkastning) på plasserte midlar på kr 8,5 mill
- Driftsresultat (mindreforbruk) på kr 9,6 mill etter bruk/avsetning bundne fond, avsett til disposisjonsfond.

Utvikling i rekneskapen sin fondsdel

(Tal i tusen) År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Disposisjonsfond	119 738	168 197	193 238	196 414	164 819	174 454
Bundne driftsfond	32 674	26 624	24 299	21 523	26 915	33 362
Ubundne investeringsfond	81 892	94 325	94 162	89 198	88 221	88 121
Bundne investeringsfond	5 872	1 286	471	471	372	372
Samla	240 176	290 432	312 170	307 606	280 327	296 309

Tala i denne tabellen er utan Stad Energi og Eigedomsutvikling KF.

Av disposisjonsfondet er kr 84,7 mill vedteke brukt for å balansere driftsbudsjettet (økonomiplan) i åra 2026-2029. Vidare er kr 60,1 mill av disposisjonsfondet sett av som eit rente- og avkastningsfond til buffer mot svingingar i aktiv forvaltning og eventuelt brått stigande rente på kommunen si lånegjeld. Kommunen sine avsette midlar på fond gir tilsvarande likviditet, der ein del er sett til ekstern forvaltning. Pr. 31.12.2025 hadde denne plasseringa ein verdi på kr 125,0 mill.

Frie inntekter frå staten i % av brutto driftsinntekt

År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Skatteinntekt i % av brutto driftsinntekt	25,63	27,55	28,88	26,30	25,23	26,58
Rammetilskot + innt.utjamn. i % av brutto driftsinntekt	39,73	39,63	38,08	34,82	34,64	33,99
Samla	65,37	67,18	66,96	61,13	59,87	60,57

Delen av frie inntekter frå staten, sett i høve dei samla inntektene for kommunen, har gått jamt nedover i perioden 2021-2024, frå 67,2 % til 59,9 %. Dette kjem av at kommunen har hatt større vekst i andre inntekter som overføringar frå havbruksfondet, utbyte og avkastning, refusjonar, brukarbetalingar osv. I 2025 har dette snudd, hovudsakleg fordi kommunane fekk ein noko uventa vekst i skatteinntekta i andre halvår.

Økonomiske vurderingar kring drifta

Økonomiske resultat av drifta innafor rammeområda

Driftsrekneskapen for 2025 gav eit mindreforbruk på kr 9,6 mill, justert for bruk og avsetning til bundne driftsfond. Etter rekneskapsforskrift gjeldande frå 01.01.2020, skal mindreforbruk i driftsrekneskapen

førast som avsetning til disposisjonsfond før rekneskapen går til politisk handsaming.

Resultatet for dei enkelte kommunalområda fordelar seg slik (i 1000 kr):

STAD KOMMUNE (tal i tusen)	Rev. budsj. 2025	Rekneskap 2025	Avvik 2025	Herav løn
KOMMUNALOMRÅDE:				
Sentraladministrasjonen	86 265	84 462	-1 803	918
Oppvekst og opplæring	318 498	312 259	-6 239	1 326
Helse og omsorg	381 098	362 589	-18 509	-5 412
Kultur og samfunn	88 565	76 465	-12 100	-2 552
Delsum	874 426	835 775	-38 651	-5 720
* Felles inntekter/utgifter (finans)	-874 426	-845 410	29 016	
Sum (minus er lik mindreforbruk)	-	-9 635	-9 635	

Til saman er det eit mindreforbruk/meirinntekt på kr 38,6 mill innafor rammeområda i høve budsjett. Dette kjem hovudsakleg av følgjande årsaker:

- Statlege refusjonar knytt til spesielle teneste
- Øyremerkta tilskot til prosjekt
- Reduserte vedlikehalds- og driftsutgifter
- Mindreforbruk løn

Resultatet kring tenesteytinga er også omtalt i rammeområda sine kapittel i denne årsrapporten.

Spesifisering av avvikspostar under Felles inntekter/utgifter (finans)

I tillegg til mindreforbruk/meirinntekter innafor tenesteytinga i rammeområda, er det nokre postar under ansvar 800 Felles inntekter/utgifter (finans) i tabellen ovanfor som bidreg til rekneskapsresultatet. Desse postane er spesifisert nedanfor med kommentarar:

*Spesifisering av postar som gir endringa i rad "Felles inntekter/utgifter (finans)" ovanfor:	Budsjett	Rekneskap	Avvik 2025
Premieavvik+premiefond pensjon	-39 061	-40 340	-1 279
Flyktingtilskotet	-35 037	-35 184	-147

*Spesifisering av postar som gir endringa i rad "Felles inntekter/utgifter (finans)" ovanfor:	Budsjett	Rekneskap	Avvik 2025
Skatteinntekt+inntektsutjamning	-383 347	-388 676	-5 329
Rammetilskot	-417 762	-419 377	-1 615
Renteinntekt+rentekompensasjonar	-13 150	-15 026	-1 876
Renteutgifter+avdrag	116 701	109 246	-7 455
Avkastning plasserte midlar	-6 100	-8 489	-2 389
Innbetaling av tidlegare forskottering spelem.		-348	-348
Diverse andre postar		-218	-71
Vedteke bruk disp.fond til balansering	-49 525	-	49 525
Sum (minus er lik mindreforbruk/meirinntekt)			29 016

Premieavvik+premiefond pensjon blei kr 1,3 mill høgare enn budsjettert (meirinntekt). Årsaka til dette er at betalt premie til pensjon blei høgare enn det som skal førast som kostnad i 2025 og avsetninga til balansen blei difor høgare, noko som gir redusert utgift i 2025. Premieavviket skal inntektsførast i 2025 og tilbakeførast med 1/7 dei neste sju åra. Det er ei eiga forskrift knytt til dette som kommunane må halde seg til. Slik sett er dette berre ei utsett utgift. Vidare har kommunen fått overført meir midlar til premiefond hos KLP enn budsjettert. Dette gir lågare premie ved at denne vert dekt frå premiefondet.

Skatteinntekt+inntektsutjamning blei samla sett høgare enn budsjettert. Dette kjem av at skatteinntekta blei kr 8,2 mill over budsjett, medan inntektsutjamninga blei kr 2,9 mill under budsjett.

Rammetilskotet blei kr 1,6 mill høgare enn budsjett. Det kjem av ei fordeling av rest skjønsmidlar som Stasforvaltaren gjorde ved årsslutt.

Renteinntektene blei kr 1,9 mill mill over budsjett. Dette kjem av lågare løns- og driftsutgifter enn budsjettert, noko som igjen gir betre likviditet og meir pengar på bankkonto enn budsjettert.

Renteutgifter på kommunen si lånegjeld blei kr 4,8 mill lågare enn budsjettert. Dette kjem av noko lågare gjennomsnittleg rente på låneporteføljen enn det ein såg føre seg i løpet av året. Dette oppnådde ein ved å ha deler av porteføljen i korte lån i marknaden kombinert med fastrente. Det er betalt kr 60,8 mill i renteutgift i 2025.

Avdrag på kommunen si lånegjeld er betalt inn med ein samla sum som blei kr 2,6 mill under budsjett. Kommunen betalar storparten av årets avdrag på slutten av året, utrekna opp mot kommunelova sitt krav om minste lovlege avdrag. Det er betalt kr 54,5 mill i avdrag i 2025.

Avkastning frå plasserte midlar blei kr 2,4 mill over budsjett. 2025 var meir som eit gjennomsnittleg år

for plassering av midlar på alle område, både nasjonalt og internasjonalt. Denne posten er også omtalt i eiga sak om kommunen si finans- og gjeldsforvaltning for 2025, som blei handsama i kommunestyret 12. mars 2026.

Bruk av disposisjonsfond blei vedteke redusert frå kr 85,1 mill til kr 49,5 mill gjennom budsjettendringar i 2025. På grunn av at kommunen til slutt fekk eit overskot i driftsrekneskapen i 2025, så skal bruk av disposisjonsfond strykast i rekneskapen. Dette er gjort i samsvar med kommunelov og rekneskapsforskrift § 4-3.

Rekneskap pr. eining

	Totalresultat pr. eining				
Ansvar	Eining	Rev. budsjett 2025	Rekneskap 2025	%-forbruk	Avvik
100	Politikk	7 319 297	7 445 831	101,7	126 534
109	Innsparing sentraladm.	-2 707 000	0	0,0	2 707 000
110	Kommunedirektør	7 226 984	7 364 913	101,9	137 929
111	Økonomi	10 280 431	11 319 448	110,1	1 039 017
112	Personal og kommunikasjon	20 229 945	18 128 074	89,6	-2 101 871
113	Strategi og samordning	35 475 754	31 743 040	89,5	-3 732 714
115	Trus- og livssynssamfunn	8 440 000	8 460 551	100,2	20 551
200	Oppvekst og opplæring - administrasjon	27 390 000	44 814 248	163,6	17 424 248
201	Leikvang barnehage	10 216 948	9 140 063	89,5	-1 076 885
202	Selje barnehage	9 920 879	8 407 986	84,8	-1 512 893
203	Flatraket barnehage	7 172 787	5 506 822	76,8	-1 665 965
205	Stårheim barnehage	7 092 247	6 890 298	97,2	-201 949
207	Golvseengane barnehage	30 134 609	30 062 433	99,8	-72 176
208	Gjerdane barnehage	16 654 268	15 554 181	93,4	-1 100 087
221	Stadlandet skule	15 991 910	14 206 009	88,8	-1 785 901
222	Selje skule	19 888 125	16 361 365	82,3	-3 526 760
223	Flatraket skule	7 962 441	7 678 765	96,4	-283 676
225	Stårheim skule	7 281 332	6 580 263	90,4	-701 069
226	Haugen skule og barnehage	13 661 585	11 792 896	86,3	-1 868 689
227	Nordfjordeid skule	46 754 169	42 525 873	91,0	-4 228 296

Stad kommune - Årsrapport 2025

	Totalresultat pr. eining				
Ansvar	Eining	Rev. budsjett 2025	Rekneskap 2025	%-forbruk	Avvik
228	Hjelle skule	11 622 789	10 397 712	89,5	-1 225 077
229	Eid ungdomsskule	35 680 791	34 071 180	95,5	-1 609 611
240	Barnevern	17 159 432	18 226 908	106,2	1 067 476
250	Opplæring og integrering	33 913 196	30 041 630	88,6	-3 871 566
300	Helse og omsorg - administrasjon	-18 972 000	48 615	-0,3	19 020 615
301	Helse	54 745 768	47 597 846	86,9	-7 147 922
311	Heimetenesta	85 365 253	78 568 786	92,0	-6 796 467
315	Bu- og miljøtenesta	134 085 651	124 428 671	92,8	-9 656 980
321	Seljetunet omsorg og rehabilitering	49 545 687	43 764 921	88,3	-5 780 766
322	Hogatunet bu- og behandlingssenter	60 100 880	55 458 214	92,3	-4 642 666
340	Arbeid og velferd - NAV	16 226 680	12 722 134	78,4	-3 504 546
400	Kultur og samfunn - administrasjon	-1 803 000	14 508	-0,8	1 817 508
411	Kommunalteknikk	7 431 668	-112 728	-1,5	-7 544 396
412	Plan og forvaltning	8 904 102	7 821 636	87,8	-1 082 466
413	Brann, redning og førebygging	10 108 953	9 111 782	90,1	-997 171
414	Eigedom	48 967 842	45 504 448	92,9	-3 463 394
450	Kultur	14 955 163	14 125 270	94,5	-829 893
	TOTALT	874 425 566	835 774 592		-38 650 974

Minus er lik mindreforbruk/meirinntekt (overskot)

KOSTRA hovudtal

	Stad 2024	Stad 2025	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-0,3 %	2,9 %	1,1 %	1,9 %	-0,0 %	1,7 %	2,4 %
Brutto investeringsutgift i prosent av brutto driftsutgift (B)	8,9 %	4,6 %	11,0 %	6,7 %	7,7 %	10,0 %	12,7 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	13,5 %	13,3 %	5,5 %	5,2 %	0,7 %	9,7 %	12,0 %

Stad kommune - Årsrapport 2025

Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,9 %	2,0 %	2,1 %	3,4 %	3,4 %	4,0 %	2,8 %
Frie inntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	58,3 %	59,0 %	67,8 %	57,9 %	67,3 %	58,5 %	65,7 %
Dekningsgrad							
Eiendomsskatt totalt Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	1,9 %	2,0 %	2,1 %	3,4 %	3,4 %		
Økonomi							
(Fylkes-)Kommunekasse Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	109,8 %	106,4 %	89,1 %	139,5 %	111,1 %		
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	22,0 %	25,6 %	11,8 %	6,6 %	5,8 %	14,3 %	
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	131 893	142 397	123 015	138 906	120 096	142 951	
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	132 222	138 272	121 633	136 340	120 115	140 497	
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	13,5 %	13,3 %	5,5 %	5,2 %	0,7 %	8,0 %	
Frie inntekter i kroner per innbygger **)	70 472	77 962	77 403	77 976	79 970	78 058	
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	115,0 %	110,7 %	89,7 %	141,2 %	108,9 %	110,8 %	
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,0 %	1,3 %	0,5 %	-1,8 %	0,4 %	0,8 %	
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	132 567	131 213	101 235	182 852	106 611	128 372	
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	100,5 %	92,1 %	82,3 %	131,6 %	88,8 %	89,8 %	
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	65,1 %	57,1 %	48,3 %	100,3 %	72,2 %	57,3 %	
Pensjonsforpliktelse (Fylkes-)Kommuners konsoliderte regnskap Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	99,4 %	105,3 %	123,5 %	104,8 %	122,6 %		
Renteesponert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	82,7 %	74,8 %	61,7 %	109,2 %	77,3 %	69,7 %	

Investeringar

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
Avløp - tiltaksplan	-	-	LØPANDE	2 023	2 023	Forsinket	Kommuestyret gjorde i KS-sak 24/170 vedtak om å sette av nye 8 500 000,- på investeringsbudsjettet til dette prosjektet i 2025. Statsforvaltaren og kommunestyret har seinare godkjent dette låneopptaket. Restmidlar på ca 4,0 mill overført frå 2024. Følgjande tiltak på avløp er planlagd gjennomført i 2025: - Skifte ut Åsen pumpestasjon på Haugen - Tilbudsprosess pågår og kontrakt for levering av pumpe vil bli/blei signert i januar 2026. Arbeidet vil starte opp i april 2026. - Oppgradere eksisterande reinseanlegg på Melh (Nordfjordeid) - Teknisk ombygging gjennomført i 2025: Har bestilt ny container for enklare slamhåndtering. Brakke for mannskap er montert, toalett og garderobe skitten/rein sone er på plass. Har etablert påbygg ved reinseanlegget, for å få plass til ny container. Har oppgradert reinseanlegget med nye transportskruar mtp auka mengde slam. - Utbetring avløpspumpestasjoner, etter tilstandskartlegging i 2024. Det har vore gjennomført synfaring på alle avlauspumpestasjonane for å vurdere kva stasjonar ein skal prioritere i 2025/2026. Arbeid som vil bli prioritert er å montere tilbakeslagsventilar og mengdemålarar på utvalde pumpestasjonar. - Ny traktor, inkl tilhengar - Traktor blir levert mars 2026 (kostnadsfordeling mellom prosjekt 4100, 4200 og 4311) Pga. liten kapasitet hos kommunen sine prosjektleiarar har ein ikkje fått fullført alle delprosjekta i 2025 slik som tanken var.
Beredskapssenter Nordfjordeid	34 398	34 090	4K-2025	34	34	Iht. plan	Gjenstår montering av snøfangarar på lagerbygg.

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Berstadvatn drikkevasskjelde	2 883	2 920	4K-2033	218	218 lht. plan	Prosjektet vil avsluttast våren 2026. Planen er å ha sluttrapport klar til kommunestyremøte i april/mai 2026. NVE har gjennomført ny synfaring i området hausten 2025, saman med kommunen og grunneigarar i området. Dette i samband med deira pågåande handsaming av konsesjonssøknad om å nytte Berstadvatnet som drikkevasskjelde. Kommunen har ikkje fått svar på om ein får konsesjon for nytt vassverk på Berstad, inkl vassleidningar til ein ev. skipstunnel og næringsområde på Lesto. Det er gitt foreløpige signal på at søknaden kan verte ferdigbehandla våren 2026.
Brannbilar og brannutstyr	1 527	1 535	Ferdig	1 527	1 535 Ferdig	Ny vaktbil for 01-vakt blei levert i oktober 2025. Ved å selje den gamle vaktbilen, klarte ein å halde seg innafor budsjetterte midlar på 1,3 mill.
Brannstasjon Selje	66 871	584	4K-2028	462	376 lht. plan	Tomt ved Saga Boats er fådelt, betalt og overdrege til kommunen. Arbeid med detaljprosjektering pågår. Lagerhallen som står på tomta ligger ute på FINN for å avklare om nokon har interesse av å demontere den ved at dei får hallen eller betaler noko for den. Har sendt førespurnad til geoteknisk konsulent om geoteknisk vurdering av tomta, jf. krav i reguleringsplan for Selje sentrum.
Bufellesskap Leikanger	241	193	4K-2035	241	193 lht. plan	Brukarundersøking gjennomført. Evaluering av denne og vidare framdrift i løpet av mars 2026.
Bustadfelt Bryggja	3 943	2 094	4K-2028	250	456 Forsinket	VAO rammeplan ferdig utarbeidd av konsulent. Planavdeling fortsetter regulering av avgrensa område - med mål om vedtak for høyring sommar 2026.
Bustadfelt Hjelle	742	639	4K-2032	233	210 Forsinket	Arbeid med reguleringsplan held fram med mål om politisk vedtak for 3.gangs høyring i mai.

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Bustadfelt Langelandsåsen - Nordfjordeid	12 537	230	4K-2032	104	91 Forsinket	Regulering av Langelandsåsen er planlagt å starte hausten 2026. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med prosjektet Overvatn Langelandsåsen.
Helsesenter Selje	53 513	53 023	Ferdig	84	84 Ferdig	Prosjektet er ferdig. Ventar enno på restbetaling vedkomande sal av det gamle helsesenteret. Når det er avklart blir prosjektet avslutta.
Hove aktivitetssenter	2 759	208	4K-2030	259	208 Iht. plan	Brukararne og tilsette på Hove aktivitetssenter er flyttet ned til kommunehuset i Selje. Tilbodet har fått nytt namn (LA senter Selje). Det har vore gjort mindre ombyggingar på kommunehusets 1. etasje. Gjenstår nokre arbeid med å få gjenetablert møterom i 3. etasje for dei møteromma i 1. etasje som ikkje kan nyttast av andre tilsette i opningstida til LA senteret.
Kaldekloven/Støvelsvatn damanlegg	11 981	10 091	4K-2028	413	414 Iht. plan	Arbeidet med Kaldekloven damanlegg er ferdigstilt. Når det gjelder krav om oppgradering av dam i Støvelsvatnet damanlegg, så er prosjektleiar i dialog med kraftselskap med tanke på ei ev. overtaking av det fysiske og økonomiske ansvaret av dammen. Dette arbeidet pågår fortsatt, og løysing/samarbeid er ikkje avklart.
Kvikkleire Uldegrova	10 224	7 658	4K-2028	506	452 Iht. plan	Det fysiske arbeidet i Uldegrova er ferdig. Sluttrapport på prosjektet kjem i løpet av våren 2026.
Maskiner og utstyr	-	-	LØPANDE	867	855 Iht. plan	Kommunalteknikk har planlagt/kjøpt inn følgjande maskinar og utstyr: - Ny traktor, inklusiv tilhengar (1,25 mill.) - (1,25 mil VA (4100/4200) - Traktor blir levert i mars 2026. - Ny spakekontroll hjullaster (0,13 mill) - Er kjøpt inn. - Ny tilhengar i indre (0,2 mill). Er kjøpt inn. Eigedom har planlagt innkjøp av følgjande følgjande utstyr: - Lift - Eksisterande lift er gamal og utslitt. Liften blir levert i feb/mars 2026.
Omsorgsbustader og utbetring Hogatunet	18 438	251	4K-2034	198	158 Iht. plan	Prosjektet er ferdig. Ventar enno på restbetaling vedkomande sal av det gamle

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
Operahuset utstyr	4 956	4 939	4K-2030	4 956	4 939	Iht. plan	helsesenteret. Når det er avklart blir prosjektet avslutta. Ferdigstilt i 2025.
Oppgradering av kommunale vegar	-	-	LØPANDE	3 711	3 626	Ferdig	Følgjande strekningar er asfaltert i 2025: - Alèen (175 m) - Nordfjordeid, - Leivdalsvegen (340 m) - Hjelle, Øvregardsbakkane (210 m) - Flatraket, - Myroldhaugvegen (207 m) - Nordfjordeid, - Bjørhovdevegen (680 m) - Haugane. I tillegg har ein oppgradert gatelys ved fylkesvegen på Flatraket, slik at fylkeskommunen kan overta ansvaret for disse gatelysa.
Oppgradering komm. bygg	-	-	LØPANDE	4 342	3 489	Iht. plan	Følgjande prosjekt er gjennomført i 2025: - Oppgradering leilegheit Skogavegen Selje -Ferdigstilt oktober 2025. - Vent. anlegg Gjerdane 14 - Var ferdigstilt april 2025. - Oppgradere tak Strandavegen 20 Bryggja - Ferdigstilt august 2025. - Solskjerming Golvsengane barnehage -Ferdigstilt oktober 2025. - Følgjande prosjekt blir arbeidd vidare med i 2026: - Varmepumpe Selje skule - Har utarbeidd anbodsgrunnlag og kostnadsoverslag. - Varmepumpe Rådhuset - Blir utsett pga. manglande finansiering. - Varmepumpe Eid idrettshall - Har utarbeidd anbodsgrunnlag og kostnadsoverslag.
Overvatn Hogaåsen-Langelandsåsen	154	138	4K-2033	82	66	Forsinket	Tidlegfase dialog med konsulent knytt til grunnundersøking og prosjektering av overvatn gjennomført. Dette arbeidet blir tatt vidare våren/sommar 2026.
Renseanlegg Nordfjordeid	173 747	3 746	4K-2033	1 560	1 559	Iht. plan	Har vore arbeidd med reguleringsplan for området ved Prestevika på Nordfjordeid. Reguleringsplanen skal opp til endeleg godkjenning i kommunestyret mars 2026. Sjølv opp-start av byggjearbeidet er utsett til 2027, etter vedtak i kommunestyrets budsjettsak 12.desember 2025.

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
Renseanlegg Selje	25 877	4 377	4K-2029	4 155	4 155	Iht. plan	Reguleringsplan for ny plassering av reinseanlegg blei vedteke i kommunestyret i oktober 2025. Kom inn klager på vedtaket som er oversendt Statsforvaltaren for endelig godkjenning.Arbeidet med prosjektering og tilbudsgrunnlag er godt i gang. Planen er å lyse ut på Doffin våren 2026.
Temaplan overvatn	-	-	LØPANDE	7 801	7 642	Iht. plan	Kommunestyret gjorde i KS-sak 24/170 vedtak om å sette av 3 000 000,- på investeringsbudsjettet til dette prosjektet i 2025. Statsforvaltaren og kommunestyret har seinare godkjent låneopptaket. Følgjande tiltak er gjennomført i 2025: - Overvasstrasè Alèen v/Statens hus - Arbeid ferdigstilt sommar 2025. - Sikringstiltak Fargarelva - Arbeidet Ferddigstilt i oktober 2025. - Overvasstiltak Hundshaugvegen - Har vore sått ned ny overvass-/spillvasskum. Arbeidet ferdigstilt november 2025. - Overvassleidning ved Selje barnehage. Er gjort nokre tiltak vedr. separering av overvass- og spillvassrøyr utafor Selje barnehage i samband med prosjektet som har pågått inne i barnehagen i haust vedr. overvassproblematikken på barnehagetomta. Asfaltering av overvasstrasèen utafor barnehagen vil bli gjort i april 2026, når vinteren er tilbaketil.
Toalett Eid ungdomsskule	3 443	3 370	4K-2025	3 150	3 093	Iht. plan	Mandatet til prosjektet var å rehabilitere toalettkjernerne i både fløy A (9-10klasse) og fløy C (8 klasse) ved Eid ungdomsskule. Innkomne tilbod synte at det ikkje var nok pengar til å rehabilitere begge fløyane. Fløy A hadde førsteprioritet og vart derfor vald rehabilitert.Toaletta i fløy A vart ombygd til separate toalettrom bestående av fem jentetoalett, fire guttetoalett og eit handicap

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Trafikktryggingstiltak	-	-	LØPANDE	1 154	1 133 Iht. plan	toalett.Prosjektet vart overlevert 9 juli 2025. Økonomi: I kommunestyresak 23/178 vart investeringsmidlane auka frå 1mill. til totalt 4 mill. eks.mva. I kommunestyresak 25/184 den 12.12.2025 vart 800.000,- av midlane i dette prosjektet frigitt til bruk ved seinare låneopptak. Det totale budsjettet på dette prosjektet er no på 3.200.000,- eks. mva. Foreløpig sluttprognose er ca kr 3 000 000,- eks.mva. Sluttrapport vert levert etter utført 1-års befaringsom sommaren 2026. Sluttrekneskap vil då foreligge saman med sluttrapport. Kommunen fekk ikkje tilskot frå fylkeskommunen til trafikkisikringstiltak langs fylkesveg i 2025. Følgjande tiltak har vore gjennomført i 2025: - Rekkverk Lotsbergvegen. Gjennomført oktober 2025. - Rekkverk Hundvik bru. Gjennomført oktober 2025.
Uteområde/leikeplassar	-	-	LØPANDE	1 279	2 107 Iht. plan	Det er 1,6 mil. på dette prosjektet for 2025. Følgjande arbeid har vore gjennomført i 2025:Utbetre overvassproblem Selje barnehage - arbeidet starta opp i september 2025 og er nesten fullført. Manglar asfaltering av eit område som vil bli gjennomført så snart vinteren er over.Rehabilitering klatrepark (m.a. nytt nett på klatretårnet) i Kyrkjeparken på Nordfjordeid. - Ferdigstilt hausten 2025.
Vassforsyning - tiltaksplan	-	-	LØPANDE	13 129	13 129 Iht. plan	Kommunestyret gjorde i KS-sak 24/170 vedtak om å sette av nye 20 000 000,- på investeringsbudsjettet til dette prosjektet i 2025. Statsforvaltaren og kommunestyret har seinare godkjent dette låneopptaket. Disponible midlar i 2025 er har vore 17,0 mill, som følgje av overforbruk på prosjektet i 2024. Følgjande tiltak er gjennomført i 2025: - Rehabilitering Vårsestra

Stad kommune - Årsrapport 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Estimert ferdig (kvartal)	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
							høgdebasseng med m.a. å innvendig rehabilitere av høgdebassenget, etablering av inspeksjonshol i veggen, samt etablering av nytt ventilhus. Arbeida starta opp i august 2025 med overtakingsdato 19.12.2025. Gjenstår mindre arbeid som m.a. å etablere sikker tilkomst til luftefilter på taket. - Fornying leidningsnett inkl. kum - Ny vasskum Stårheim, ved barnehagen. Arbeidet er igongsett og vil bli sluttført våren 2026 når telen forsvinner frå bakken. - Etablering av rekkverk ved Djupedalsvatnet i Selje. Djupedalsvatnet er Selje si hovudvasskjelde. Dette har vore eit spleiselag med Fylkeskommunen som eig vegen som går forbi vatnet. - Ny traktor på kommunalteknikk. Anbodsprosessen har gått og traktor vil bli levert i mars 2026. - Vegen opp til Leivdalsvatnet Høgdebasseng blei asfaltert hausten 2025. - Det har vore kjøpt inn utstyr til lekkasjesøk. Har vore mange lekkasjar på vassleidningsnettet vinteren 25/26.
Vegkryss Sjøgata - RV15	953	958	4K-2030	118	118	Iht. plan	Reguleringsplan for krysset er vedteken. Finansiering og evt bruk av refusjon må avklarast. Er ikkje satt av midlar på kommunens investeringsbudsjett til sjølve byggjearbeida. Må avklarast om Statens Vegvesen eller kommunen skal stå som byggherre.
Sum andre prosjekt	312 912	204 154		4 547	6 499		
Sum	742 096	335 197		57 401	58 862		

Årsrekneskap

Revisjonsmelding



Signing Information Page 1/1

 Revisjonsmelding Stad kommune 2025.pdf

Name	Signed with	Signed at
Tveit, Asgeir	BANKID	2026-04-08 07:23:26



This document is electronically sealed and contains electronic signatures

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Sunnfjord rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Stad Kommunestyret

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Dykkar ref.:

Vår ref.:
At

Arkivkode:

Journalnr.:
021/2026

Dokumentdato:
08.04.2026

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen – Stad kommune

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Stad kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 16 082 330,15 i kommunekassen, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 16 432 063,57. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2025, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2025, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar.

Etter vår meining er:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stad kommune som økonomisk eining per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta

revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og ev ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken/ikkje informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 25.03.2026 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege

Ansvar	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Forbruk i %
200-Oppvekst og opplæring - administrasjon	27 390	44 814	163,6 %
201-Leikvang barnehage	10 217	9 140	89,5 %
202-Selje barnehage	9 921	8 408	84,8 %
203-Flatraket barnehage	7 173	5 507	76,8 %
205-Stårheim barnehage	7 092	6 890	97,2 %

Ansvar	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Forbruk i %
207-Golvsengane barnehage	30 135	30 062	99,8 %
208-Gjerdane barnehage	16 654	15 554	93,4 %
221-Stadlandet skule	15 992	14 206	88,8 %
222-Selje skule	19 888	16 361	82,3 %
223-Flatraket skule	7 962	7 679	96,4 %
225-Stårheim skule	7 281	6 580	90,4 %
226-Haugen skule og barnehage	13 662	11 793	86,3 %
227-Nordfjordeid skule	46 754	42 526	91,0 %
228-Hjelle skule	11 623	10 398	89,5 %
229-Eid ungdomsskule	35 681	34 071	95,5 %
240-Barnevern	17 159	18 227	106,2 %
250-Opplæring og integrering	33 913	30 042	88,6 %
Sum	318 498	312 259	98,0 %

Kommentar til status økonomi

Samla

vurdering:

Av eit samla budsjett for oppvekst og opplæring på kr. 318 497 508,- hadde sektoren eit mindreforbruk, dvs. overskot, på kr. 6 238 877 Om lag 3,8 millionar kroner av underforbruket skuldast at ein del av flyktningane kom til Stad kommune i siste tertial. Kommunane får tilskot pr. flyktning uavhengig kor tid på året dei kjem til kommunane. Når vi får tildelt mange flyktningar seint på året, så kan det gje eit økonomisk overskot inneverande år. Utgiftene vil då auke komande år.

Forbruk

løn:

Oppvekst og opplæring hadde eit stort innsparingskrav i samband med utarbeiding og vedtak av budsjettet for 2025. Dette la vi på fellespostar for oppvekst og opplæring, med ei felles forståing for at alle einingar måtte bidra til innsparinga. I mai 2025 vart det gjort store avgrensingar i tilsetjingsmynde til einingsleiarane, bruk av vikarar, reiser, innkjøp vart og innskrenka. Dette førte til at sektoren samla sett brukte mindre pengar enn kva som var budsjettert. I budsjettendringssak til kommunestyret i desember 2025 blei lønsbudsjettet teke ned med kr 18,0 mill ut frå innsparingar ein såg. Ved års-slutt enda sektoren opp med eit lite overforbruk på løn, kr 1 326 000 opp mot det reviderte budsjettet. Samla har kommunalområdet hatt 20 årsverk mindre i 2025 i høve opprinneleg budsjett for 2025. Den totale lønsramma var på kr 259 165 000.

Utgifter

og

inntekter:

Oppvekst og opplæring har lågare utgifter og høgare inntekter enn budsjettert. Dette kjem i hovudsak av redusert bruk av vikarar, vikarar som ikkje er like godt kvalifiserte/ lønna som fast tilsette, der vi då får meirinntekter knytt til refusjon av sjukepengar og fødselspengar. Oppvekst og opplæring har også i 2025 meirinntekter knytt til refusjonar og øymerka tilskot i høve nokre barn / elevar.

Oppvekst og opplæring har samla kr 7,8 mill i meirinntekter som statstilskot og refusjonar frå fylke og andre kommunar. Statstilskot (øymerka tilskot) er for det meste prosjektmidlar som kommunen søker på i løpet av året. Det er for det meste ikkje kjent kva beløp ein set att med i slike prosjekt i driftsåret før ved årsslutninga. Vidare har kommunen fått refusjonar frå fylke og andre kommunar for grunnskuleelevar. Dette er inntekter som ein fakturerer ved årsslutt ut frå dokumenterte utgifter. Disse refusjonane varierer frå år til år, og inntekta er usikker heilt til den er dokumentert.


Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Stad kommune - Årsrapport 2025

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Lønn	259 165	277 459	-18 294
Refusjon lønn	0	-16 968	16 968
Sum Lønn	259 165	260 492	-1 326
Drift	20 108	19 378	729
Kjøp av produksjon	44 485	43 276	1 209
Overføringer	9 827	10 795	-968
Finansutgifter	0	1 654	-1 654
Sum Utgifter	74 420	75 104	-684
Brukerbetaling	-6 446	-6 406	-40
Refusjoner	-8 422	-16 375	7 953
Overføringer	0	-136	136
Finansinntekter	-220	-420	200
Sum Inntekter	-15 088	-23 337	8 249
Netto resultat	318 498	312 259	6 239

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Forklaring KOSTRA-nøkkeltal

KOSTRA står for Kommune-stat-rapportering og gjer styringsinformasjon om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Du kan lese meir om KOSTRA på nettsidene til Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>

Kommune-gruppering: Kommunane er gruppert langs tre ulike dimensjonar: Folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. Stad kommune er plassert i KOSTRA-gruppe 2. Dette er kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

Vi har plukka ut kommunar som kan vere naturleg å samanlikne oss med. Det er Stryn, Sunnfjord og Volda kommunar. Stryn kommune er nabokommune til Stad kommune. Sunnfjord og Volda er begge samanslåtte kommunar slik som Stad.

Det er mange ulike KOSTRA-nøkkeltal å velje mellom. Vi har valt ut ulike nøkkeltal for dei ulike kommunalområda.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stad 2024	Stad 2025	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	13,4 %	14,3 %	12,8 %	15,5 %	16,2 %	12,3 %	
Barnevern nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	2,2 %	2,2 %	2,7 %	3,2 %	3,7 %	3,3 %	
Barneverntjeneste nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	608	803	982	1 260	1 295	1 290	
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	21,5 %	21,5 %	24,4 %	22,2 %	24,6 %	21,1 %	22,3 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	222 230	239 081	256 517	269 411	275 677	253 772	243 689
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	151 616	158 337	188 870	178 206	174 225	185 803	161 756
Privat Barnehager	5	5	1	7	8	58	2 250
Produktivitet							
Korrigerte brutto driftsutgiftertil grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	163 950	166 516	180 504	177 384	169 637	185 884	165 058
Dekningsgrad							
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,3 %	1,9 %	1,7 %	1,8 %	1,6 %	3,1 %	2,2 %
Kvalitet							
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,1	10,2	10,0	11,1	11,7	10,7	12,5
Levekår							
Utgiftsbehov - Barnehage	1,013	1,007	0,931	1,008	1,081	0,914	0,989
Utgiftsbehov - Grunnskole	1,108	1,106	1,174	1,040	1,120	1,038	1,025
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
1.-4. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	10,0	9,8	10,2	13,8	12,0	11,8	13,4
5.-7. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	9,8	10,6	14,1	11,9	14,5	13,6	16,1
8.-10. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	16,1	14,0	14,6	15,8	15,4	14,9	17,6

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,27 %	5,26 %	7,53 %

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,54 %	3,30 %	5,84 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,65 %	5,65 %	7,30 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,59 %	4,66 %	7,25 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,46 %	5,26 %	7,71 %

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Det samla sjukefråværet for oppvekst og opplæring var på 7,71 %. Fleire av einingane melder tilbake at grunnbemanninga er låg, og at dette igjen kan føre til stor belastning på dei tilsette. I tillegg blir belastninga ekstra stor når einingane har vanskar med å få tak i vikarar.

Om verksemnda

Kommunalområdet Oppvekst og opplæring jobbar for å sikre at barn og unge i Stad kommune har ein trygg oppvekst med gode levekår og tenester. I kommunalområdet ligg einingane for barnehage, grunnskule, barnevern og opplæring og integrering.

Kommunen har seks kommunale barnehagar, fem barneskular, to kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. I tillegg er to familiebarnehagar, tre barnehagar, ein barne- og ungdomsskule og ein barneskule drive av private i kommunen.

Oppvekstmiljøet skal vere inkluderande og fremje sosial kompetanse, tilhøyring og god helse. Tilpassa opplæring og ein meistringsorientert praksis er med på å fremje barn og unge si psykiske og fysiske helse. Det overordna oppvekstmålet i Stad kommune er:

Barn i Stad har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til.

Det vert jobba systematisk og langsiktig med strategiar og tiltak for å nå målet. Alle einingane i oppvekst og opplæring vil gjennom dialog med brukarane våre og godt tverrfagleg samarbeid utvikle tenestene sine.

Oppvekst og opplæring arbeider mykje i arbeidsgrupper på tvers av einingane, for å utvikle og sikre felles praksis og forståing i heile kommunen vår. Det er vedteke nye, felles vedtekter for skulefritidsordning i heile kommunen og rutinar for overgang mellom barnehage - barneskule - ungdomsskule - vidaregåande skule. Vidare arbeid med felles rutinar, planar og prosedyrar pågår. Rutinar knytt til lov vert prioritert, og harmonisering av ulike reglar og prosedyrar mellom einingane er no stort sett på plass. Det er også slik at eigenarten til ulike skular og barnehagar skal takast i vare.

Barnehagane:

Oversikt over tal barn i barnehagane pr 15.12.2025:

Barnehage - kommunale	Tal barn
Leikvang barnhage	56
Selje barnehage	42
Flatraket barnehage	19

Barnehage - kommunale	Tal barn
Stårheim barnehage	29
Gjerdane barnehage	67
Golvseengane barnehage	118
Sum	331
Private barnehagar	
Fjordly	30
Kjølsdalen Montessoribarnehage	40
Læringsverkstedet Eid barnehage	76
Sum	146
Familiebarnehagar	
Fossebakken familiebarnehage	4
Nøtteliten familiebarnehage	4
Sum	8

Samla tal i barnehagane per 15.12.2025 var på 485 barn.

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Føresette har tilbod om foreldremøte og to faste foreldresamtaler i året, og ellers i året ved behov. Barnehagane har BTI-samarbeidsmøte med t.d. helsestasjonen, PPT og BUP.

[Rammeplanen for barnehagane](#) dannar grunnlaget for innhaldet og oppgåvene til barnehagane.

Grunnskule:

Det overordna målet for dei kommunale grunnskulane i Stad kommune er å følgje opp føringar som er nedfelte i lover, overordna planar og vedtak. Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035 vart vedteken 09.02.2023, der det overordna oppvekstmålet er:

«Barn i Stad har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til».

Delmål frå oppvekstplanen knytt direkte til grunnskulen:

- *Barn og unge i Stad kommune har likeverdig opplæringstilbod med god fagleg standard.*
- *Barn og unge i Stad kommune har eit trygt og godt utviklings- og læringsmiljø.*

Nasjonale prøver 2025, grunnskulen i Stad kommune:

	Stad	Vestland	Norge
Engelsk 5. årstrinn	51	50	50
Lesing 5. årstrinn	52	48	49
Rekning 5. årstrinn	53	50	49
Engelsk 8. årstrinn	49	51	51
Lesing 8. årstrinn	47	49	49
Rekning 8. årstrinn	48	49	49
Lesing 9. årstrinn	51	53	53
Rekning 9. årstrinn	52	53	53

Dei samla læringsresultata for Stad kommune er stort sett gode. Vi har eit godt resultat på dei nasjonale prøvane på 5. trinn. På 8. og 9. trinn ligg vi litt under snittet, men samla sett kan grunnskulane vere fornøgde med resultata. Der er nokre variasjonar mellom skulane i kommunen. Kvar skule har jobba med å analysere og vurdere korleis ein skal arbeide vidare med kvar einskild elev og kvar elevgruppe. Dei nasjonale prøvane berre er ein liten del av det grunnskulen brukar som grunnlag for å tilpasse undervisninga.

Skulane jobbar kontinuerleg for eit trygt og godt læringsmiljø. Skulane innhentar kunnskap om elevane sin trivsel gjennom trivselsundersøkingar, samtaler, observasjonar, m.m. Resultat på nasjonale undersøkingar av skulemiljøet syner at vi har elevar opplever å bli mobba. Dette er vi ikkje tilfredse med, og vi jobbar no tett saman med tilsette og føresette for å sikre god oppfølging av enkeltelevar. Faktorar som trivsel og i kva grad ein opplever mobbing er svært viktig å overvake nøye.

Vi kjem med ytterlegare informasjon om grunnskulen i "Tilstandsrapport for grunnskulen 2025" som blir lagt fram i mai 2026"

Barnevernet:

Lov om barnevern ([barnevernslova](#)) regulerer barnevernets organisering, formål og maktutøvelse. Barnevernet skal først og fremst vere ei hjelpeteneste sjølv om lova opnar for svært inngripande tvangstiltak i familiesfæra. Lova gjeld for barn under 18 år, og i visse tilfelle til ungdom fyller 25 år.

Barnevernslova § 1-1. Lovens formål

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse.

Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår og ha tiltak som forebygger at barn og unge utsettast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar. Tenestetilbodet skal samordnast, og kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Denne planen er innarbeidd i «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035». Dette er i tråd med barnevernsreforma/oppvekstreforma som trådde i kraft i 2022. Hovudmåla i reforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, og

ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv. Barnevernstenesta deltek i det førebyggjande arbeidet gjennom blant anna tverrfaglege møter med ulike instansar, BTI-møter, anonyme drøftingar, generell råd og rettleiing, samt «Foreldrerettleiing – snakke saman – vere saman» (sjumilssteget).

Barnevernslova § 15-3. Barnevernstjenestens organisering og oppgaver

I kvar kommune skal det vere ei barnevernsteneste som utfører oppgåver etter denne loven. Barnevernstjenesten skal ha en leder.

Barnevernstjenesten har ansvar for å gi hjelp, omsorg og beskyttelse når det er nødvendig på grunn av barnets omsorgssituasjon, eller når et barn utsetter sin utvikling for fare. Ansvaret omfatter tiltak rettet mot omsorgssituasjonen eller forhold som setter barnets utvikling i fare.

Barnevernstjenesten skal blant annet

- a. gjennomgå og vurdere bekymringsmeldinger*
- b. gjennomføre undersøkelser av barnets omsorgssituasjon*
- c. treffe vedtak om hjelpetiltak*
- d. treffe vedtak om hjelpetiltak*
- e. iverksette og følge opp tiltak.*

Barnevernstjenesten skal være tilgjengelig til enhver tid.

Kommunestyret selv skal minst én gang i året få en redegjørelse om tilstanden i barnevernstjenesten.

Barnevernstenesta har åtte tilsette, samt mange oppdragstakarar, til dømes fosterheimar og tilsynspersonar. Vi har gjennom KS si 10-faktorundersøking over tid hatt fokus på rolleavklaring og rett bruk av kompetanse.

Utanfor kontortid er vi vertskommune for felles akuttberedskap saman med Stryn og Gloppen kommunar.

Nokre tal per 31.12.2025

- 21 barn får hjelpetiltak i heimen
- 20 barn har omsorgstiltak utanfor heimen
- Tre ungdomar har ettervernstiltak
- 29 barn bur i fosterheim i Stad kommune
- Vi har mottatt 108 bekymringsmeldingar, 16 av desse er henlagt
- 77 av 78 nye undersøkingar vart gjennomført i løpet av tre månader

Opplæring og integrering:

Stad kommune tok imot 34 nye flyktningar i 2025, ein person mindre enn anmodninga frå UDI. Opplæring og integrering er samansett av vaksenopplæringa og integreringstenesta. Eininga har ansvaret for å ta imot, busette, lære opp, sysselsette og integrere flyktningar i samfunnslivet. Eininga ga opplæring til flyktningar og andre framandspråklege i Selje, på VGS og på LA-bygget på Langeland. Miljøteamet følgjer opp busette flyktningar ifht alt det praktiske i livet, medan programrådgjevarane kartlegg og følgjer opp deltakarar i introduksjonsprogrammet. Eininga har tett samarbeid med andre kommunale einingar og bedrifter. Administrasjonen held til i LA-bygget på Langeland, Nordfjordeid.

BTI - bedre tverrfagleg innsats i Stad kommune

Med bakgrunn i lovfesta plikt til å samarbeide tverrfagleg for heilskapleg og samordna tenestetilbod – og vedtak om tidleg innsats, bestemte Stad kommune seg for å utarbeide og implementere BTI-modellen. Dette arbeidet er godt i gang, det har blitt jobba strukturert og målretta. Alle einingane i helse og oppvekst har fått opplæring i bruken av handlingsrettleiaren. Nye malar, verktøy og tiltak er gjort kjende for alle tilsette, og arbeidet med implementering ute på einingane er godt i gang. Målet er at alle barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Årsverk

Org.eining	Årsverk opprinneleg budsjett 2025			Faktiske årsverk 2025		
	Fast	Midlertidig	Total	Fast	Midlertidig	Total
Leikvang barnehage	8,00	1,80	13,80	8,10	0,00	12,98
Selje barnehage	9,89	0,00	13,26	9,22	0,38	12,49
Flatraket barnehage	8,04	0,00	9,04	5,92	0,30	8,27
Stårheim barnehage	8,30	0,00	9,30	9,99	0,00	11,69
Golvsengane barnehage	36,10	2,05	40,15	35,86	1,91	38,84
Gjerdane barnehage	19,20	0,00	20,20	17,67	0,57	20,70
Stadlandet skule	18,55	0,00	19,15	15,99	0,00	17,30
Selje skule	21,84	0,00	23,39	16,67	0,00	21,16
Flatraket skule	8,19	0,00	9,59	8,28	0,00	10,04
Stårheim skule	7,85	0,00	8,45	6,91	0,00	8,93
Haugen skule og barnehage	15,11	0,00	15,71	13,22	0,00	14,41
Nordfjordeid skule	50,85	0,00	51,44	48,09	1,52	55,21
Hjelle skule	13,02	0,00	13,60	11,96	0,00	13,32
Eid ungdomsskule	33,92	3,97	37,89	34,86	1,00	45,18
Barnevern	8,10	0,00	8,10	8,27	0,00	9,02
Opplæring og integrering	20,90	0,00	22,03	19,25	0,00	21,34
Total	287,86	7,82	315,10	270,26	5,68	320,88

Kommentar til årsverk

Hausten 2024 og vinteren 2025 auka grunnskulane bemanninga noko. Dette skuldast at vi har fått elevar som krev ekstra ressursar, det gjeld både psykososiale utfordringar, samansette lærevanskar og grunnskuleelevar med flyktningbakgrunn. I tillegg har Stad kommune barnehagebarn og grunnskuleelevar frå andre kommunar. Nokre av desse barna / elevane treng ekstra oppfølging. Kostnadane blir her dekkja av heimkommunane og fylkeskommunen.

Regjeringa har innført gratis kjernetid i SFO for 3. klasse frå og med hausten 2024. Dette har ført til at tal barn på SFO har auka både i 2024 og 2025. Denne auken har ført til ei bemanningsauke ved fleire av barneskulane i Stad kommune.

På grunn av innført tilsetjingsstopp sommaren 2025 har kommunalområdet hatt 20 færre årsverk i 2025 i høve opprinneleg budsjett for 2025. Kommunalområdet har hatt gjennomsnittleg 276,0 årsverk i 2025. For 2024 var det tilsvarende 273,5 årsverk.

Utfordringar

Felles utfordring for alle einingane i oppvekst og opplæring er arbeidet med å skaffe kvalifiserte vikarar og vikarar generelt. Leiarnivået brukar mykje ressursar på å sy saman kvardagen, og mykje leiingsressursar vert også brukt i direkte undervisning/ arbeid på avdeling fordi ein faktisk ikkje får tak i vikar. Arbeidsbelastninga for våre tilsette er rapportert som stor. Tidleg innsats og tett oppfølging av enkeltbarn vert særleg krevjande når grunnbemanninga er låg.

Etterslep på vedlikehald av bygg og anlegg er ei utfordring for fleire av einingane. Gymsalar med gardarobbar treng renoverast. Personaltoalett, kjøkkenavdeling, vindauge og dører er døme på noko av manglane som treng utbetrast. Fleire av uteområda står også klare for oppgradering. Samtidig opplever einingane at driftsavdelinga er raske til å utbetre små feil og manglar, og dette vert opplevd som svært positivt blant dei tilsette.

Barnehagane i Stad kommune har fellesopptak av barn i mars, men ein kan søkje barnehageplass heile året. Siste halvdel av 2025 kunne ein ikkje gje barnehageplassar dersom det gav behov for auka bemanning.

Einingane i Opplæring og integrering er prega av eit mangfald av ulike kulturar, livsstilar og verdiar. Dette er ein naturleg del av eit moderne samfunn, og utfordrar oss i høve det å skape fellesskap. Informasjon og opplæring skal tilpassast kvart enkelt barn og kvar familie. Stad kommune har teke imot mange flyktningar, og opplæring og integrering har koordinert og følgd opp dei flyktningane som har kome. Einingane våre utviklar stadig samarbeid på tvers av kommunalområda for å imøtekome behova.

Den digitale verda gir mange moglegheiter, men kan samtidig vere utfordrande for elevane. Skulane ser at det er krevjande for elevane å ta gode nok val gjennom sosiale media, og konsekvensen av dette pregar ofte skulekvardagen. Skulen har eit ansvar saman med føresette å sikre godt nettvett slik at elevane greier å ta gode val for seg sjølv og andre. Leiinga ved skulane jobbar for at vi skal ha mobilfrie skular i Stad kommune. Digitale spel og gaming er ein viktig del av fritida til mange unge i Stad kommune. Det sosiale fellesskapet og læringa ungdommen her oppnår gjennom eigenaktivisering, er uvurderlig, samtidig som vi ser at i enkelte samanhengar kan få negative konsekvensar. Kommunen skal vere med på å vidareutvikle dette i samarbeid med føresette og ungdommen.

Spesielle tilhøve

Alle einingane innan barnehage og grunnskule har låg grunnbemanning, og vi har fått fleire barn og unge som krev særskilde tiltak. Nokre av desse barna har behov for tilsette med spesialkompetanse, og denne kompetansen og stillingsheimelar ligg ikkje inne i grunnbemanninga til einingane. Hausten 2024 og vinteren 2025 auka grunnskulane bemanninga noko. Dette skuldast at vi har fått barnehagebarn og grunnskuleelevar som krev ekstra ressursar, det gjeld både psykososiale utfordringar, samansette vanskar og barn med flyktningbakgrunn.

Regjeringa har innført gratis kjernetid i SFO for 3. klasse. Dette har ført til at tal barn på SFO har auka. Dei fleste som er påmeldt SFO nyttar seg av gratistilbodet. Denne auken har ført til ei bemanningsauke ved fleire av barneskulane i Stad kommune. I tillegg er fleire av SFO-lokala små i forhold til tal påmelde born, noko som fører til at ein må bruke klasserom til SFO-avdeling før og etter skuletid.

Avvik

Tal avvik meldt pr. måned	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Totalt
Oppvekst og opplæring	35	26	23	15	12	13	8	16	24	17	21	38	248

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare samle tal avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på kategori	Avvik
Helse Miljø og Tryggleik	123
Organisasjon/internt	68
Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	12
Teneste - tenestemottakar	68
Ytre miljø	4
Totalt	275

Einingane er blitt flinkare til å dokumentere avvik i internkontrollsystemet Compilo, men vi har likevel ein veg å gå for å få ei lik forståing kva avvik er og korleis dei skal handterast. Dette blir det jobba med i sektoren, både i leiarmøte og ute på einingane. Målet er at alle einingane skal få på plass ein god meldekultur, og at vi aktivt brukar avviksmeldingane i eit førebyggjande perspektiv.

Varsling

Oppvekst og opplæring hadde ikkje varslingsaker i 2025.

Klagesaker

Vi har hatt nokre klagesaker innan oppvekst og opplæring. Dei fleste av klagesakene gjeld barnehage- og elevmiljø ute på einingane. Einingane tek tak i sakene, men dei kan av og til vere kompliserte og utfordrande å løyse.

Tilsyn

Fire av einingane i Oppvekst fekk melding om tilsyn frå Arbeidstilsynet i desember 2024, med tema vald og truslar og muskel- og skjelettplager. Tilsynet vart lukka etter blant anna utarbeiding av nye malar for risikovurdering, utan vidare oppfølging frå Arbeidstilsynet.

Nordfjordeid skule fekk varsel om tilsyn frå Statsforvaltaren på særskilt språkopplæring i august 2025. Endeleg tilsynsrapport er komen, og kommunen har gjort greie for korleis vi skal rette opp i avvika dei peika på. Vi ventar på at Statsforvaltaren skal lukke tilsynet.

I desember 2025 fekk opplæring og integrering varsel om tilsyn på deira arbeid med realkompetansevurdering frå Statsforvaltaren. Vi har svart ut tilsynet, har motteke ein førebels tilsynsrapport.

Helse og omsorg

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Forbruk i %
300-Helse og omsorg - administrasjon	-18 972	49	-0,3 %
301-Helse	54 746	47 598	86,9 %
311-Heimetenesta	85 365	78 569	92,0 %
315-Bu- og miljøtenesta	134 086	124 429	92,8 %
321-Seljetunet omsorg og rehabilitering	49 546	43 765	88,3 %
322-Hogatunet bu- og behandlingssenter	60 101	55 458	92,3 %
330-Interkommunale helsetenester	0	0	0,0 %
340-Arbeid og velferd - NAV	16 227	12 722	78,4 %
341-NAV Stryn kommune	0	0	0,0 %
342-NAV Gloppen kommune	0	0	0,0 %
343-NAV Bremanger kommune	0	0	0,0 %
Sum	381 098	362 589	95,1 %

Kommentar til status økonomi

Samla økonomisk vurdering:

Kommunalområdet har i 2025 halde seg innanfor vedteke budsjett, med eit rekneskap på 95,1 %. Samla mindreforbruk for helse og omsorg etter budsjettendringssak i desember 2025 er 18,5 mill. kroner. Alle einingane innan kommunalområdet har hatt mindreforbruk i 2025.

Forbruk løn:

Lønsbudsjettet for Helse og omsorg blei redusert med kr 21,0 mill i budsjettendringssak i desember 2025. Lønsforbruket enda kr 5,4 mill under dette reviderte budsjettet. Det vil seie at innsparing løn i høve opprinneleg vedteke budsjett er på kr 26,4 mill i 2025. Mindreforbruket skuldast fleire forhold, mellom anna omstilling og reduksjon i årsverk. Samla har kommunalområdet hatt 28 årsverk mindre i 2025 i høve opprinneleg budsjett for 2025. I tillegg har bruk av personell med lågare kompetanse enn budsjettert bidrege til lågare lønskostnader. Det har også vore restriksjonar på kurs- og reiser, samt innleige ved fråvær.

Utgifter og inntekter:

Helse og omsorg ligg om lag på budsjett på utgiftssida, medan inntektene er 8,1 % høgare enn budsjett.


Dei viktigaste årsakene til høgare inntekter er eksterne prosjekt- og kompetansemidlar som i hovudsak er inntektsførte mot slutten av året, høgare refusjonar knytte til ressurskrevjande tenester og auka inntekter frå brukarbetaling.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Lønn	425 408	442 817	-17 409
Refusjon lønn	-30	-22 850	22 820
Sum Lønn	425 378	419 967	5 411
Drift	44 872	40 950	3 922
Kjøp av produksjon	54 374	56 512	-2 138
Overføringer	22 952	24 219	-1 267
Finansutgifter	15	871	-856
Sum Utgifter	122 213	122 552	-339
Brukerbetaling	-25 706	-32 551	6 845
Refusjoner	-140 787	-146 634	5 846
Overføringer	0	-74	74
Finansinntekter	0	-670	670
Sum Inntekter	-166 493	-179 929	13 437
Netto resultat	381 098	362 589	18 509

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Forklaring KOSTRA-nøkkeltal

KOSTRA står for Kommune-stat-rapportering og gjer styringsinformasjon om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Du kan lese meir om KOSTRA på nettsidene til Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>

Kommune-gruppering: Kommunane er gruppert langs tre ulike dimensjonar: Folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. Stad kommune er plassert i KOSTRA-gruppe 2. Dette er kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

Vi har plukka ut kommunar som kan vere naturleg å samanlikne oss med. Det er Stryn, Sunnfjord og Volda kommunar. Stryn kommune er nabokommune til Stad kommune. Sunnfjord og Volda er begge samanslåtte kommunar slik som Stad.

Det er mange ulike KOSTRA-nøkkeltal å velje mellom. Vi har valt ut ulike nøkkeltal for dei ulike kommunalområda.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stad 2024	Stad 2025	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Andel beboere i bolig m/ fast tilknyttet bemanning hele døgnet som er 80 år og over (prosent)	40,0 %	36,8 %	61,2 %	56,8 %	46,4 %	43,0 %	31,3 %
Diagnose, behandling, re-/habilitering brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,3 %	3,4 %	4,1 %	3,5 %	4,6 %	5,3 %	
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste korrigerte brutto	0,7 %	0,7 %	1,0 %	1,4 %	1,2 %	1,0 %	

driftsutgifter på

funksjon/tjenesteområde andel av
totale utgifter (prosent)

Helse- og omsorg brutto	34,8 %	36,3 %	35,7 %	34,4 %	34,8 %	36,5 %
-------------------------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

driftsutgifter andel av totale utgifter
(prosent)

Helse- og omsorg brutto	45 982	50 249	43 453	46 881	41 856	51 338
-------------------------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

driftsutgifter beløp pr innb (kr)

Helse- og omsorgstjenester i	9,0 %	10,1 %	11,2 %	9,7 %	8,0 %	10,9 %
------------------------------	-------	--------	--------	-------	-------	--------

institusjon brutto driftsutgifter andel
av totale utgifter (prosent)

Helse- og omsorgstjenester i	11 881	13 908	13 581	13 254	9 586	15 272
------------------------------	--------	--------	--------	--------	-------	--------

institusjon brutto driftsutgifter beløp
pr innb (kr)

Korrigerte brutto driftsutgifter per
innbygger (254) Helse- og
omsorgstjenester til hjemmeboende
(B)

Netto driftsutg til forebygging,	3 219	3 485	4 155	5 082	4 096	4 980	4 505
----------------------------------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

helsestasjons- og skolehelsetj. pr.
innb 0-20 år (B)

Produktivitet

I alt Helsetenester i heimen Brukarar
av pleie- og omsorgstenester

Korrigerte brutto driftsutgifter,	1 495 955	1 716 239	1 780 810	1 699 032	1 700 940	1 617 096	1 734 560
-----------------------------------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------	-----------

institusjon, pr. kommunal plass

Dekningsgrad

Andel innbyggere 80 år og over som
er beboere på institusjon

	10,4 %	10,2 %	8,3 %	8,6 %	8,2 %	9,0 %	8,8 %
--	--------	--------	-------	-------	-------	-------	-------

Sjukefråvær

Fråvær

Årleg sjukefråvær 2021
Årleg sjukefråvær 2022
Årleg sjukefråvær 2023
Årleg sjukefråvær 2024
Årleg sjukefråvær 2025

Korttid

2,42 %
2,69 %
2,20 %
3,17 %
3,29 %

Langtid

8,94 %
6,99 %
7,33 %
7,41 %
6,31 %

Samla fråvær

11,36 %
9,67 %
9,52 %
10,59 %
9,60 %

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Helse og omsorg har eit sjukefråvær i 2025 på 9,6 %.

Samanlikna med 2024 og 2023, har sjukefråværet i Helse og omsorg gått gradvis nedover dei siste åra. Einingane jobbar systematisk med sjukefråværsoppfølging og sjukmelde vert fylgt tett opp i dialog med NAV. Sjukefråværet varierer noko i avdelingane og det same gjeld orsaka til sjukefråværet. Det er ikkje meldt om direkte arbeidsrelatert fråvær, men vi veit at det i nokon avdelingar er særleg krevjande arbeidsforhold og stor "turnover" bland personalet. I nokon avdelingar er det særst utfordrande å skaffe vikar ved fråvær. Dette gjeld spesielt innan turnusområda.

Om verksemnda

Kommunalområdet Helse og omsorg har ansvar for å sikre nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene omfattar alle pasient- og brukargrupper, mellom

anna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale utfordringar eller nedsett funksjonsevne.

Kommunalområdet er organisert i seks einingar og omfattar eit breitt spekter av tenester. Desse inkluderer mellom anna helsestasjon, legetenester, frisklivsarbeid, fysio- og ergoterapitenester, dagaktivitetstilbod, heimetenester, barneavlasting, tenester til personar med nedsett funksjonsevne, psykisk helse- og rustenester, NAV, habiliterings- og rehabiliteringstenester, institusjonstenester samt interkommunale helsetenester med elgevakt, legevaktformidling og ØHD senger.

Kommunen arbeider for å fremje god helse gjennom førebygging, tidleg innsats og behandling. Ei sentral målsetting er å leggje til rette for at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg. Dette krev gode og tilgjengelege tenester, samt fokus på meistring, eigenomsorg og brukarmedverknad.

Kommunalområdet arbeider kontinuerleg med utvikling av tenestene og med å tilpasse organisering, arbeidsformer og ressursbruk til endra behov i befolkninga.

Nedanfor følgjer ei nærare omtale av dei ulike einingane i kommunalområdet og utviklinga i tenestene gjennom året.

Helseeininga

Helseeininga i Stad kommune omfattar fleire sentrale helsetenester: fysio- og ergoterapiteneste, velferdsteknologi og friskliv, helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste, legeteneste med daglegevakt, koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar, samt digital psykologteneste for rettleiing av tilsette i helse-, omsorgs- og oppvekstsektoren.

Eininga har ansvar for helsefremjande og kurative tenester til heile befolkninga i kommunen og blei sertifisert som Miljøfyrtårn i 2025.

Fysio- og ergoterapitenesta, velferdsteknologi og friskliv

Fysio- og ergoterapitenesta omfattar både kommunalt tilsette terapeutar og privatpraktiserande fysioterapeutar med driftstilskot frå kommunen. Dei kommunale terapeutane har særleg ansvar for oppfølging av pasientar i institusjon, heimebuande som ikkje kan oppsøke institutt, samt barn og unge. Tenesta arbeider også med habilitering, rehabilitering og førebyggjande tiltak.

Aktiviteten i tenesta er aukande. I 2025 vart det registrert om lag 1 800 brukarsaker, der rundt 200 gjaldt barn og unge og 1200 gjaldt hjelpemiddel. Arbeid knytt til hjelpemiddel utgjer ein stor del av oppgåvene i tenesta.

Frisklivsarbeidet omfattar både gruppebaserte og individuelle oppfølgingstilbod, og det har gjennom året vore gjennomført kurs og treningsgrupper for innbyggjarar i ulike delar av kommunen.

Arbeidet med velferdsteknologi har vore eit satsingsområde over fleire år, og ei rådgjevarstilling i helseteknologi er no vidareført i fast drift. Kommunen har teke i bruk fleire teknologiske løysingar, mellom anna tryggleiksalarmar, elektronisk medisineringsstøtte, digitale tilsyn og lokaliseringsteknologi. Det er arbeid vidare med implementering og bruk av nye løysingar, mellom anna digital heimeoppfølging og søvnmonitorering (Somnofy). Eigen årsrapport er utarbeid for 2025.

Arbeid og aktivitet i 2025:

- Fallførebyggjande tiltak og grupper har nådd 45 personar, og 23 har fått heimebehandling.
- Ergoterapeutane har vore aktive i hukommelsesteam i Eid og Selje, med 122 tilvisingar, og det er planlagt oppretting av ei 50 % stilling som demenskoordinator i 2026.
- Frisklivsarbeidet har inkludert oppstart av BraMat-kurs, kvardagsklede-kurs og gruppe-/individuell trening både i indre og ytre delar av kommunen.
- Tenesta har teke imot studentar, og for første gong på over ti år hadde ein plan om å ta imot turnusfysioterapeut, men dette blei utsett grunna kommunen sin økonomiske situasjon (Robek).
- Intern samarbeid og kompetanseutvikling har vore prioritert gjennom teams-møte, to fagdagar, og eit møte i samarbeidsutvalet.

På Nordfjordeid er det fire fysioterapeutar med 100 % driftstilskot frå kommunen fordelt på to institutt. Nordfjordklinikken har hatt stor pågang og fulle timebøker, men unngått ventelister. Instituttet på Hamna har hatt færre pasientar, men mange med samansette og ressurskrevjande rehabiliteringsbehov over lengre periodar.

I Selje er det to fysioterapeutar på eit institutt. Ein fysioterapeut har 100 % driftstilskot og ein har 50 %. Ventelistene har variert, men ingen pasientar har venta lenger enn éin månad i Selje.

Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste

Helsestasjon og skulehelseteneste arbeider med helsefremjande og førebyggjande tiltak retta mot barn, unge og familiane deira. Tenesta omfattar oppfølging av barn og unge frå 0 til 20 år, samt svangerskapsoppfølging gjennom jordmortenesta.

I tillegg til ordinære konsultasjonar og oppfølgingar tilbyr tenesta mellom anna foreldrerettleiing, gruppetilbod og open helsestasjon. Tenesta samarbeider tett med barnehagar, skular og andre kommunale og regionale fagmiljø, og spelar ei sentral rolle i arbeidet med tidleg innsats og førebygging av utfordringar knytt til helse, oppvekst og levekår. Det var registrert 94 fødselar (Eid 74, Selje 20) i kommunen i 2025. Tenesta deltek også aktivt i tverrfaglege samarbeidsarenaer, mellom anna gjennom BTI-arbeidet (Betre tverrfagleg innsats).

Hovudaktivitetar i 2025:

- Oppfølging av barn, unge og familiar gjennom individuelle konsultasjonar, gruppetilbod og open helsestasjon for drop-in
- Systematisk helsefremjande og førebyggjande arbeid innan psykisk og fysisk helse, sosiale forhold og foreldrestøtte
- Samarbeid med barnevern, skular, PPT, psykisk helseteam og andre kommunale aktørar
- Deltaking i prosjekt og nettverk, mellom anna vaksinasjonsprogram, Ungdata, BTI og arbeid mot vald i nære relasjonar
- Kompetanseutvikling gjennom kurs, foreldrekurs (ICDP, Cos-p) og faglege nettverksamlingar
- Prosjekt God Start og vidareføring av samarbeid om felles jordmorressurs lokalisert på Nordfjord sjukehus

Legetenesta

Legetenesta omfattar fastlegeordninga, daglegevakt og deltaking i interkommunal legevakt på kveld, natt og helg. Tenesta sikrar innbyggjarane tilgang til både allmennlegetenester og akutt helsehjelp. Aktiviteten ved legekontora har auka i 2025. Ved Eid legekontor har auken i pasientkontakt vore om lag 5,5 %. Drifta har gjennom 2025 vore prega av redusert bemanning, bruk av vikarar og implementering av

nytt journalsystem (Infodoc Sky). Selje legekantor har hatt stabil legedekning gjennom året. Vaksinasjonsdagar er gjennomførte i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Felles for begge kontor

- Kompetanseheving innan palliasjon og lindrande behandling for 41 tilsette.
- Ressurssjukepleiarar som viktige samarbeidspartnarar i pasientoppfølging.
- Vidare utvikling av digitale løysingar og journalsystem for effektiv drift.

Eid legekantor

- Redusert bemanning frå september som følgje av permisjon i primærhelseteamet. Innsparing Robek.
- Legar og helsepersonell har delteke på faglege kurs, mellom anna diabetesfagdag og leiarutdanning.
- Overgang til nytt journalsystem med krevjande opplæring.
- Kombinasjon av redusert bemanning og auka arbeidsmengde.
- Høg bruk av vikarar som gir mindre kontinuitet i pasientoppfølginga.
- Året starta med tre heimlar utan fast lege på Eid, vi rekrutterte ein lege i september 2025 .
- I løpet av 2025 har det vore 9 vikarlegar innom Eid legekantor

Selje legekantor

- Legestudent i praksis våren 2025 og LIS1-lege frå september.
- Selje helsesenter sertifisert som Miljøfyrtårn i juni 2025.
- To vaksinasjonsdagar hausten 2025 (influensa, korona og pneumokokk) i samarbeid med Selje sanitetsforeining.

Koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar

Koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar gir oppfølging og støtte til pasientar og pårørande gjennom heile sjukdomsforløpet. I 2025 hadde koordinator 51 pasientar og pårørande kontakt med tenesta. Oppfølginga er primært retta mot kreftomsorga. Koordinatoren arbeider tett saman med ressursjukepleiarar i kommunen, fastlegar og andre helsetenester, og bidreg til å styrkje kompetansen innan lindrande behandling og palliasjon i kommunen. Ved hjelp av tilskotsmidlar har det vore gjennomført prosjekt: *kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt - 2025*.

Heimetenesta

Heimetenesta dekkar heile stad kommune omfattar både ambulerande heimetenester, 1-1 tiltak, BPA og omsorgsbustader med og utan bemanning. I tillegg til drift av heimebaserte tenester er også kommunen sitt sakshandsamarteam lagt til heimetenesta sitt ansvarsområde. Sakshandsamarteamet handsamar søknader og skriv enketvedtak på tvers av fleire einingar i helse og omsorg. Tenesta har delteke i fleire prosjekt gjennom året, mellom anna fleire omstillingsprosjekt (program for berekraftig økonomi), helseteknologi og utprøving av nye løysingar.

Hovudfokus i 2025:

- TØRN prosjekt med fokus på oppgåvedeling, organisering og hensiktsmessig bruk av teknologi

- Deltaking i prosjekt gjennom koordinator for kreft og andre alvorlege sjukdommar med hovudfokus på NORPAL og “livets siste dagar”.
- Implementering av systematisk etisk refleksjon og opplæring av etikkrettleiarar
- Oppstart av tverrfagleg sjukepleiarteam mellom heimetenesta Selje/Stadlandet, Seljetunet og bu- og miljøtenesta for å styrkje kvalitet og kompetanse.
- Innkjøp av arbeidsjakker for alle tilsette
- Utvikle eit enda teitare samarbeid mellom ambulerande teneste og bufellesskapet Fossevegen på Nordfjordeid for optimal ressursbruk.
- Oppstart av langvakter i alle avdelingar frå desember 2025 (frivillig ordning)
- Samarbeid med frivillige inn i bufellesskap

Bu og miljøtenesta

Bu- og miljøtenesta består i hovudsak av to tenesteområder; psykisk helse og rus og teneste for menneske med nedsett funksjonsevne. Tenestene fordeler seg over seks hovud avdelingar med stort og komplekst ansvar, herunder også samarbeidsstrukturar med spesialisthelsetenesta. I tillegg har tenesta ansvar for Lærings og aktivitetstilboda i Selje og på Nordfjordeid. Psykisk helse og rus tenesta består av tenester både innan lågsterskel tilbod, heimebasert oppfølging, privat tiltak og samhandlingsprosjekt med spesialisthelsetenesta. Teneste til menneske med nedsett funksjonsevne er i hovudsak organisert i bufellesskap med bemanning, med nokre få som får tilbod utanfor bufellesskapa.

- Psykisk helseteam har 4,5 årsverk, fordelt med 3 årsverk på Nordfjordeid og 1,5 årsverk i Selje. I 2025 har teamet handtert 212 nye saker og avslutta 154 saker. Alle saker med varigheit på seks månader eller meir får utarbeidd enkeltvedtak på psykisk helse- og rusteneste. Per 31.12.2025 hadde tenesta 180 aktive tenestemottakarar.
- Uteteamet: 4 årsverk fordelt på dagvakter, kveldsvakt og helgevakt. Hadde 68 aktive tenestemottakarar pr 31.12.25.
- Bemanna bufellesskap på Myroldhaug er eit forsterka bufellesskap med 7 leilegheiter og eit mikrohus. Tenesta innehar høg kompetanse og vidareutdanning på tilsette. I desember 2025 blei bemanningsplanane redusert frå 21,96 til 14,54 årsverk gjennom omstillingsarbeid knytt til PBØ.
- FACT ung er eit tverrfagleg behandlingsteam som gir langvarig og oppsøkjande hjelp til ungdom (12–25 år) med alvorlege psykiske vanskar og/eller rusproblem og er eit samarbeidsprosjekt mellom Stad kommune og BUP Nordfjord. Teamet starta 1. september 2025 og er eit prosjekt som gjev tilskotsmidlar over 4 år. Teamet har 3,3 årsverk, der 1,65 er finansiert av Stad kommune og 1,65 av Nordfjord BUP. Teamet består av teamleiar (pedagog), psykolog, psykiater, brukarspesialist og vernepleiar med vidareutdanning. Ved oppstart hadde teamet 5 tenestemottakarar, og per 31.12.2025 var talet auka til 7.
- FACT vaksen er eit tverrfagleg oppsøkjande behandlingsteam som gir heilskapleg og langvarig oppfølging til vaksne med alvorlege psykiske lidningar og/eller rusproblem. Tenesta er eit teamsamarbeid med Nordfjord psykiatrisenter. 2025 var siste året med drift på prosjektmidlar. Teamet har totalt 4 årsverk, der 1,5 årsverk er finansiert av Stad kommune og 2,5 årsverk er finansiert av Nordfjord psykiatrisenter. Tal tenestemottakarar har variert mellom 15 og 19. FACT-teamet har bidratt til kontinuerleg og tverrfagleg oppfølging av personar med alvorlege psykiske lidningar og/eller rusproblem, redusert behov for akuttinnleggingar og korttidsplassar, og styrka tverrfagleg samarbeid mellom kommunen og spesialisthelsetenesta. Tenestemottakarane opplev meir stabil og heilskapleg behandling over tid.
- Privat tiltak via ekstern leverandør: I 2025 har Stad kommune kjøpt teneste til ein tenestemottakar som har hatt 2/1 bemanning. Ansvar for tenesta ligg til psykisk helse og rusavdelinga.

- Elvebøen er eit døgn-bemanna bufellesskap for tenestemottakarar med besett funksjonsevne. Bufellesskapet har 19 leiligheiter og ein personalbase.
- Myroldhaug - Teneste for menneske med besett funksjonsevne er eit forsterka bufellesskap som ligg i same tun som Myroldhaug psykisk helse og rus. Tenesta har få tenestemottakarar, men med komplekse og samansette behov. Tenesta har høg kompetanse på tilsette grunna utfordrande arbeidsoppgåver.
- Barnebustad og avlasing:
 - Barnebustaden blei oppretta i 2024 for eit barn med forsterka personalressurs.
 - Barneavlasinga gjev tilbod til innbyggjarar i helse Stad kommune og har eit variert tall barn som får vedtak om avlasing ut frå individuelle behov.
- Bu og Miøjøtenesta Selje Stadlandet er delt i tre bufellesskap med totalt 15 leiligheiter. I juni 2025 blei disse tre bustadane slått saman til ei avdeling og tilsette jobbar på tvers av bufellesskap for ei best mogleg effektiv drift og kompetansefordeling ut frå tenestemottakarane sine behov.
- Lærings,- og aktivitetssenter: Stad kommune har to LA senter. Eit på Nordfjordeid og eit i Selje. Hausten 2025 flytta LA senteret i Selje frå bygget Hove til 1.etg i kommunehuset i Selje. Årsaka var driftsutfordringar og manglar ved Hove bygget. Samstundes hadde ikkje kommunen handlingsrom til å bygge nytt eller oppgradere eksisterande bygg og tiltaket vart å flytte til ny lokasjon som kommunen eig. Drifta av nytt senter var formelt i gang frå november 2025.

Institusjonstenester

Institusjonstenesta er organisert med ein einingsleiar, to avdelingsleiarar og to fagleiarar.

Seljetunet – omsorg og rehabilitering

Seljetunet har 31 institusjonsrom fordelt på 4 avdelingar. Beleggsprosent i institusjon var 86,32% i 2025. Det har gjennom året vært nokon ledige rom og tenesta har difor tatt i mot fleire korttidspasientar enn tidlegare år for å avhjelpe det totale behovet i Stad kommune. I tillegg til institusjonsrom, har Seljetunet også 16 rom i bemanna bufellesskap (HDO) fordelt på to avdelingar.

Hovudfokus 2025:

- Bufellesskap har starta opp med velferdsteknologi Somnofy, integrert med Mobil omsorg og Net Nordic.
- Starta opp med arbeidsliste på bufellesskap som planleggingsverktøy – opplæring pågår.
- Det har vore utfordrande å rekruttere personale til ressursoppgåver som t.d. velferdsteknologi, lindrande behandling og etikkrettleiarar. Tenesta har fått ei som får opplæring i bestilling av hjelpemiddel og ei som er hygienekontakt.
- Innleige av vikarar frå byrå grunna høgt sjukefråvær: 6–8 sjukepleiarar og helsefagarbeidarar frå byrå jobba på Seljetunet fram til 01.09.
- Sjukepleiarteam frå september for å nytte kompetanse på tvers mellom heimetenesta og institusjon. Vikarbyrå vart avslutta 01.09.
- Sommaren 2025 var fyrste sommaren at avdelingsvertar i alderen 15–17 år vart tilsett for støtte i pasientretta arbeid.

Matproduksjon

Institusjonsskjøkkenet på Seljetunet leverer måltid til institusjon, bufellesskap, omsorgsbustader og heimebuande i heile Selje/Stadlandet og Pollane. Kjøkkenet har stort fokus på heimelaga bakevarer. 1 lærling har tatt fagprøve hausten 2025 som kokk.

Hogatunet – bu- og behandlingssenter

Hogatunet har totalt 52 rom fordelt på 5 avdelingar.

Beleggsprosenten har vore 96,8 %, med fullt på langtidsavdelingane og noko ledig kapasitet på korttidsavdelinga ved heimreise eller dødsfall.

Hovudfokus i 2025:

- Somnofy implementert på ei heil avdeling
- Deltaking i "5D"-studien (livets slutt hos demenspasientar) i samarbeid med Universitetet i Bergen og Helse Vest
- Satsing på etisk refleksjon - fått på plass to etikkrettleiarar med faste refleksjonsmøter for tilsette
- Fleire tilsette med ressursoppgåver som t.d. hukommelsesteam, lindrande behandling, hjelpemiddelbestilling, hygienekontakt og varebestilling
- 5 fagprøver gjennomført, inkl. 2 fagbrev på jobb og 1 kompetanseprøve
- Tilsette har delteke på kurs i velferdsteknologi, videreutdanning i palliasjon og medisinske prosedyrer
- Sommaren 2025: første sommaren med avdelingsvertar i alderen 15–17 år

Dagaktivitetssenter for heimebuande med demens på "Nordfjordeid":

- 19 tenestemottakarar fekk tenesta i 2025. Tenesta har berre tilsett 0,87% årsverk. Ikkje alle tenestemottakarane er der på same dag, men det er behov for å leige inn ekstra personell på enkelte dagar for å ivareta tenestemottakarane sine behov.

Institusjonskjøkkenet på Hogatunet leverer fullkost til 18 bebuarar på Fossevegen og 46 heimebuande gjennom veka. Lagar også middag til omlag 120 til 130 brukarar dagleg og bakar heimelaga kaker og brød som blir servert til 70 tenestemottakarar på Hogatunet og Fossevegen. Kjøkkenet har eit fokus på heimelaga bakevarer. Ein kokkelærning har gjennomført fagprøve.

Hovudutvikling og satsingar 2025 for begge institusjonar:

- Økt bruk av velferdsteknologi og digitale planleggingsverktøy.
- Styrking av fagkompetanse gjennom sjukepleiarteam, fagprøver, lærlingordningar og vidareutdanning.
- Rekruttering og oppfølging av ressursrollar (etikk, lindrande behandling, hjelpemiddel, hygienekontakt).
- Samarbeid på tvers med heimetenesta for å utnytte kompetanse og ressursar effektivt.
- Sommaren 2025: avdelingsvertar 15–17 år som nytt tiltak for å avhjelpe i avdelingane slik at fagpersonell får utført pasientretta oppgåver.

Sjølv om den samla kapasiteten i institusjonane er knapp, har det ikkje blitt fakturert for liggedøgn i sjukehus (betaling for pasientar ein ikkje klarar å ta imot) i 2025.

Interkommunale helsetenester (IKHT)

Eininga er organisert med einingsleiar, avdelingsleiar og medisinskfagleg rådgjevar i 40% stilling. Tenesta er eit interkommunalt samarbeid mellom Kinn, Stryn og Stad kommunar og har ansvar for legevakt, legevaktformidling og tre øyeblikkeleg hjelp sengar (ØHD). Tenesta har samarbeid både med

helseføretaket og kommunane i samarbeidet og felles utvikling og oppfølging av den akuttmedisinske kjede.

- Opplæring og kompetanseutvikling i 2025:
 - Gjennomført førstehjelpskurs for tilsette i Stad kommune
 - AHLR-kurs for tilsette ved legevaktsentralen
 - Egen AHLR-instruktør utdanna i 2025
- Øving og samtrening:
 - Arbeider med å etablere samtrening mellom IKHT og ambulanse.
 - I 2025 har øvingar i hovudsak vore i eininga; deltaking i PLIVO-øving saman med andre akutttenester
 - Planlagt vidare systematiske treningar i 2026 for å styrke beredskap og tverrfagleg samhandling.

NAV Nordfjord

NAV Nordfjord er eit partnerskap mellom kommunane Stad, Stryn, Gloppen og Bremanger, med Stad kommune som vertskommune. Eininga er organisert med einingsleiar og to avdelingsleiarar. Nye NAV Nordfjord opna 1.mai 2023 og har 44 tilsette fordelt på kontor i alle fire kommunane.

Tenestetilbod:

- Yter både statlege og kommunale tenester innan arbeid, velferd og sosiale område.
- Fungerte som førstelinje for innbyggjarar som treng støtte eller oppfølging frå NAV-systemet.
- Tilbyr eit breitt spekter av oppfølging, rettleiing og saksbehandling på tvers av kommunane.

Utvikling og satsingar i 2025:

- Styrking av samarbeid mellom kommunane og NAV Vestland.
- Fokus på effektivisering og tilgjengelegheit for innbyggjarar gjennom lokal tilstedeværelse i alle kommunar.
- Vidareutvikling av standard rutinar for koordinering mellom statlege og kommunale oppgåver.

Årsverk

Org.eining	Årsverk opprinneleg budsjett 2025			Faktiske årsverk 2025		
	Fast	Midlertidig	Total	Fast	Midlertidig	Total
Helse	28,93	2,42	31,95	27,29	1,81	30,32
Heimetenesta	66,10	7,90	77,50	65,00	7,34	79,57
Bu- og miljøtenesta	168,96	3,30	173,06	155,11	1,15	164,75
Seljetunet omsorg og rehabilitering	47,05	3,50	52,25	40,63	3,59	44,45
Hogatunet bu- og behandlingssenter	61,95	5,48	67,43	60,01	6,99	68,04
Interkommunale helsetenester	12,70	0,20	12,90	12,78	0,00	13,07
Arbeid og velferd - NAV	17,50	1,80	19,30	17,06	1,00	18,60
Total	403,19	24,60	434,39	377,88	21,88	418,80

Kommentar til årsverk

Helse og omsorg har gjennom omstillingsprosessar i 2025 redusert med fleire årsverk. Det er i hovudsak i Bu og miljøtenesta at reduksjonen har vore størst ved endring av bemanningsplanar og evaluering av vedtak. I tillegg blei det innført tilsetjingsstopp sommaren 2025. Summen av dette gjer at kommunalområdet har hatt 28 færre årsverk i 2025 i høve opprinneleg budsjett for 2025.

Utfordringar

Helse og omsorg har hatt fleire større omstillingsprosessar i 2025 og den økonomiske situasjonen har vore krevjande for tenestene. Det har vore eit år med store omstillingar, endring av bemanningsplanar, nedtak av stillingar og endring av tenestetilbod. Kommunalområdet har redusert drifta, noko som har kravd mykje av avdelingane, både tilsette og leiarar. Sjukefråværet er fortsatt høgt, sjølv om ein samla sett har sett ein svak nedgang dei siste åra. Dette er noko som må overvakast framover, for å sikre at ikkje trenden snur som følgje av større arbeidspress og stress for tilsette og leiarar.

Legetenesta

Fastlegetenesta har dei siste åra fått fleire og meir komplekse oppgåver, mellom anna som følgje av oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta til primærhelsetenesta. Dette stiller auka krav til kompetanse, samhandling og støttetjenester. Variasjon i bemanning gjennom året grunna fråvær og vikarar er utfordrande med tanke på kontinuiteten i oppfølginga av pasientar og samarbeidet med andre tenester.

Utfordringar 2025:

- Redusert bemanning og omstilling under Robek
- Manglande vikarar i permisjonar. Fokus på å sikre kompetanse og kontinuitet i tilbodet
- Oppføringa i Helsenorge gir framleis enkelte utfordringar knytt til at pasientar kan velje lege ved feil kontor.

Heimetenesta

Heimetenesta har i 2025 hatt ei utvikling med auka kompleksitet i tenestene og eit aukande tal tenestemottakarar. Dette har ført til større behov for ressursar og kompetanse. Rekruttering, tilgang på rett kompetanse til rett tid og tilstrekkeleg bemanning for å sikre forsvarlege tenester har vore sentrale tema gjennom året. Samstundes har bruk av overtid og ressursituasjonen i sakshandsamingstenesta (SAKS) vore område med særleg merksemd.

Tenesta har hatt utfordringar knytt til både langvarig sjukefråvær og korttidsfråvær. Auka fokus på palliasjon og tilrettelegging for heimedød har i periodar kravd auka bemanning på dag og kveld, samt bakvaksordning for sjukepleiar. Fritak frå nattarbeid blant enkelte tilsette har også gjort planlegging av nattevakter meir krevjande.

Sakshandsamarteamet

Bemanningssituasjonen i sakshandsamarteamet har vore krevjande og ført til auka arbeidsbelastning og eit betydeleg etterslep i sakshandsaminga. Talet på ufordelte saker har i periodar vore høgt, noko som har kravd prioritering av akutte og lovpålagde oppgåver.

Grunna høgt arbeidspress og vedvarande bemanningsutfordringar har det i 2025 vore avgrensa kapasitet til utviklingsarbeid og kompetanseheving i sakshandsamarteamet og ute i avdelingane. Arbeidet med evaluering og oppfølging av den nye fritidskontaktordninga har difor ikkje vore prioritert. Det har heller ikkje vore mogleg å arbeide systematisk med utviklinga av koordinerande eining og barnekoordinatorfunksjonen.

Hovudfokuset i perioden har vore å sikre forsvarleg handtering av lovpålagde oppgåver og akutte saker. Utviklings- og kvalitetsarbeid har i stor grad vore sett på vent, og vert vurdert som viktige satsingsområde vidare når bemanningssituasjonen tillet meir stabil drift.

Det er sett i verk fleire midlertidige tiltak for å betre kapasiteten, mellom anna ved at assisterande einingsleiar har bidrege i drifta, og ved at avdelingane i større grad har gjennomført fyrstegongskarteggingar. Tiltaka har bidrege til betre flyt, men kapasitetssituasjonen har framleis gjort det krevjande å handtere den samla saksmengda. Dette har også påverka gjennomføring av planlagde evalueringar av vedtak. Riktig og god sakshandsaming er viktig for rett vurdering og tildeling av tenester. Om situasjonen ikkje stabilisera seg, er det behov for å sjå på alternative tiltak for å sikre forsvarleg og god sakshandsaming.

Bu og miljøtenesta

Tenesta har hatt eit høgt frávær gjennom året, noko som gir utfordringar å dekke inn med vikarar, spesielt i ei tid med stor omstilling og endring. Det har vore vanskeleg å oppretthalde kompetansekrava ved frávær. Positivt at det pr d.d. er fire tilsette som er eller skal inn i utdanningsløp som vernepleier. I område Selje/Stadlandet har det vore særleg utfordrande å rekruttere personell med rett kompetanse. Eininga har gjennom heile 2025 vore utan einingsleiar. Fleire omstillingsprosjekt har vore utfordrande og Bu og miljøtenesta er den eininga som har hatt størst endring og omstilling i 2025. Dette har i meir eller mindre grad påverka tilsette, noko som har skapt uro i miljøet. Leiarane har kjent på auka arbeidsbelastning som følge av omstillinga.

Seljetunet

Rekruttering av både faglært og ufaglært personell til vakante vakter og til dekning av sjukefrávær har vore ei utfordring i 2025. Det vert no lyst ut stillingar med moglegheit for langvakter og arbeid i sjukepleiarteam for å sjå om det kan bidra til auka rekruttering. Institusjonen har også nytta fleire erfarne vikarar på pensjonistavtale som tek vakter ved behov.

Seljetunet har over tid hatt mangel på sjukepleiekompetanse, noko som har vore ei utfordring. Dette har samtidig ført til at tenesta har arbeidd med nye tiltak, mellom anna oppstart av sjukepleiarteam saman med heimetenesta for å styrke fagleg oppfølging og ressursutnytting.

Det har i 2025 vore gjennomført ei arbeidsmiljøkartlegging i samarbeid med personalavdelinga. Oppfølging av funn skjer gjennom medarbeidersamtalar og dialog i møte med tilsette.

Seljetunet må oppgradere pasientvarslingssystemet grunna at 2G nettet skal avsluttast. Dette må kome på plass i løpet av 2027.

Hogatunet

Hogatunet har hatt god rekruttering i 2025. Samstundes er det venta noko utskifting i åra framover som følge av flytting og avgang til pensjon. Det vil difor vere behov for jamlege utlysingar av stillingar for å sikre rekruttering av rett fagkompetanse. Det er framleis utfordringar med å dekke vakante vakter, særleg i helg.

Det er aukande behov for både korttids- og langtids plassar i området Nordfjordeid–Bryggja. I periodar er det venteliste for overflytting frå Seljetunet til Hogatunet. Tilgang på fagkompetanse påverkar i nokre tilfelle kvar pasientar kan få tilbod om institusjonsplass. Det må difor gjerast prioriteringar for å sikre forsvarleg oppfølging gjennom døgnet for pasientar i kommunen.

Det er behov for fornying/nybygg av garderobar for alle tilsette, vaskerom for vask av pasienttøy til brukarane på avdeling Nystova og institusjonsskjøkken. Det som vert nytta i dag er frå Eid sjukeheim vart bygd i 1978. Ikkje planlagt nokon utbetringar eller andre prosessar knytt til vidare bruk av areal.

Interkommunale helsetenester

Den største utfordringa i 2025 har vore å skaffe vikarar for både sjukepleiarar og legar. I periodar med sjukefråvær har ledige vakter i stor grad blitt dekket av fast tilsette. Dette har ført til auka belastning på personalet og høgare kostnader knytt til bruk av overtid.

Det har over tid blitt meir krevjande å skaffe legevikarar til ledige legeheimlar i Nordfjord, noko som påverkar legerekninga ved den interkommunale legevakta.

NAV - Økonomisk sosialhjelp

Dei sosiale tenestene i Stad kommune har hatt relativt stabilt tal brukarar samanlikna med 2024, med ei lita auke frå 222 til 225 mottakarar. Av desse er 97 flyktningar/personar frå tredjeland, og 128 norske/personar frå EU/EØS.

Utbetalingar i 2025 fordeler seg slik:

- **Flyktningar/personar frå tredjeland:** ca. 7,9 mill. kr (liten nedgang frå 7,97 mill. kr i 2024)
- **Norske/EU/EØS-mottakarar:** ca. 4,3 mill. kr (auke frå 3,7 mill. kr i 2024)

Den største endringa frå 2024 ligg i gruppa norske/EU/EØS-mottakarar, der utgiftene har auka, medan utbetalingane til flyktningar/personar frå tredjeland har vore stabile.

Spesielle tilhøve

Det som gjeld spesielle tilhøve, kjem fram i kapitla "Om verksemda" og "Utfordringar".

Avvik

Tal avvik meldt pr. månad i 2025	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Totalt
Helse og omsorg	209	102	120	132	132	121	166	105	164	141	154	134	1680

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på Kategori	Tal avvik
Helse Miljø og Tryggleik	579
Organisasjon/internt	362
Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	57
Teneste - tenestemottakar	972

Avvik fordelt på Kategori	Tal avvik
Ytre miljø	19
Totalt	1989

Varsling

Ingen registrerte varslingsaker i 2025.

Klagesaker

- Legetenesta har hatt klage på at ein får tildelt fastlege ved feil legekantor. Dette skuldast utydeleg oppføring i Helsenorge etter kommunesamanslåinga, då legekantora er organisert under eitt organisasjonsnummer og legane kan stå oppførte med fleire kontoradresser.
- Heimetenesta har hatt seks klagesaker vedrørande tildeling av tenester. Ei sak vart sendt til Statsforvaltar for vurdering. Tenesta har også hatt tre klagesaker vedrørande tenesteyting.
- Seljetunet har hatt ei skriftleg klage som vart sendt til Statsforvaltaren.
- Interkommunale Helsetenester har hatt fire klagesaker på pasientbehandling.
- Nav Nordfjord har hatt 9 klagesaker på økonomisk sosialhjelp i 2025.

Tilsyn

Det har ikkje vore gjennomført tilsyn i 2025.

Kultur og samfunn

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Forbruk i %
400-Areal og eigedom - administrasjon	-1 803	15	-0,8 %
411-Kommunalteknikk	7 432	-113	-1,5 %
412-Plan og forvaltning	8 904	7 822	87,8 %
413-Brann, redning og førebygging	10 109	9 112	90,1 %
414-Eigedom	48 968	45 504	92,9 %
450-Kultur	14 955	14 125	94,5 %
Sum	88 565	76 465	86,3 %

Kommentar til status økonomi

Samla vurdering:

Samla har kommunalområdet eit mindreforbruk på 12,1 mill. kroner. Alle einingane har medverka til at ein har levert eit økonomisk mindreforbruk ved å ta ned tenestenivået.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak:


- Tidleg nedtak av stillingar i samsvar med program for berekraftig økonomi
- Det er i hovudsak ikkje brukt vikar ved permisjonar, eller sjukefråver.
- Betydeleg gevinstrealisering gjennom spissa og endra innkjøpsarbeid på nye brøytekontrakter. Det er inngått nye brøytekontrakter på vegdrift der faste kontraktskostnader er sterkt redusert frå førre avtaleperiode, og inn i ny avtaleperiode.
- Lite snø som har ført til ytterlegare innsparing på vegbudsjettet. Redusert vegvedlikehald, og redusert materialbruk knytt til vegdrift.
- Høg utleigegrad på bustadar
- Mindreforbruk straum i kommunale bygg i forhold til prognosar
- Mindre vedlikehald av bygg for å holde kostnader nede
- Ekstra inndekking på kr 1,0 mill frå sjølvkostområda til dekning av kommunen sine drifts- og finansutgifter på grunn av underdekking i 2024.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Lønn	84 429	84 437	-8
Refusjon lønn	0	-2 560	2 560
Sum Lønn	84 429	81 876	2 552
Drift	102 006	102 587	-580
Kjøp av produksjon	7 943	7 324	619
Overføringer	16 415	20 840	-4 426
Finansutgifter	1 000	3 943	-2 943
Sum Utgifter	127 364	134 693	-7 329
Brukerbetaling	-104 903	-113 064	8 161
Refusjoner	-16 612	-24 469	7 857
Overføringer	-361	-1 202	841
Finansinntekter	-1 352	-1 370	18
Sum Inntekter	-123 228	-140 104	16 877
Netto resultat	88 565	76 465	12 100

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Driftsutgifter

Beløp i heile kr.



Driftsinntekter

Beløp i heile kr.



Forklaring KOSTRA-nøkkeltal

KOSTRA står for Kommune-stat-rapportering og gjer styringsinformasjon om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Du kan lese meir om KOSTRA på nettsidene til Statistisk sentralbyrå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>

Kommune-gruppering: Kommunane er gruppert langs tre ulike dimensjonar: Folkemengd, bundne kostnader og frie disponible inntekter per innbyggjar. Stad kommune er plassert i KOSTRA-gruppe 2. Dette er kommunar med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter per innbyggjar.

Vi har plukka ut kommunar som kan vere naturleg å samanlikne oss med. Det er Stryn, Sunnfjord og Volda kommunar. Stryn kommune er nabokommune til Stad kommune. Sunnfjord og Volda er begge samanslåtte kommunar slik som Stad.

Det er mange ulike KOSTRA-nøkkeltal å velje mellom. Vi har valt ut ulike nøkkeltal for dei ulike kommunalområda.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stad 2024	Stad 2025	Stryn	Volda	Sunnfjord	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet							
Administrasjonslokaler nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,3 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %	0,3 %	0,6 %	
Beredskap mot branner og andre ulykker nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	920	938	1 198	1 568	1 100	1 414	

Stad kommune - Årsrapport 2025

Brann- og ulykkesvern korrigerte brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	1,2 %	1,1 %	2,1 %	1,6 %	1,6 %	1,8 %	
Brann- og ulykkesvern korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 283	1 295	2 192	1 724	1 644	2 125	
Byggesaksbehandling og eierseksjonering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	235	236	182	123	169	168	
Forebygging av branner og andre ulykker nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	90	104	133	16	60	111	
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	2,1 %	1,8 %	1,6 %	1,4 %	1,3 %	1,7 %	
Fysisk planlegging, kulturminner, natur, nærmiljø, kommune netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 647	1 180	1 384	1 542	1 054	1 326	
Kart og oppmåling nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	113	109	206	256	187	247	
Kommunale boliger brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,4 %	2,4 %	1,2 %	1,3 %	2,3 %	2,1 %	
Kommunale kulturbygg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	503	508	982	141	736	532	
Kommunale vei er nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,3 %	3,0 %	3,7 %	2,7 %	2,9 %	2,6 %	
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,5 %	0,4 %	0,3 %	0,2 %	0,4 %	0,4 %	
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr)	153 839	138 939	156 219	151 737	205 035	178 949	207 364
Plansaksbehandling nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	742	409	403	623	328	458	
Samferdsel, kommune nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	3,4 %	2,7 %	3,7 %	2,7 %	2,9 %	2,4 %	
Produktivitet							
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	168	164	227	98	307	2 442	60 762
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	16	24	13	25	11	29	28
Netto driftsutgift per km kommunal vei og gate (B)	153 839	138 939	156 219	151 737	205 035	178 949	206 250
Dekningsgrad							
Andel kommunale veier og gater med belysning i prosent av alle kommunale veier (prosent)	31,7 %	31,7 %	25,8 %	66,3 %	26,2 %	46,6 %	70,7 %
Andel piper feiet	37,1 %	28,6 %	19,9 %	22,2 %	17,9 %	18,4 %	19,5 %
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	28	28	24	20	25	27	21
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
Kommunalt eide boliger	229	227	168	218	386	2 360	74 946
Kommunalt innleide boliger	43	46	0	7	181	529	17 079
Lengde kommunalvei (km)	180	180	155	175	286	1 643	39 121

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	1,91 %	8,47 %	10,38 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,00 %	5,61 %	7,61 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,47 %	6,34 %	7,81 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,23 %	4,95 %	7,17 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,26 %	3,49 %	5,75 %

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær har gått ned frå 7,2% i 2024 til 5,75% i 2025. Kommunalområdet har hatt ein jamn nedgang i sjukefråveret dei seinare åra.

Sjukefråvær blir følgt opp i samsvar med interne rutinar og i samarbeid med NAV. Det er rapportert noko sjukefråver knytt til omstilling og høgt arbeidspress.

Om verksemnda

Kommunalområdet Kultur og samfunn har ansvar for at Stad kommune har ei berekraftig samfunns- og stadutvikling. Kommunalområdet femner breitt, og har fem einingar; Plan og forvaltning, Eigedom, Kommunalteknikk, Kultur og Brann, redning med førebyggjande avdeling.

Kultur og samfunn skal arbeide for ei heilskapleg samfunnsutvikling; Gode arealplanar, heilskaplege løysingar for infrastruktur (VA, kommunale vegar og hamner), eigedomsforvaltning og tryggleik er grunnleggjande for å tilby gode tenester til innbyggjarane. Kultur og Idrett og tilrettelegging for næringsutvikling er viktig for god samfunnsutvikling.

Arbeidet innanfor kommunalområdet er tufta på FN sine bærekraftsmål; Klima og miljø, sosiale forhold og økonomi.

Store utgreiingar og omstillingsprosjekt har kravd store ressursar frå tilsette og då særleg einingsleiarane. Førenemnde har også hatt konsekvensar for tenesteproduksjonen.

Plan og forvaltning

Plan og forvaltning utarbeider kommunale arealplanar, og behandlar private planforslag og bygge- og delesaker, samt yter kart- og oppmålingstenester utfører geografiske analysar.

Landbruks- og miljøvernoppgåver vert løyst i samarbeid med Landbrukskontoret for Gloppen og Stad, som er eit vertskommunesamarbeid.

Tenestemottakarar er innbyggjarar og verksemder i Stad kommune. Dette gjeld alt frå byggjesøknad, søknad om frådelling og rekvisisjon av oppmålingsforretning, private planinitiativ, fellingsløyve på hjort, rådgjeving og søknadar landbruk, søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn, søknad om produksjonstilskot med meir.

Tilsyn for spreidde avløp og tilsyn for byggjesak er etablert som eit vertskommunesamarbeid saman med Stryn, Gloppen, Bremanger og Kinn.

Plan og forvaltning har gjennom 2025 hatt ansvaret for arbeidet med fleire overordna planar. Mange av planane er grunnlaget for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel(KPA) som vil starte opp for fullt i 2026.

Redusert bemanning gjennom 2025 og fortsatt oppfølging av arbeid med Stad skipstunnel gjer at ventetider for innbyggjarane aukar.

Eigedom

Eigedom omfattar forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar i Stad kommune. Totalt har eininga ansvar for oppfølging av 20 formålsbygg og omlag 270 gjennomgangsbustadar.

Kommunen eig omlag 60.000 m2 bygg; administrasjonsbygg, skular, barnehagar, institusjonar og idretts- og kulturbygg. Eininga administrerer all utleige av kommunale bygg. Stad kommune har eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Dårlig vedlikehald vil prege bygga i lang tid framover då kommunen er i ein svært krevjande økonomisk situasjon.

Eininga administrerer og leverer vaktmeister- og reinhaldstenester til andre tenester i kommunen og ut til brukarar i private heimar. Det er eit tett samarbeid med dei andre kommunalområda om levering av tenester.

Eininga har ansvar for reinhald, vedlikehald og utkøyring av NAV hjelpemiddel. Oppdraga har auka betydeleg dei siste åra og det har vore naudsynt å styrke bemanning og kompetanse på området. Eininga skal framover ruste seg for å utvikle kompetanse inn mot velferdsteknologi.

I eit tverrfagleg team arbeider bu-rettleiar saman med NAV, bu og miljøtenesta og opplæring og integrering med å busette flyktningar og vanskelegstilte. Gjennom god rettleiing og oppfølging skal leigetakarar oppleve å meistre nye buformer og kvardagen i eigen heim. Burrettleiar er tett på "leige til eige" ved hjelp av starlån og bustøtte ordninga frå Husbanken.

Kommunalteknikk

Kommunalteknisk eining har ansvar for all kommunal infrastruktur i Stad kommune - veg, veglys, vassforsyning og avløps handtering, samt overvasshandtering. Eininga har også ansvaret for dei kommunale hamnene og kommunal farled, samt ansvar for drift av kommunale parkanlegg og grønt areal.

Overordna beredskapsarbeid for infrastrukturen er ein viktig del av arbeidet i eininga som har døgnerberedskap på vatn, avløp og overvasshandtering heile året, samt døgnerberedskap på det kommunale vegnettet i vinterhalvåret. Hamneforvaltninga vert i varetatt av Hamnekontoret for Bremanger og Stad gjennom eit vertskommunesamarbeid. Renovasjonstenester (hushaldningsavfall) og slamtøming vert levert av Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil) som er eit interkommunalt samarbeid (IKS).

Stad kommune utarbeidde i 2022 ein temaplan for VAO. Temaplanen beskriv godt ulike utfordringar knytt til vassforsyning, reinseanlegg og overvatn. Tiltaksplanar vert evaluert og lagt fram for politisk handsaming kvart år. Store utskiftingar av leidningsnett og investering i reinseanlegg er utsett i tid.

Maskinparken på komtek er i 2025 sterkt fornya med ny gravemaskin VA, og ny hjulmaskin Vegdrift, samt ny traktor for heilårsdrift veg/VA. Dette vil styrke arbeid i eige regi, samt effektivisere vedlikehaldsetterslep, særskilt innan vegdrift.

Vestland fylkeskommune skal overta alle veglys ved fylkesvegane i Stad kommune i 2026, og i 2025 vart mange av førebuingane kring dette gjennomført. Kommunale veglysanlegg er splitta frå fylkeskommunale veglysanlegg fleire stader. Fylkeskommunen har skifta LED lys på alle strekningane dei skal overta i kommunen inn mot overtaking. Kommunen har i 2025 anskaffa digitalt system for feilmelding av veglys på dei kommunale vegane, og skal i starten av 2026 lansere ny digital publikumsportal for feilmelding.

Brann, redning og førebygging

Eininga har ansvaret for operativt brannvern, førebyggjande brannvern og feiing. Eininga har kompetanse innanfor redning til lands og på sjø, og samhandlar tett med andre blålysetatar (politi, ambulanse) og andre sivile beredskapsorgan (Sivilforsvaret, Røde Kors m.fl.). Stad kommune er inne i eit vertskommune samarbeid med kommunane Stryn og Gloppen om førebyggjande brannvern og feiing.

Eit av satsingsområda til førebyggjande avdeling har vore “trygg heime”. Arbeidet går ut på å bistå eldre heimebuande, menneske med rus og psykiske utfordringar, flyktningar og andre med branntryggleik i heimen. Dette er eit samarbeid med helse, opplæring og integrering og bu og miljøtenesta i Stad kommune.

Eininga manglar pr i dag stillinga som leiar beredskap.

Stad kommune løyser sine beredskapsoppgåver knytt til IUA(Interkommunalt utval mot akutt forureining) gjennom eit kommunalt oppgåvefellesskap. Samarbeidet omfattar kommunane Gloppen, Stryn, Bremanger, Stad og Kinn med Kinn som vertskommune.

Kultur

Kultureininga har det overordna ansvaret for den kommunale delen av kulturen i Stad kommune, noko som inneber både dagleg drift samt vidareutvikling av tenestene.

Kultureininga er sett saman av seks fagområde – kulturskule, bibliotek, frivilligsentral, kulturarv, operahus og kino. I tillegg kjem organisering av kommunale tilbod som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, UKM, kulturprisar, samt sakshandsaming og oppfølging av politiske og administrative vedtak knytt til kultur.

Stad har eit rikt, variert og livskraftig kulturliv, skapt av, med og for innbyggjarane i Stad kommune. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar gjev innbyggjarane våre moglegheita til å leve meningsfulle og aktive liv. Langsiktige satsingar på kultur har skapt særeigne arrangement og kulturaktørar som gjer kommunen vår attraktiv og unik, også for andre. Målet er «eit kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet». Eininga leverer eit stort mangfald av gode aktivitetar og opplevingar til alle aldersgrupper gjennom kulturskule, bibliotek, kino, frivillig og operahus. Kulturskulen er under stadig utvikling og det er no gode tilbud i heile den langstrakte kommunen.

Stad kommune har store kulturhistoriske verdiar, kulturminne og kulturmiljø av nasjonal betydning. I 2024 blei Myklebust haugen på Nordfjordeid gravd ut på nytt. Funna gjorde at Riksantikvaren no er pådrivar for å få Myklebust haugen og historia rundt denne inn på UNESCO si verdsarv liste. Med Sagastad og infrastrukturen som er bygd rundt, har Stad kommune ein god posisjon i å vise fram kulturarven.

Funna på Seljesanden og nye funn på Selja kloster har gitt Stad kommune ein unik posisjon innan kulturarv. Prosjektet Stad i 4000 år er tenkt å bidra til å løfte kulturarven vår inn i ein større samanheng med kunnskapsformidling, verdiskaping og lokal samfunnsutvikling.

Årsverk

Org.eining	Årsverk opprinneleg budsjett 2025			Faktiske årsverk 2025		
	Fast	Midlertidig	Total	Fast	Midlertidig	Total
Kommunalteknikk	25,20	1,00	26,40	22,16	1,00	23,16
Plan og forvaltning	10,20	0,00	10,20	9,05	0,18	9,23
Brann, redning og førebygging	3,61	0,00	3,61	3,65	0,00	3,65
Eigedom	35,54	1,00	40,14	37,42	0,00	38,88
Kultur	16,69	0,60	19,49	16,39	0,45	18,64
Total	91,24	2,60	99,84	88,67	1,63	93,56

Kommentar til årsverk

Revidert budsjett 2025 for Kultur og samfunn omfatta 93,8 årsverk. Dette inkluderer faste og midlertidige stillingar. Faktiske årsverk for 2025 var 90,3. For 2024 var faktiske årsverk 90,32

Årsaken til at det er ein skilnad mellom budsjetterte årsverk og faktiske årsverk er at stillingar i periodar står ledige. Dette skuldast i hovudsak at ein ikkje raskt nok får rekruttert inn nye medarbeidarar når nokon sluttar. Skilnaden kan også skuldast permisjonar som vert gjeve. I tillegg blei det også innført tilsetjingsstopp sommaren 2025.

På fleire einingar i Kultur og samfunn er det vanskeleg å få tak i kvalifiserte vikarar som raskt kan ta over oppgåver. Ofte vert difor drifta tatt vidare utan bruk av vikarar, men at ein i slike tilfelle nokre gonger kjøper tenester av andre.

Kommunalteknikk: Har fleire ledige stillingar der det førebels ikkje har vore mogleg å få rekruttert kvalifisert personell. Eininga har også tatt ned stilling i samsvar med program for berekraftig økonomi.

Plan og forvaltning: Har ikkje full bemanning på grunn av permisjonar og reduserte stillingar. Vikar er ikkje tatt inn.

Brann og redning: Treng fleire tilsette med kvalifikasjonar innan brann og redning. Det er store utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell. I tillegg manglar stillinga som leiar beredskap.

Eigedom: Har ikkje full bemanning i høve budsjetterte stillingar, men det er tatt inn vikarar.

Kultur: Tal stillingar er redusert gjennom året i samsvar med program for berekraftig økonomi.

Utfordringar

Det har over tid vore ei stor utfordring innan teknisk sektor å rekruttere ingeniørar med relevant kompetanse og folk med fagbrev. Innanfor teknisk sektor konkurrerer kommunen med privat sektor om den same arbeidskrafta. Framover ser vi at utfordringane knytt til rekruttering blir endå større noko som kan få konsekvensar for dagleg drift.

Stort arbeidspress over tid knytt til Stad skipstunnel har gått utover tenesteleveranse overfor private utbyggjarar , særleg gjeld dette plan, byggjesak og kommunalteknikk. Nedtak i bemanning som del av program for berekraftig økonomi forsterkar at privat næringsliv opplever at sakshandsamarar er mindre tilgjengelege.

Kommunalteknikk

Eininga har fleire stillingar ledige stillingar og i ein liten arbeidsstokk er ein særleg sårbar for sjukefråvær. Arbeidet som skal utførast krev fagkompetanse og det er vanskeleg å sette inn vikarar i stillingar som også har beredskap/vakt.

Arbeidstidsbelastning på einingsleiar, og fagleiar på VAO har i periodar vore for høg då program for berekraftig økonomi har kravd store ressursar. Arbeidet med Stad skipstunnel har krev mykje av eininga (einingar/fagleiar) i 2025. Eininga har gjennom heile året jobba tett med Kystverket kring utbyggingsavtaler og planlagt førebuande arbeid i forkant av oppstart tunnelprosjektet.

Eigedom

Stad kommune sine bygg ber etterkvart preg av store manglar på vedlikehald. Reduserte budsjett gjer at det er vanskeleg å halde tilstrekkeleg vedlikehald av formålsbygg og bustadar.

Det har over tid vore vanskeleg å rekruttere tilstrekkeleg med reinhaldspersonale til tenesta, noko som får konsekvensar for tenesteleveransen ut til brukarar.

Plan og forvaltning

Stad skipstunnel krev fortsatt mykje av eininga med førespurnadar om endring av planar. Endringar krev omfattande ROS analysar og konsekvensanalysar innanfor alle fagområde.

Sidan Stad kommune ikkje har ein oppdatert arealdel(KPA) har vi ein del arealplanar som blir svært krevjande og som tar mykje ressursar. Dette er utfordrande i ei tid der vi har redusert bemanninga på plan og forvaltning.

I tillegg ser ein at det er lite kapasitet til å følgje opp ulike ureiningssaker.

Brann, redning og førebygging

Arbeidet med å lukke avvik knytt til ROS-analysen som blei lagt fram i 2023 er i gang, men ikkje slutført. Det er særleg leiar beredskap som må kome på plass.

Kultur

Det skjer svært mykje godt utviklingsarbeid i eininga. I 2025 blei frivillig-sentralen på Nordfjordeid samlokalisert med biblioteket. Biblioteket fekk eksterne midlar og har oppgraderte areal(arealutvikling). Eininga har likevel vore prega av ned bemanning og reduksjon av tenester på andre områder.

Spesielle tilhøve

Det som gjeld spesielle tilhøve, kjem fram i kapitla "Om verksemda" og "Utfordringar".

Avvik

Tal avvik pr. måned	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Totalt
Kultur og samfunn	4	3	1	1	4	0	3	0	3	2	1	1	23

Talet avvik knytt til kategoriar er høgare enn samla avvik i perioden. Årsaka til dette er at det er mogleg å knyte eit avvik til fleire kategoriar.

Avvik fordelt på kategori	tal avvik
Helse Miljø og Tryggleik	16
Organisasjon/internt	6
Personvern / Informasjonssikkerheit GDPR	2
Teneste - tenestemottakar	9
Ytre miljø	2
Totalt	35

Kommunalteknikk

Det er meldt 5 avvik i 2025: 3 med låg konsekvens, 2 med middels, og 1 med høg alvorsgrad. 4 av desse er knytt til HMS, 1 til organisasjon. 1 er framleis ikkje lukka. Dette gjeld asbest prosedyre og uttale frå AMU.

Plan og forvaltning

Det er registrert enkelte avvik på brot på sakshandsamingsfrist på byggjesak, men ingen vesentlege eller alvorlege avvik.

Brann, redning og førebygging

Ingen nye avvik

Eigedom

Det er meldt 5 avvik i 2025: 1 med låg konsekvens, 2 med middels, og 2 med høg alvorsgrad. 3 er lukka i eigedom og 2 fordelt andre einingar. 2 av desse er knytt til HMS og 3 mot tenestemottaker. Alle er lukka.

Tilsyn år 2025:

Branntilsyn: 1 på Myroldhaug

El tilsyn: 3 (Sunnivabygget, Selje skule og Gjerdane bhg)

Miljøretta helsevern tilsyn: 0

Laft oppdrag utført i 2025 i Eigedom:

Januar: 276 fullførte arbeidsordre

Februar: 181 fullførte arbeidsordre

Mars: 221 fullførte arbeidsordre

April: 162 fullførte arbeidsordre

Mai: 186 fullførte arbeidsordre

Juni: 200 fullførte arbeidsordre

Juli: 140 fullførte arbeidsordre

August: 244 fullførte arbeidsordre

September: 240 fullførte arbeidsordre

Oktober: 229 fullførte arbeidsordre

November: 221 fullførte arbeidsordre

Desember: 269 fullførte arbeidsordre

Kultur

Det var meldt 3 avvik i 2025.

To som gjaldt ein krevjande brukar og eitt som gjaldt manglande varsling til tilsett om ureina drikkevatn.

Varsling

Det er ikkje meldt varsling i 2025 i Kultur og samfunn.

Klagesaker

Plan og forvaltning

Eininga si handsaming eller førebuing av klagesakar gjeld i hovudsak plan- og byggjesak.
For 2025:

- Plan - 11 klager
- Byggesak - 9 klager

Vedlegg

KOSTRA 2025 - Fordeling innbyggjarar fordelt i aldersgrupper


KOSTRA og nøkkeltal 2025

Behovsprofil og inntektskriterier

	Stad 2024	Stad 2025	Gloppen	Stryn	Sunnfjord	Volda	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Dekningsgrad								
Andel med innvandrerbakgrunn (prosent)	12,2 %	12,6 %	13,9 %	22,4 %	13,6 %	14,6 %	14,4 %	19,8 %
Levekår								
Indeks berekna utgiftsbehov	1,091	1,078	1,159	1,078	1,011	1,031	1,072	1,011
Indeks innb. 0 år		1,036	0,810	0,852	1,100	0,985	0,859	0,962
Indeks innb. 1-5 år		1,037	1,072	0,941	1,094	1,047	0,925	0,995
Indeks innb. 13-15 år		1,020	1,008	1,100	1,167	1,005	0,970	1,026
Indeks innb. 16-22 år	1,019	1,029	1,140	1,112	1,153	1,232	0,950	1,016
Indeks innb. 23-24 år		0,916	0,976	0,913	0,994	1,424	0,896	0,970
Indeks innb. 25-66 år		0,918	0,876	0,935	0,946	0,911	0,948	0,982
Indeks innb. 6-12 år		1,066	1,092	1,084	1,092	0,981	0,961	1,018
Indeks innb. 67-79 år	1,153	1,198	1,258	1,113	1,007	1,071	1,263	1,044
Indeks innb. 80-89 år	1,317	1,241	1,321	1,201	0,934	1,173	1,295	1,048
Indeks innb. over 89 år	1,433	1,438	1,564	1,178	0,958	1,351	1,241	1,032


**) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov

Dekningsgrad - Andel med innvandrerbakgrunn (prosent)



	2022	2023	2024	2025
Stad	11,5 %	12,0 %	12,2 %	12,6 %
Gloppen	12,0 %	13,0 %	13,5 %	13,9 %
Stryn	20,3 %	21,2 %	21,8 %	22,4 %
Sunnfjord	11,3 %	12,4 %	13,1 %	13,6 %
Volda	12,1 %	13,6 %	14,2 %	14,6 %
Kostragruppe 02	12,1 %	13,5 %	14,1 %	14,4 %
Landet uten Oslo	17,7 %	18,7 %	19,3 %	19,8 %

Levekår - Indeks berekna utgiftsbehov



	2022	2023	2024	2025
Stad	1,089	1,081	1,091	1,078
Gloppen	1,161	1,170	1,181	1,159
Stryn	1,098	1,097	1,090	1,078
Sunnfjord	1,042	1,037	1,031	1,011
Volda	1,029	1,028	1,043	1,031
Kostragruppe 02	1,059	1,061	1,071	1,072
Landet uten Oslo	1,012	1,012	1,013	1,011